

Kapittel 3

GEOGRAFISK OG SOSIAL VARIASJON

IVAR BERG, EDIT BUGGE, UNN RØYNELAND OG HELGE SANDØY

Dette kapitlet tek føre seg utviklingsliner i det norske dialektlandskapet – frå 1200-talet og inn på byrjinga av 2000-talet med vekt på både geografiske og sosiale skilje. I løpet av dei tre-fire første hundreåra av denne perioden rekner ein gjerne med at dei fleste av hovudskilnadene mellom dei ulike dialektområda var etablerte. Kjeldegrunnlaget for studiar av talemål i dette lange tidsrommet er naturleg nok svært variabelt; fram til utpå 1900-talet må vi basere oss berre på skriftleg kjeldemateriale. Nettopp tilgangen på kjelder gjer òg at sjølve analysen av utviklinga i nyare tid kan bli meir variert, og vi har betre føresetnadar for både å forstå og forklare dei språklege endringane som går føre seg. Så medan dei tre første bolkane av den grunn legg mest vekt på geografiske tilhøve, trer dei sosiale dimensjonane meir i framgrunnen i dei to siste.

Bolk 1 er skriven av Ivar Berg.

Bolk 2 og 3 er skrivne av Helge Sandøy.

Bolk 4 er skriven av Edit Bugge.

Bolk 5 er skriven av Unn Røyneland.

1 Tida fram til 1600

I denne bolken skal me sjå korleis dei norske dialektane voks fram frå det me reknar med var eit nokså einskapleg norsk språk på 1200-talet, til hovudskilja mellom dei moderne dialektområda stort sett var etablerte ikring 1600. Det finst knapt direkte merknader om språkbruk og dialektar frå denne perioden, så me må slutta frå dei skriftlege kjeldene. Dei viser nokre geografiske skilje allereie i gammalnorsk, men mange av dei sentrale målmerka me brukar for å dela inn norske dialektområde, voks fram i løpet av seinmellomalderen. Framstillinga her held seg til utvalde delar av ljod- og formverket, sidan syntaksen ikkje ser ut til å ha endra seg særleg før seinare – og den kjende syntaksgeografiske variasjonen i nyare tid er vanskeleg å sjå i eldre kjelder (jf. 11.2 i kap. 4 i NSH I).

Skrift med det latinske alfabetet var ein reiskap for ein svært liten del av folket, i all hovudsak geistlege, sjølv om andre òg har sett skriftlege far etter seg mot slutten av perioden. Det finst nokre meir folkelege runeinnskrifter, men materialet er lite. Sidan det i hovudsak berre var eitt sosialt lag som skreiv, vert det vanskeleg å seia mykje om sosial variasjon, men nokre freistnader kjem under 1.5.

1.1 Kjeldegrunnlaget

I høg mellomalderen hadde Noreg ein variert litteratur, med historiske og religiøse verk og omsetjingar til norsk av utanlandsk litteratur. Denne verksemda tok slutt, og frå seinmellomalderen har me ikkje forteljande tekstar på norsk (Hagland 2005 b). Kjeldene til denne perioden er mest *diplom*, dokument med stort sett juridisk innhald knytt til rettsstell, eigedom, arv og liknande. Mange av diploma er vitnebrev, der ei rad menn seier at dei var til stades og såg og høyrde at ein avtale (ofte ein gardhandel) vart inngått. Dei fleste slike tekstar som er kjende i dag, er utgjevne i *Diplomatarium Norvegicum*. Nedanfor er sitat derifrå merkte med “DN” fylgt av band (med romartal) og diplomnummer, dinest stad (dagens kommuneinndeling, eventuelt meir eksakt opplysning i parentes) og årstal. Omfram diploma finst det nokre *jordebøker*. Dette er oversyn dei store jordeigarane sette opp over eigedomane sine og kor mykje kvar gard skulle betala i landskyld. Jordebøkene har lite fri tekst, men namneformene kan gje informasjon om språkutviklinga.

Me har nokre runeinnskrifter fram til slutten av 1300-talet. Runeskrifta fylgde ikkje den same skrivetradisjonen som bokskrifta og var i alle fall for ein del

skrivne av folk som ikkje kjende den tradisjonen, så innskriftene kan syna tidlege døme på språkendingar og vera til hjelp i tidfestingar.

På 1500-talet aukar både mengda kjelder og variasjonen i dei, men det som kjem til, er for det meste skrive på dansk og fortel lite om norsk talemål, jamvel om norske namneformer i danske tekstar somtid vitnar om dialektutviklinga. Det einaste som framleis vart skriva på norsk langt ned på 1500-talet, var tradisjonelle vitnebrev om gardhandlar ute på bygdene; særleg er det mange slike frå Vest-Telemark og indre Agder (kap. 4 og 5 i NSH IV har grundigare oversyn over kjeldene).

1.2 Metodiske utfordringar

Skriftlege kjelder kan aldri reknast som fullgode attgjevingar av talemål. Ei utsegn av Amund B. Larsen (1897: 244) vert ofte sitert: “[M]an har stræbt at skrive som man havde lært, ikke som man talte.” Den fyrste som skriftfeste norsk med det latinske alfabetet, prøvde nok å skriva slik han snakka, med dei ljodverdiane for bokstavane som han kjende frå latin og kanskje gammalengelsk – det latinske alfabetet kom til oss frå England (Seip 1954 b). Men snart utvikla det seg skrive-tradisjonar. Når me ser etter variasjon mellom tekstar frå ulike geografiske område, må me difor alltid tenkja på at variasjonen like så vél kan vera mellom ulike tradisjonar eller skriveskular som mellom ulike dialektar.

I motsetnad til handskriftene, som er avskrifter av eldre førelegg, har diploma den føremonen at dei er originalar og vanlegvis dagsette og heimfeste. Me veit altså *når* og *kvar* diploma er skrivne. Men dei er med få unntak anonyme, så me veit ikkje *kven* som skreiv dei, kvar skrivaren var frå, eller kvar han hadde lært å skriva. Sidan det stort sett var prestar som kunne skriva, reknar ein gjerne med at dersom ein prest er nemnd mellom utferdarane av eit dokument, var det òg han som førde det i pennen.

Sidan *utferdaren*, den som formelt er ansvarleg for dokumentet, og *skrivaren* ikkje treng vera den same, er det vanskeleg å sortera diploma etter sosial klasse. Utferdarar frå alle klassar kunne overlata skrivinga til andre, og skrifvarane fylgde si eiga tilvande rettskriving uansett utferdar (Pettersen 1975: 66). Særleg vandt er det å skilja mellom prestebrev og bondebrev, sidan bøndene oftast fekk ein prest til å skriva for seg. Magnus Rindal (1989: 137, med tilvisingar) viser til at desse problema gjeld “generelt for det gammal- og mellomnorske diplommateriale”, men peikar òg på at det somtid kan “påvisast samanheng mellom språkleg variasjon og utferdarmiljø”. Endre Mørck (1999) drøftar problema og gjev døme på at ei sortering etter utferdarane, i alle fall når han tek bort ein del tekstar med potensielle feilkjelder, viser skilnader mellom brev utferda av ulike sosiale grupper langs eit kontinuum frå kongebrev til bondebrev (sjå 1.5.2). Men me kan ikkje alltid vita

om denne variasjonen er eit reint skriftfenomen eller viser til talemålet åt dei involverte.

Me reknar med at dei fleste endringane frå gammalnorsk til nynorsk skjedde i løpet av den perioden som er dekt her. Ein god del nokså spesielle trekk som skil moderne dialektar, kan identifiserast i tekstar frå 1400- og 1500-talet, slik at hovuddialektområda var etablerte før 1600. Sidan har mindre endringar ført til det lappeteppet me kjenner frå tradisjonelle dialektar i nyare tid (sjå neste bolk).

Målet her vert å spora denne dialektkløyvinga i kjeldene og freista å tidfesta endringane, og eit gjennomgåande tema i det fylgjande vert korleis me kan slutta frå dei skriftlege formene til talemålsutviklinga. Per Nyquist Grøtvedt (1940: 103) skriv at “[d]e beste holdepunkter for dialektavvik er de skrivemåter som ikke hører hjemme i noen slags skriftspråktradisjon.” Om ei form finst i eldre norsk skriftspråk, kan ho vera henta derifrå, og likeins kan former som finst i svensk eller dansk, vera skriftlege lån. Men dersom ei form ikkje finst i nokon skriftspråktradisjon, men derimot er kjend frå seinare dialektar, er det all grunn til å rekna med at det er talemålet åt skrivaren som stikk fram. Eit anna teikn på endringar er såkalla omvende skrivemåtar eller hyperkorreksjonar. Ikring 1400 ser me ofte at preposisjonen *til* vert skriven *þil*. Det er eit teikn på at ljoden [θ] ikkje fanst lenger. Skrivaren veit at ein del ord han uttalar med [t], skal skrivast med *þ*, men sidan han ikkje kan stø seg på uttalen, gjer han feil og set inn *þ* i ord der bokstaven aldri har ått heime.

Skriftlege døme på språklege endringar som har gjeve skilja mellom moderne dialektar, gjev såkalla terminus ante quem for endringane; dei må ha skjedd i den relevante dialekten før dei kjem fram i skrift. Med “moderne” meiner me her dei eldste kjende dialektane; når ein skal trekkja linene attover, må ein starta der. Heilt viss kan ei slik undersøking aldri verta, blant anna fordi skrivarane kunne flytta på seg og dialektgrensene kan ha endra seg i seinare tid. Dessutan kunne skrivarar den gong som no gjera feil. Difor må dei skriftlege døma stø seg på og kontrollast mot strukturelle resonnement om moglege utviklingar. Særleg i ljo-
dutviklinga er det mogleg å setja opp rekkjefylgja av mange endringar, såkalla relativ kronologi. Når dette kan koplast til skriftlege døme, kan ein nå fram til absolute dateringar.

1.3 Geografisk variasjon i gammalnorsk

Den som har gjort det grøvste arbeidet med å kartleggja den geografiske variasjonen i gammalnorsk, er Marius Hægstad i *Gammelt Trøndermaal* (1899 a) og serien *Vestnorske Maalføre fyre 1350* (1906–1942); Rindal (1984) gjev ei til dels kritisk vurdering av arbeidet. Hægstad fekk aldri teke føre seg austlandsk. Det gjorde D.A. Seip i ymse samanhengar (i artiklar og mindre stykke, han gav aldri ei anna

samla framstilling enn det som er teke med i Seip 1955), men mange av resultatata hans er problematiske på grunn av metodiske lyte i arbeida og den tydelege språkpolitiske baktanken hans (Hødnebo 1971). Seinare har andre forskarar bidrege til å fylla ut kartet, særleg for austlandsk (meir i kap. 4 i NSH IV). Resultatet av dette arbeidet er ei grovinndeling som i stort svarar til situasjonen slik me kjenner han frå nyare tid. Ein kan setja opp eit hovudskilje mellom aust- og vestnorsk, med nokre underområde:

- Austnorsk: trøndsk, nordaustlandsk, søraustlandsk
- Vestnorsk: nordvestlandsk, sørvestlandsk

Områda er viste litt omtrentleg i kart 1. Hægstad ville skilja ut målet i Rogaland for seg, men det saknar truleg grunnlag i dei skriftlege kjeldene (Rindal 1984: 178). Når nordnorsk er utelate her, kjem det rett og slett av mangel på kjelder. Det er så lite att av det som eventuelt vart skrive i Nord-Noreg i mellomalderen, at ein ikkje kjem lenger enn det ein kan slutta av seinare dialektar. Vilhjelm Riksheim (1921: 4) finn berre 22 “håloygske” diplom før 1550, og ingen eldre enn 1321. Rindal (1989) har med to andre diplom frå Nord-Noreg, og attåt kjem i minsto DN II 646, Trondenes 1418. Kjeldegrunlaget er likevel så tunt at det ikkje kan seiast mykje om nordnorsk i det fylgjande.

1.3.1 Dialektskilje i gammalnorsk

Det er stort sett fonologiske drag som skil dei ymse områda frå kvarandre (Hagland 2013 a: 616–623 gjev eit oversyn). Eit tradisjonelt målmerke har vore markering av u-omljod før ståande *u*, altså former som dat. pl. *allum* ~ *ollum* ‘alle’. Tekstar frå Trøndelag og Nordaustlandet vil normalt ikkje markera omljod i slike tilfelle, medan andre norske tekstar har *o* i slik stilling, søraustnorsk dels *av* (*ʌ*) eller *ou*. (Teiknet *ø* i normalortografien er sjeldsynt i norsk (Seip 1954 b: 24, 78)). Dette vitnar nok meir om skrifttradisjon enn om dialektskilje, for seinare dialektformer tyder på at dialektane der dette ikkje er markert i tekstar frå mellomalderen, òg har hatt u-omljod (Larsen 1908).

Nokre konsonantgrupper ser ut til å skilja mellom aust- og vestnorsk. Såleis finn ein helst *mn/ft/fs* i aust, *fn/pt/ps* i vest i ordpar som *namn* ~ *nafn*, *eftir* ~ *eptir*, *refsing* ~ *repsing*. Det er likevel mykje variasjon i handskriftene, og skrivemåtar som *namfn* og *nampn* viser at det har vore uvisse om korleis konsonantgruppa skulle gjevast att i skrift; kanskje kan dette tyda på ein uttale som *[naβn]. Neittingspartikkelen var anten *ó-* eller *ú-*, slik at trøndsk og tilgrensande strok av nordvestlandsk og nordaustlandsk oftast hadde *ó-* (som islandsk og færøysk), medan norsk elles hadde *ú-* (Hægstad 1907: 148, 1915: 21–23, 114). Denne



Kart 1: Dialektområde i gammalnorsk. Dette kartet er òg brukt i kap. 4 i NSH IV. (Kart: Ellen Jepson, Stavanger. Kartet er oppsett etter utkast av Odd Einar Haugen og med namneformer ved Inge Særheim frå eit tilsvarande kart brukt i *Handbok i norrøn filologi*, 2. utg., ved Odd Einar Haugen (Bergen: Fagbokforlaget, 2013).)

isoglossen finn me att i moderne dialektar i ordpar som *oven* ~ *uven*, men området med *o-* har skrokke i nyare tid.

I vestnordisk fall /w/ framom /r/ ikring år 1000 (rim i skaldekvad viser at /w/ heldt seg såpass lenge), men dette skjedde ikkje i sørøstlandsk. Difor svarar stadnamn som *Vrådal* i Kviteseid til *Rådal* andre stader i Noreg.

Synkopetida lét etter seg ein del konsonantsamband med det ein kan kalla disharmonisk stavingsstruktur i endinga, der det seinare utvikla seg ein velljodsvokal (eller svarabhaktivokal, sjå 5.1 i kap. 2 i NSH I). Dei eldste døma er på ein mynt frå 1067–1069 og nokre runeinnskrifter eldre enn 1100 (Indrebø 2001: 116), t.d. N28 **aumutær** *Auðmundr*, men enno på 1300-talet vart slik vokal langt frå alltid skriven i runeskrift (Spurkland 1991: 192f.). I det meste av norsk var han *e*, slik at *ákr* (eldre *akr*) og *bókr* vart til *áker*, *bóker*. Men Voss og Hardanger fekk *u* (som islandsk og færøysk), og eit område vest for Oslofjorden (omtrent Telemark) fekk *a*. Desse områda fekk då høvesvis *ákur*, *bókur* og *ákar*, *bókar*. Innskotsvokalen kom òg inn før bøyingsendinga *-r* i m. nom. sg. (sjå 1.4.5).

Austnorsk og særleg søraustlandsk fekk allereie på 1200-talet det som er kalla progressiv i-omljod, altså at /a/ som står rett etter /j/, vert fremja og skriven *æ* eller *e*. Det gav skilje som *jafn* ≠ *jæmn*. I tekstar frå Austlandet frå sist på 1200-talet og framover byrjar me dessutan å sjå utslag av den såkalla jamveksregelen, slik at endingsvokalen /a/ vert skriven *æ* eller *e* etter lang staving. Dette breier seg ikkje i kjeldene før etter det me tradisjonelt kallar gammalnorsk tid, og vert hand-sama nedanfor.

1.3.2 Konservative og innovative dialektar

Alle norske dialektar endra seg mykje i løpet av seinmellomalderen, men utviklinga gjekk ikkje like fort alle stader. Dette gjorde dialektstilja annleis og kanskje på somme vis større på 1400-talet enn i dag. Eit godt døme på ulikt tempo i utviklinga er den grammatiske forenklinga. Allereie i gammalnorsk tid byrjar eintalsformene av verb å falla saman (Kjartan Ottosson 2003; 2.pers preteritum av sterke verb er eit unntak, der heldt *-t* seg lenge), og utover 1300-talet ovrar endringar i kasussystemet seg i kjeldene i form av døme som ikkje fylgjer tradisjonell gammalnorsk grammatikk. Likevel viser tekstar frå Vest-Telemark eit tradisjonelt system med fire kasus heilt ned til 1500 (Wetås 2008). Dersom dette galdt talemålet òg, må det ha skapa eit merkande skilje mellom vesttelemålet og dialektane ut mot kysten, der det var meir trafikk og språkkontakt som gjerne fører til språkleg endring.

Ulikt utviklingstempo i ulike delar av målvaldet må me altså ha i bakhovudet i det som fylgjer. Særleg er det dei sørlege “sjømåla”, som dei somtid er kalla, på Austlandet som endra seg mest og tidlegast og i mangt fylgjer utviklinga i Sverige og Danmark. Mange av endringane som skjedde tidleg i desse områda, er typiske resultat av dialektkontakt, som forenkling og utjamning i bøyingsystemet.

Stort sett vil me rekna med at det var dialektane lengst frå trafikkårene langs kysten som var mest konservative og endra seg seinast; i praksis vil det seia dei inste fjordbygdene på Vestlandet og fjellmåla frå Setesdalen og nordover til indre Trøndelag. Men heilt einfelt er ikkje dette biletet, for dei dialektane som har halde

på mykje av det gamle og er konservative i den forstand, kan samstundes ha særprega innovasjonar. Særleg har Midt-Skandinavia vore eit sentrum for fonologiske innovasjonar som palatalisering og jamning (sjå nedanfor).

1.4 *Dialektkløyvinga i seinmellomalderen*

Dei fyrste tendensane til oppsplittinga i åtskilde dialektar går altså attende i alle fall til 1200-talet. Dei verkeleg store endringane som kan seiast å endra sjølve språkstrukturen, kjem likevel noko seinare. Her kan me ikkje ta opp alt som skil norske dialektar, men brukar tid på ein del målmerke som viser tydelege geografiske skiljeliner.

1.4.1 *Kvantitetsomlegginga*

Kvantitetsomlegginga byrja i mellomalderen og går langt opp mot vår tid. Nedanfor skal me sjå på ei rekkje endringar som er avhengige av den gammalnorske kvantiteten, så det er viktig å klårleggja dette tilhøvet tidleg (meir utførleg i 5.2 i kap. 2 i NSH I; me fylgjer her meir tradisjonell terminologi).

I gammalnorsk kunne trykksterke stavingar vera stutte (stutt vokal + stutt konsonant), normallange (stutt vokal + lang konsonantisme eller omvendt) eller overlange (lang vokal + lang konsonantisme). I kvantitetsomlegginga vart stutte trykkstavingar lengde, medan dei overlange vart stytte. Difor vart inf. *koma* til /ko:ma/ eller /kom:a/, medan *sótt* vart til /sot:/. I ljodskrift av moderne norsk er det vanleg å markera lengd berre på vokalen, der den fonemiske lengda ligg, men denne bolken tek til før dette systemet vart gjennomført, så her skal me markera lengd både på vokal og konsonant. Stort sett har målføre i vest og sør langt vokalen (i einstava substantiv som *vit* > /ve:t/), medan dei i nord og aust (og bergensk) har langt konsonanten (t.d. *vit* > /vet:/); nordnorsk kan ha bae delar. Det er nokre unntak frå dette mønsteret avhengige av dei fonologiske omgjevnadene, t.d. er /a/ i stuttstava ord alltid lengd, og i tostavingsord er vokalen lengd på Austlandet òg.

Nord-Gudbrandsdalen har framleis stuttstavingar, og i jamvektsord har dette halde seg lenge andre stader òg; einstavingsord vart lengde før tostavingsord (jamfør t.d. Christiansen 1946–1948: 119f.; meir i 2.4.1 nedanfor). Målet i Tinn heldt på stutt rotstaving, men lengde derimot utljodsvokalen i jamvektsord som /vikʷ:/, og Hallfrid Christiansen (1946–1948: 132) føreslår at utviklinga der har stoppa på eit steg som tidlegare har gått mykje vidare i austnorsk (jf. 1.4.2 om jamning).

Det er ikkje så beinast å tidfesta kvantitetsomlegginga, sidan eldre tekstar ikkje markerer lengd systematisk. Seip (1955: 115) og Knudsen (1967 a: 23) meinte omlegginga starta allereie på 1200-talet, men det er viktig å skilja mellom ulike stavingstypar, sidan omlegginga var ein prosess som gjekk føre seg over lang tid (jf. 2.4.1). Det kan sjå ut til at vokalen i overlange stavingar til dels vart stytt svært

tidleg, såleis nøytrum *gott* av *góðr* allereie i gammalnorsk (Noreen 1923: § 127; Indrebø 2001: 209). Slik tidleg stytting forklarer ei form som /nat:/ < *nátt* utan den vanlege rundinga av /a:/ (Indrebø 2001: 114), men har ikkje vore ålmenn, sidan forma /not:/ finst somme stader.

Lang /a:/ vart runda til /ɔ:/ i gammalnorsk. Eldre forskarar tidfeste denne endringa til om lag 1200 (då /a:/ fall saman med u-omljodsproduktet /ɔ:/), men på tunt grunnlag (Halvorsen 1984). Det vart skrive *a* for samanfallsproduktet, og Ingeborg Hoff (1978: 135) meiner rundinga tradisjonelt er sett for tidleg og ikkje skjedde før ned mot 1300. Runeinnskrifter tyder heller ikkje på at vokalen var rund på 1200-talet (Spurkland 1991: 161–165, 276). Fordi overgangen er avgjerande for den relative kronologien i andre endringar, påverkar dette andre tidfestingar òg (jamfør t.d. Seip 1955: 147). Lenginga av vokalen i ord som /ma:t/ < *matr* må vera yngre enn rundinga av /a:/ til /ɔ:/, elles skulle det vorte */mɔ:t/. Dersom me godtek at rundinga av /a:/ ikkje skjedde før ikring 1300, medfører det at vokalen i einstavingsord som *matr* heller ikkje kunne lengjast før på 1300-talet.

1.4.2 Jamvektsregelen og vokalreduksjon

Hovudskiljet mellom norske dialektområde vert ofte trekt etter jamvektsregelen (eller -lova). I austnorsk har gammalnorske tostavingsord med *stutt* rotstaving halde på fullvokal i endinga fordi dei to stavingane hadde jamt stavingstrykk (jamvekt), medan ord som i gammalnorsk hadde *lang* rotstaving har fått redusert endingsvokal, anten ein e-ljod (ofte schwa, [ə]) eller fullstending bortfall (apokope). Dette gjeld mest typisk infinitiv og linne substantiv: gammalnorsk *sofa*, *kasta*; *fura*, *síða* > austlandsk *sova*, *kaste*; *furu*, *sie* eller trøndsk *såvvå*, *kast*; *furru*, *si*.

Denne vokalreduksjonen er grei å fylgja i kjeldene, der han viser seg sist på 1200-talet på Austlandet, noko seinare i Trøndelag (Indrebø 2001: 130). Då kan me finna endingsvokalen /a/ skriven *æ* etter lang staving, men *a* etter stutt, t.d. *sendæ* ~ *vera*. På Helgeland og i Rana er det restar etter jamvekt, og sidan det ser ut som jamvektsregelen har spreidd seg frå sør mot nord, har endringa truleg skjedd der noko seinare.

Jamning

Jamning er ein assimilasjonsprosess der rot- og endingsvokalen vert meir eller heilt like, kalla høvesvis tiljamning og utjamning. Der reduksjon etter jamvektsregelen har verka, har vokalane i jamvektsorda òg vorte jamna i større eller mindre grad. Kjerneområdet for denne utviklinga er indre delar av Trøndelag og Aust-Telemark med full utjamning i alle slag jamvektsord, medan ytterområda har tiljamning. Det er elles likt til at det i eldre tid var jamning i eit større område enn me kjenner frå moderne dialektar (Larsen 1976 a: 339 og *passim*). Gardsnamn både

i Vestfold og Østfold viser spor av jamning, t.d. *Gutu* (< gno. obl. *gōtu*) i Sande (NG 6: 37), *Skåtan* (< **skātān* < gno. akk. *skatann*) i Hedrum i Larvik (NG 6: 361), *Gåpåru* (< gno. *gaparud*) i Trøgstad (NG 1: 11) og *Brånan* (< **brånān* < gno. akk. *branann*) i Råde (NG 1: 329). (Namneformene her fylgjer uttaleopplysningane i NG.) Sjå elles Hoff (1946: 62–66) om jamning i Østfold.

Utjamning til *å* – *ǎ*, t.d. inf. *våttå* < *vita*, har vore forklart med at utljodande *a* i jamvektsord har vorte lengd, runda i lag med opphavleg /a:/, og så verka regresivt på rotvokalen (såleis t.d. Seip 1955: 111). Som nemnt i 1.4.1 er det spor etter slik lenging av utljodsvokalen i Tinn, der det er full utjamning på *å* – *ǎ* (Christiansen 1946–1948: 133). Teorien føreset då at slik lenging har vore vanleg i det gamle jamvektsområdet. I dag reknar dei fleste heller med at då /a/ etter lang staving vart redusert, vart /a/ etter stutt staving i staden identifisert med eit anna fonem, nemleg /ɔ/, fylgt av jamninga (jf. 6.2.3 i kap. 2 i NSH I). Tomas Riad (1992: 203–213) legg dessutan vekt på at “strengthening” av /a/ til /ɔ/ i jamvektsord var ein sjølvstendig prosess uavhengig av reduksjonen etter lang staving; i svensk er slikt styrking til /ɔ/ dokumentert frå andre halvta av 1400-talet med skrivemåtar.

Jurij Kusmenko (2008: 283–310) set jamninga i samband med samisk metafofi som eitt av fleire språkkontaktfenomen frå mellomalderen, eit anna er jamvektsprinsippet i det heile (sjå bolk 2 i kap. 6 i dette bandet). Metafofi er ein regressiv vokalassimilasjon i samiske språk og er sterkast i sørsamisk; den verkar på same måte som jamning. Særleg i Telemark verkar samisk påverknad på norsk lite truleg, men kanskje kan ein rekna med uavhengige prosessar i dei to intensitetsområda for jamning. Det springande punktet i framlegga frå Kusmenko er om dei språksosiale tilhøva har gjort slik påverknad mogleg, og spørsmålet om kontakten mellom skandinavar og samar har vore tett nok, er vel framleis ope.

Larsen (1976 a: 358f.) meiner jamning er “meget almindelig i 15de aarhundredes skrift”, jamvel om skriftspråket til dels “har skjult det talte sprog”. Alle døma hans er ikkje like pålitelege; *vara* (for *vera*) kan til dømes vera analogisk etter fortidsformene eller påverka av labialen framom, men døma på nom. *kono* og t.d. *gumul* < *gōmul* i DN V 830, Oslo [1460?] kan visa talemål med jamning. Etter språkskiftet til dansk kunne fullt utvikla målføreformer verta lånte inn i skriftspråket (alle døma frå ikr. 1530): *tucku* ‘bygsel, leige’ < *taka* (obl. *tōku*) (DN XI 580), *hugud* (pl.) < *hōfuð* (DN X 670; ordet viser samstundes intervokalisk /f/ > /g/, jf. *skolestuige* ‘skulestove’ i DN X 671 og Larsen 1976 b: 85) og stadnamna *Asguttu* < *-gata* (obl. *gōtu*) og *Vuku* < *vaka* (obl. *vōku*) (Olav Engelbrektssøns jordebog: 51, 63).

Uavhengig av skriftdøma frå 1400-talet kan me rekna med at jamninga oppstod nokså tidleg i talemålet. Etter argumentasjonen hans Arne Torp (kap. 6 i NSH IV) må jamninga vera eldre enn kasussamanfallet. Linne feminina viser

somme stader ei veksling $o - o \sim u - u$ i utjamninga avhengig av den gammalnorske vokalharmonien. Til dømes heiter det i inntrøndske dialektar *vukku* < obl. *viku*, men *hosso* < obl. *hoso*. Fleire stader i Trøndelag finst stadnamnet *Dulum* (eller *Dølløm*), som må vera ei jamningsform av dativ fleirtal *dolum* som har skilt seg frå grunnordet *dalr* før lenginga /a/ > /a:/ (dat. pl. er i dag /da:ɾom/). Det er liten grunn til å sjå slike trøndske former som anna enn leksikaliserte minne om vokalharmoni, som stivna i denne forma då prinsippet om vokalharmoni vart avvikla (Hagland 2009, som argumenterer mot Hægstad 1908). Vokalharmonien held seg godt minst opp til 1350 i nordaustlandsk (Rindal 1981: 74), og har fulla halde seg lengst i jamvektsord. Men han måtte falla bort i langstava ord når endingsvokalen der vart redusert, og det skjer som nemnt litt ut på 1300-talet i Trøndelag, noko tidlegare på Austlandet, og mykje lenger kan vokalhamoni neppe ha vore eit verksamt synkront prinsipp.

Generell vokalreduksjon

Det er to åtskilde område der utljodande endingsvokalar ålment er reduserte til *-e* uavhengig av kvantitet: Nordvestlandet og Sørlandet (og synste luten av Østfold). Helge Sandøy (2011 c: 112f.) meiner reduksjonen i utljod var gjennomført i romsdalsk i fyrste halvdel av 1400-talet. Dette høver tolleg bra med tidfestinga hans Hægstad (1907: 21, 144) for nordvestlandsk, men Hægstad legg til at *-a* vart redusert før *-u*, som fylgde etter på 1400-talet. Om lag same tidfesting gjeld det sørlege e-målet. Hægstad (1916: 111; jf. Sørli 1945: 40) meiner reduksjonen av *-u* på Agder ikkje tok til før ikring 1400 og neppe var fullført før på 1500-talet; heller ikkje døma han gjev på *-a* > *-e* frå dette området er mykje eldre. I Bergen er vokalreduksjonen både eldre og meir gjennomført; der går han heilt attende til eldste handskrifttida ikring 1200 (Sørli 1945).

Apokope

Den mest konsekvente reduksjonen er apokope, fullstendig bortfall av endinga. I trestavingsord går dette vidt i Noreg, t.d. i bunden form fleirtal av substantiv (*hes-tan'*) og komparativ- og superlativformer av adjektiv (*finar'*, *den finast'*). Apokope av tostavingsord finst i overvektsord i trøndsk og meir ålment i nordnorsk med eit sentralområde i Salten og delar av Lofoten (Christiansen 1946–1948: 185–194). Skilnaden mellom trøndsk og nordnorsk apokope forklarar Christiansen med at han i trøndsk var avhengig av ordrytmen, i nordnorsk av setningsrytmen. Allstad må setningsrytmen ha spela ei rolle, for apokope er meir utbreidd i verb enn i substantiv, og substantiva har oftare trykk i setninga (Dalen 2001).

Målet i Midt-Helgeland har hatt ei veksling mellom apokopert form trykklett og *-a*-ending trykk tungt (Riksheim 1921: 9). Det same fenomenet er kjent både frå Hornnes i Aust-Agder (Hægstad 1916: 109) og Bohuslän (Torp 2003: 247–250),

der med veksling *-a ~ -e*. Eldar Heide (2012) argumenterer for at det tidlegare har vore slik i heile Nord-Noreg nord for Sør-Helgeland og Rana (som hadde jamvekt). Ein slik trykkbasert apokope avhengig av setningsrytmen kan såleis ha vore systemet på 1500-talet. Indrebø (2001: 346) meiner *-a* “var nytta noko, i ser i ljodtung stoda” vidare ikring, og nemner døme hjå Kristen Jenssøn frå Sunnfjord og i andre målføreoppskrifter. Men Sandøy (2011 b: 129) har vist at setningstrykket ikkje kan forklara formene på *-a* hjå Jenssøn, og dialekttekstar frå dansketida har gjerne hypernorvagismar som *-a* fordi særpreg andsynes dansk var sjølvfe fremålet med dei. Jenssøn kan òg ha hatt *a*-formene frå nabomålføret i Sogn.

Arnold Dalen (2001) meiner at trøndsk har hatt det same systemet som er kjent frå Midt-Helgeland med *-a* og apokope, og at apokopen var avhengig av setningsrytmen i bae områda. Han forklarar skilnaden i gjennomføring med at apokopen skjedde til ulik tid: i Trøndelag etter lang staving medan dialekten enno skilde mellom lang og stutt trykkstaving, men i Salten etter kvantitetsomlegginga, då alle trykkstavningar var vortne lange (Dalen 2001: 207). Men veksling *-a ~ -e* i tekstar frå seinmellomalderen viser at apokopen i trøndsk må ha vore eit gradvis fenomen. *Aslak Bolts jordebok* (ikr. 1433) har stort sett *-a* i jamvektsord og *-e/-æ* i overvektsord, og ei slik regelbunden veksling må ha rot i talemålet. Ein skal likevel merkja seg at denne jordeboka – ulikt det meste av trøndsk i dag – ikkje har reduksjon i gamle ja-stammar (t.d. *wilia* ‘vilje’ og *sætia* ‘setja’, s. 1–2), og dette kan representera eit mellomsteg i utviklinga. Dei skriftlege kjeldene tyder altså på at apokopen i alle fall i nokre kategoriar har vore resultatet av ei gradvis svekking *a > ə > Ø*, sjølv om dette ikkje har vore den einaste vegen til apokope (jf. Christiansen 1946–1948: 185).

1.4.3 Assimilasjon og differensiasjon

Assimilasjon, at to ljodar vert meir eller heilt like, er ei vanleg språkending som har råka norsk til ymse tider. Det motsette av assimilasjon er differensiasjon, at to ljodar vert meir ulike. I hovudsak er det slik at me finn differensiasjon i sørvestlandsk, assimilasjon i resten av landet (og i Bergen).


Allereie i gammalnorsk vart konsonantsambanda *rl*, *rn*, *rs* assimilerte til *ll*, *nn*, *ss* i mange dialektar. Døma vert vanlege i runeinnskrifter ikring 1200 og finst sporadisk i handskrifter frå 1200-talet (Seip 1955: 173–175). I alle fall ved *rn* er det slåande at dei eldste døma er trykklette ord og samansetjingar (jf. Hoff 1978: 135). Desse assimilasjonane gjeld austnorsk og nordvestlandsk; i nordnorsk vart berre *rl* ålment assimilert, medan *rn* heldt seg, og *rs* i alle fall i *fors* ‘foss’ (Hoff 1978: 132f., 136).

Assimilasjon av *ld*, *nd*, *mb* er litt seinare og skjedde neppe før 1300, for korkje *ld > ll* eller *nd > nn* finst i særleg mon i runeinnskrifter frå mellomalderen

(Spurkland 1991: 243f., 248). Disse sambanda heldt seg stort sett i vestnorsk, medan dei vart assimilerte elles. Nord-Gudbrandsdalen og delar av trøndsk har ei mellomløysing der *ld*, *nd*, *mb* står framom vokal, t.d. i bøyning *lam* – *lambe*.

Differensiasjon

To vanlege tilfelle av differensiasjon er *rn* > *dn* og *rl* > *dl* i sørvestlandsk og tilgrensande delar av Austlandet (sjå kart 2).



Kart 2: Kart frå Chapman (1962: 197).

Desse differensiasjonane gjev same fonetiske resultat som segmentasjon (sjå 1.4.4), men har andre fonologiske konsekvensar, og t.d. Hoff (1978: 132–138) ser på dei som uavhengige av kvarandre. Det stemmer i alle fall for *rn/nn* (jf. nedanfor). Tradisjonell strukturalistisk tankegang hevdar at “differensiasjon er utslag av en motstand mot assimilasjon” (Christiansen 1946–1948: 52): I ei utvikling mot assimilasjon reagerer språkbrukarane (umedvite) med å gjera skilnaden mellom dei involverte ljodane tydelegare for å hindra samanfallet, som i dette tilfelle gjekk føre seg i nord og aust. Slik vart t.d. *bjørn* til *bjønn* eller *bjødn*, *karl* til *kall* eller *kadl*.

Islandsk og færøysk har dei same differensiasjonane, men der passar ikkje ei slik forklaring. Kristján Árnason (2005: 354–356) snakkar heller om ein tendens (*samræri*) til å få plosiv etter (stutt) vokal. I alle høve gjev differensiasjon ein “sterkare” uttale, og Torp (2011, inspirert av eit eldre arbeid av Kristján) ser på dette som ein ålmenn tendens til å styrkja konsonantar i postvokalisk stilling.

Dei eldste skriftlege døma på *rn > dn* er visst *Aatne < Árni* (DN IV 174, Rennesøy 1328) og *Þodni < Þórný* (DN XI 89, Larvik (Tjølling) 1397), men det siste er eit tvilsamt døme langt utanfor differensiasjonsområdet. Kanskje er desse døma rett og slett feilskrift, slik at differensiasjonen ikkje har slege gjennom før ikring 1500, som t.d. Hoff (1978: 137) meiner. Andre (t.d. Sandøy 2003) har meint at differensiasjonen skjedde tidleg, kanskje på 1300-talet, men vart halden ute or skriftspråket lenge (Røsstad 2011). Mot slutten av 1400-talet dukkar fleire døme opp, t.d. *rl > dl* i *Wdhländhe* (dat.) < *Aurlandi* (DN I 766, Luster 1438) og *rn > dn* i *Todne < Þórný* (DN VI 615, [Stavanger?] 1492). Egil Pettersen (1975: 394f.) finn berre nokre få døme på overgangen ikring 1500 frå vestnorske diplom, men nemner døme frå tilgrensande område i Agder, Telemark og Numedal som tyder på at overgangen òg skjedde i desse områda, men har gått attende der i nynorsk tid.

Endring av gammalnorsk hv-

Konsonantsambandet *hv-* i gammalnorsk har endra seg (sjå Seip 1954 a: 182–191). Det meste av Noreg har fått differensiasjon til *kv-*, medan søraustlandsk (Grenland, Oslo, Akershus og Østfold) har fått *v-* til liks med dansk og svensk. Mellom desse to hovudområda har eit belte frå Aust-Telemark austover til Solør fått *gv-* (sjå kart i Skjekkeland 1997: 260). Stadnamnet *Gvarv < gno. hvarf* ‘nes, krumming’ i Sauherad svarar såleis til *Kvarv* i Sørfold. I nyare tid har *v-* spreidd seg, men i den perioden me tek føre oss her, dekte nok *gv-*området Vestfold og Nedre Buskerud (Christiansen 1946–1948: 181 med kart). *hv- > kv-* viser seg frå midt på 1300-talet, både ved omvende skrivemåtar som *huelldom* for *kveldum* (DN VIII 99, Bergen 1337) og direkte som *kuassu < hversu* (DN II 232, Voss 1339; merk dessutan assimilasjonen *rs > ss*). Døme på *hv- > v-* finst i danske kjelder (runeinnskrifter) frå ikring 1250, og endringa har truleg spreidd seg derifrå. Dei eldste døma Seip (1954 a: 182–191) gjev frå norsk, er alle nokså usikre, men det ser

ut til at bortfallet av *h-* i søraustnorsk er om lag samtidig med differensiasjonen i vest. I eit område mellom desse hovudtendensane har mellomforma *gv-* oppstått om lag samstundes.

1.4.4 Kvantitetsavhengige endringar

Mange ljodendringar avheng av kvantitetstilhøva før kvantitetsomlegginga; t.d. har dei stutte /n/ og /l/ og dei lange /n:/ og /l:/ ofte utvikla seg ulikt. Dei to fenomena palatalisering på éi side og segmentasjon på hi har berre råka gamle lange konsonantar, medan tjukk *l* kjem av stutt /l/. Ein kan difor seia at slike endringar erstatta “kvantitetsforskjellar med kvalitetsforskjellar” (Sandøy 2003: 91; jf. Christiansen 1946–1948: 156) då kvantiteten ikkje var skiljande lenger; i staden for /n/ ≠ /n:/ fekk ein /n/ ≠ /dn/ eller /ɲ/. Dette kan jamførast med liknande utviklingar i vokalsystemet (sjå 6.1.7 i kap. 2 i NSH I). Ved kvantitetsomlegginga oppstod det med Sandøy eit strukturelt press for at *eitkvart* måtte skje. Forklaringa har noko for seg og er difor styrande for framstillinga her, men det skal likevel understrekast at fleire av endringane kan forklarast på anna vis òg.

Tjukk l og endring av gammalnorsk rð

Såkalla tjukk *l* [ɽ] kjem av anten gammalnorsk *l* eller *rð*. Det har truleg vore ein kvalitetsskilnad mellom /l/ og /l:/ i gammalnorsk, og dersom /l/ vart uttala velarisert (som *l* i engelsk *field*, jf. Jakob Benediktsson 1960 om mogleg slik uttale i islandsk), kan dette ha utvikla seg vidare til tjukk *l*. Men fonetisk er tjukk *l* ein retrofleks flap, og det er såleis naturleg å tidfesta oppkomsten av han til same tid som retroflektinga av konsonantsambanda /rd, rt, rn, rs/. Desse har same utbreiingsområde, altså austlandsk, trøndsk, romsdalsk og mykje av nordnorsk. I ein del dialektar gjev assimilasjonar med /r/ og /ɽ/ ulike resultat, og dette er truleg relikte etter eit skilje som ein gong var ålment (Stausland Johnsen 2012).

Noreen (1923: § 252) nemner døme frå ikring 1300 på omvende skrivemåtar som tyder på retrofleksar, t.d. *kollsbroder* for *kórsbróðir* (DN II 130, Gran 1317) og *Varþiulfar* for *Valþjófr* (DN II 110, Nord-Aurdal 1311). Slike samanblandingar føreset at *ls* og *rs* på dette tidspunktet hadde falle saman, og tilsvarande *rt* (< *rþ*) og *lt*, og desse samanfallsprodukta må då ha vore retrofleksar (jf. Seip 1955: 289). *Varþiulfar* er i alle fall eit tvilsamt døme, sidan Lind (1905–1915: 1072f.) har slike skrivemåtar frå Voss òg, der det ikkje kan ha vore retroflekting; namnet må i tilfelle vera lånt over fjellet frå Valdres i denne forma.

Heide (2010) ser på tjukk *l* som ein måte å tydeleggjera kvantitetsmotsetjinga /l/ ≠ /l:/ på. Alternativt kunne lang /l:/ gjerast tydeleg ved palatalisering eller segmentasjon (sjå nedanfor). Eit argument for dette er den dialektgeografiske fordelinga av endringane. Tjukk *l* “er eit sentralnordisk fenomen ... Segmentering og palatalisering av *ll* og *nn* finn me derimot i randsonane” (Heide 2010: 18, jf. s.

15). Men store område i Noreg har likevel overlapping med både tjukk *l* og palatarlar. Fylgjer ein dette resonnementet, må segmentasjonen ha skjedd om lag samstundes som tjukk *l* oppstod, sidan det er ein del av den same tendensen til å erstatte den gamle kvantitetsmotsetjinga med ei kvalitetsmotsetjing.

Oppkomsten av tjukk *l* har tradisjonelt vore sett til 1200-talet (Seip 1955: 177; Indrebø 2001: 129), men det viktigaste prøvet på ei så tidleg tidfesting er variasjonen *áltíð* ~ *ártíð* (omsetjing av latin *anniversarium* 'årsmesse') som finst allstad i Noreg, òg i område utan tjukk *l* (Hægstad 1915: 92), så denne tolkinga er tvilsam (jf. Hoff 1978: 149). Frå sist på 1200-talet finst døme (særleg i *Barlaams saga*) som *heyði* < *heyrdi* og *iadríkiss* < *jarðríkis*, og dei aukar på utover 1300-talet (Seip 1955: 177, 289). Ein bortfallen *r* kan naturlegvis vera skrivefeil, men slike former er så godt som ukjende i islandsk (Guðvarður Már Gunnlaugsson, munnleg opplysning), og det talar for at dei faktisk viser til ein særskild uttale av *rð*. Omvende skrivemåtar med *l* for *rð* finst ikkje før 1370 (Seip 1955: 289), men *Giulsson* < *Gyrðsson* (DN I 485, Sørnum 1384) må visa tjukk *l* (jf. 7.1.6 i kap. 2 i NSH I). Heide (2010: 35) meiner at tjukk *l* av *rð* kom opp i Midt-Sverige før 1400, på Austlandet ein gong mellom 1300 og 1450 og i Trøndelag mellom 1330 og 1450. Allstad meiner han tjukk *l* av *l* er eldst, i motsetnad til dei fleste andre forklaringar, men den fonetiske likskapen mellom [ɾ] og [r] talar vel for den tradisjonelle oppfatninga at tjukk *l* fyrst oppstod av *rð* (eventuelt som ein allofon av /r/ før /θ/, jf. NSH I sst.).

Jamvektsformer som /bøɾo/ 'kasse, kiste' < *byrða* og /juɾa/ 'jorda, grava ned' < *jarða* viser at *rð* > [ɾ] må ha skjedd før vokalreduksjonen etter lang staving. Slike former finst i utkanten av jamvektsområdet, særleg Valdres/Hallingdal i sør og Nordmøre/Fosen/Namdalen i nord. Det tyder på at "jamvektsregelen der har gjort seg seinare gjeldande" (Beito 1975: 64). Reduksjonen i langstava ord skjedde altså ikkje før etter at tjukk *l* hadde oppstått, og ord med opphavleg *rð* (som var vortne stuttstava) slo fylgje med gamle stuttstava ord. I det meste av jamvektsområdet har vokalreduksjonen sett inn tidlegare, og ord med opphavleg *rð* er handsama som overvektsord. Her må altså tjukk *l* vera yngre enn vokalreduksjonen, som me tidfeste til litt før 1300 på Austlandet, litt etter i Trøndelag (sjå 1.4.2).

Seip (1955: 177) set retroflekteringa av *rð* (i aust) og bortfallet av *ð* (i vest) i samband med lenging av vokalen framom (jf. Hægstad 1916: 81). Sidan utviklinga av *rð* førde til stutte trykkstavingar, er det naturleg å knyta dette til kvantitetsomlegginga, jamvel om ei sjølvstendig lenging før *rð* er mogleg. Vokallenginga her (som lenging i einstavingsord ålment, sjå 1.4.1) må vera yngre enn overgangen /a:/ > /ɔ:/, for det heiter /ha:r/ eller /ha:ɾ/ < *harðr*, og eldre enn endringane av /o:/ (difongert somme stader i vest og sør, heva frå [o:] til [u:] eller [ʊ:] andre stader), for det heiter /our/ eller /ʊ:ɾ/ < *orð*. Det finst nokre dialektale unntak frå baa

desse utviklingane, men for hovudmønsteret kan ein setja opp denne relative kronologien:

- 1) /a:/ > /ɔ:/
- 2) *rð* > /r/ eller /ʀ/
- 3) Lenging av vokal i stutte einstavingsord, både opphavlege og nydanna som /or/ eller /oʀ/ < *orð*, /har/ eller /haʀ/ < *harð*-
- 4) Endring av /o:/, anten heving eller diftongering

Den siste endringa inngår i den såkalla kjedeforskyvinga av lange attre vokalar (sjå 6.1.5 og 6.1.6 i kap. 2 i NSH I), som truleg skjedde nokså seint i mellomnorsk. Diftongering av /o:/ ser ut til å vera dokumentert i 1477: *foyawra* < *fjóra* (DN II 904, Aust-Agder; jf. Pettersen 1975: 247). Den tilsvarende diftongeringa av /a:/ finst i diplom frå 1460-talet (t.d. DN IX 453, Arendal (Moland) 1467 og DN II 870, Voss 1468; jf. Pettersen 1975: 90, 246f.). Eit anna teikn på at endringa av dei lange attre vokalane er tolleg sein, er at norsk romani har fylgt denne utviklinga, og det språket kom ikkje til Noreg før ikring 1500 (sjå bolk 6 i kap. 6 i dette bandet).

Palatalisering

Me har to typar palatalisering i norsk målsoge. Velarane /g/ og /k/ har vorte palataliserte framom fremre vokal, t.d. *gera* > /jera/ og *kenna* > /çen:a/. Dette gjeld all norsk utan geografisk variasjon. Slik palatalisering finn me òg før bøyingsendingar, t.d. /skʷ:jen/ 'skogen' og /baççen/ 'bakken'. Den siste typen har gått mykje til atters i nyare tid, men var kanskje ålmenn då palataliseringa skjedde. Når ein mange stader finn bunden form /bu:ça/ 'boka' av gno. *bókin*, viser det at palataliseringa skjedde før bøyingsendinga *-in* vart til *-a* (jf. 1.4.5).

Palatalisering av lange alveolarar, t.d. *mann* > /maɲ:/, er derimot geografisk avgrensa. Dette vert ofte rekna som eit særmerke for trøndsk, men gjeld òg emålet på Nordvestlandet, Nord-Noreg unnteke delar av Finnmark, og det meste av Hedmark og Oppland fylke. Sør i palataliseringsområdet på Austlandet er vokalen før konsonanten diftongert. Skjekkeland (1997: 107) meiner då at det "palatale elementet i konsonanten har vorte overført til vokalen". Etter denne forklaringa viser former som /hæʲn:/ 'han' og /læʲn:/ 'land' med stuttdiftong på austlandske flatbygder at palataliseringa tidlegare har gått lenger sør enn ho gjer i dag, og tilsvarende der uttalen er /hæn:/ og /mæn:/ (jf. Indrebø 2001: 350).

Palataliseringa går vidare etter høge (palatale) vokalar enn låge, og Larsen (1894: 119) føreslår difor at det er snakk om ein progressiv assimilasjon der vokalen verka på fylgjande konsonant. Det kan forklara ein skilnad som /breic:/ < *breitt* ≠ /bat:/ < *batt* (pret. av *binda*) mange stader. Men kjerneområdet har

palatalisering etter låg vokal òg, som /baʎ:/ 'ball' og /kaɲ:/ 'kanne' i trøndsk. Det kan difor heller vera at palataliseringa går attende på ein gammal kvalitetsskilnad mellom lang og stutt *l* og *n*; då nye lange *l*-ar og *n*-ar kom opp ved kvantitetsomlegginga, vart den gamle allofoniske skilnaden fonemisk (Christiansen 1946–1948: 139; jf. 7.1.6 i kap. 2 i NSH I). Ved *dd* og *tt* er koplinga til høg vokal derimot automatisk mange stader (Christiansen 1946–1948: 156; jf. dømet ovanfor), jamvel om palatal konsonant stundom kan vera overført til andre posisjonar. Det tyder på at palataliseringa av *dd* og *tt* er sekundær i høve til den av *ll* og *nn*.

Det er få teikn til palatalisering i dei skriftlege kjeldene. Hægstad (1899 a: 37) ville sjå dobbelskriving av *l* og *n* framom *d* (som då ofte er skriven *ð*) som uttrykk for palatalitet, og det kan vera at desse konsonantane har hatt palatale allofonar nett framom /d/. Skrivemåten *lld* var vanleg i islandsk òg, der han vert knytt til ein kvalitetsskilnad mellom *ll* og *l* utan at palatalitet er trekt inn – men den nøyaktige fonetiske kvaliteten av dei to *l*-kvalitetane er uviss (Jakob Benediktsson 1960). I søraustnorsk gjeld slik dobbelskriving mest *l*, mindre *n* (Knudsen 1967 a: 39). Knudsen (1967 a: 48) nemner former som *allir* og *hallir*, medan *a* elles vert følgd av *e* i same tekst (vokalharmoni), som prov på at lang *l* har vore palatal. Men han har få døme, og noko variasjon vil ein venta uansett. Målet i Lom og Skjåk har i dag palatal uttale av gammalnorsk *ld*, men ikkje *nd* (Dagsgard 2006: 142), og det tyder på ei særutvikling av /l/ før /d/.

Nokre skrivemåtar fyrst på 1300-talet med innskoten *i* kan visa palatal konsonant (Seip 1955: 266), t.d. *ælliufu* 'elleve' < *ellifu* og *millium* < *millum* (DN II 130, Gran 1317) og pret. *heilt* < *helt* (DN III 193, Trondheim 1337). Desse døma finst òg andre stader, såleis *millium* (med ymse skrivemåtar) i drygt 200 diplom frå 1300-talet, dei fleste etter 1340. Me finn *Æilling* e.l. for 'Erling' fleire gonger, og stundom pres. *seindir* < *sendir* og pret. *seildi* < *seldi*. Slike former høyrer med få unntak heime på Austlandet og i Trøndelag, så dei viser truleg palatal uttale.

Gammalnorsk *rn* og *rl* vert palataliserte, så palataliseringa må vera yngre enn assimilasjonane av desse konsonantsambanda. Samstundes må ho ha vore avslutta før kvantitetsomlegginga i einstavingsord. Gammalnorsk *sin* og *kyn* har gjeve /sen:/ og /çøn:/ med alveolar, og dannar minimale par med /sep:/ < *senn* og /çøɲ:/ < *tjørn* (med *tj* > /ç/ attåt). Difor må /n/ i desse opphavleg stuttstava orda ha vorte lengd etter at gammalnorsk lang /n:/ hadde vorte palatalisert. (Jf. om kvantitetsomlegginga òg i 2.4.1.)

Segmentasjon

Segmentasjon inneber at ein lang ljod får eit nytt segment, som *nn* > *dn* og *ll* > *dl*. Segmentasjonen av *nn* og *ll* kan til liks med palataliseringa sjåast som ein tendens til å tydeleggjera opposisjonen mellom eldre stutt og lang *n* og *l* når relevansen av konsonantkvantitet vart oppheva i kvantitetsomlegginga (jf. 1.4.4).

Geografisk har segmentasjon skjedd innanfor differensiasjonsområdet (sjå kart 2 i 1.4.3), og Christiansen (1946–1948: 169) handsamar dei to nærskyldde fenomenen samla (jf. òg Torp 2011: 18). Men segmentasjonen av *nm* er meir avgrensa enn differensiasjonen av *rn*, både geografisk (Valdres og Hallingdal har /dn/ berre av *rn*, ikkje *nm*) og i gjennomføring, t.d. skjer segmentasjonen stort sett berre etter lang vokal eller diftong; berre ytre Hordaland har overgangen etter stutt vokal (sjå nedanfor). Segmentasjonen av *nm* må difor vera uavhengig av differensiasjonen *rn* > /dn/. Derimot har segmentasjon av *ll* og differensiasjon av *rl* om lag same utbreiing, så der er ei utvikling *rl* > *ll* > *dl* sannsynleg (jf. Kristján Árnason 2005: 354–356 om dei tilsvarande utviklingane i islandsk). Det høver godt med at *rl* > *ll* finst sporadisk i gammalnorske tekstar frå heile landet.

Fordi segmentasjonen av /n:/ avheng av den gammalnorske vokallengda, må han ha skjedd før kvantitetsomlegginga, og dette tilseier ei tidleg datering. Det einaste mellomnorske dømet er *ludbnendum* for *lunnendum* i DN II 575, Bjerkreim 1403, men her skulle ein ikkje venta segmentasjon etter stutt vokal (Hægstad 1915: 63 går i ei *ad hoc*-forklaring ut frå at vokalen har vore lengd). Venteleg vart *nm* og *ll* framleis oppfatta som skrivemåten av dei nye sambanda /dn/ og /dl/, men det totale fråværet av skriftformer er likevel rart.

Kyststroka i Nordhordland har teke segmentasjonen lenger (Rundhovde 1976: 397–401). Der er *nm* segmentert uavhengig av omgjevnad, såleis både /steidn/ < *steinn* og /fidna/ < *finna*, og likeins *mm* som i /sjebma/ < *skemma*. Eit lite område kring og nord for Bergen har dessutan segmentasjon av /l:/ som har oppstått ved assimilasjon av *ld*, som /kvedl/ < /kvel:/ < *kveld*, og jamvel av opphavleg stutt *m* i t.d. /kobma/ < /kom:a/ < *koma*. Forklaringa her må vera at desse dialektane har fylgt bergensk, som til liks med austnorsk har assimilasjon *ld* > /l:/ og lengd konsonant i /kom:a/, som i vestlandsk elles har fått lang vokal: /ko:ma/. Seinare har dialektane teke opp den sørvestnorske segmentasjonen. Torp (2011) meiner denne utviklinga kjem av såkalla naboopposisjon – ei tydeleg språkleg markering av skilnaden mellom bymålet og bygdemåla.

Endringa *ll* > /d:/ i Vest-Telemark og indre Agder må vera ei vidareføring av segmentasjonen: *ll* > *dl* > *dd*. Denne overgangen er heller ikkje lett å finna skriftfest, men endringa var nok gjennomført før 1500, med gardsnamnet *Haddeland* i DN I 970, Vinje 1491, som terminus ante quem; namnet er skriva *aa Hallalandhe* i DN I 868, 1464. (Bakken 2001: 191f. viser til det same namnet i eit litt yngre diplom: *Haddelan* i DN XI 275, Vinje ikr. 1500.) Endringa gjekk opphavleg vidare enn i dag, både i sør (Røsstad 2011) og aust (Indrebø 2001: 350f.). *Myøddelandh* i DN XII 261, Notodden (Gransherad) 1493, no Mjelland, kan vera eit tidleg døme. At vidareutviklinga til *dd* er dokumentert før 1500, stør tanken om at *ll* > *dl* må vera noko eldre.

1.4.5 Morfologiske endringar

Den store omstruktureringa av det gammalnorske bøyingsystemet høyrer denne perioden til. Prosessen er sams, men dialektane tok ulike retningar, og dette gav nokre geografiske skilje som framleis gjeld.

Kasussamanfallet i substantiv

Då nominativ og akkusativ fall saman, truleg i løpet av 1400-talet dei fleste stader, var det ofte akkusativformene som vann i austnorsk. Tydelegast er dette i jamvektsord, der austnorske former som *hara* og *furu* er identiske med dei gammalnorske oblike formene, medan sørvestlandsk a-mål har *hare* og *fura* av nom. *hari*, *fura*. Av nom. *hester* (< *hestr*, jf. 1.3.1) og akk. *hest* er det *hest* som lever vidare i all austnorsk, men Fjordane og Setesdal har substantivformer som *heste* (< nom. *hester* < *hestr*), og adjektivformer med *-e*, som *gode* < m. nom. sg. *góðr*, er vidt utbreidde i vest (Skjekkeland 1997: 85). Utviklinga kan setjast opp som i tabell 1 (jf. kap. 6 i NSH IV).

	Gammalnorsk	Vestnorsk	Austnorsk
Nom.	hest(e)r	heste	
Akk.	hest		hest
Nom.	hari	hare	
Akk.	hara		hara
Nom.	fura	fura	
Akk.	furu		furu

Tabell 1: Utvikling av substantivformer, ubunden form.

Ved linne overvektsord er det tydeleg at /baçe/ med palatalisering kjem av nom. *bakki*, fordi /k/ berre vert palatalisert før fremre vokalar som /i/, ikkje attre som /a/ i obl. *bakka*, men slik palatalisering gjeld òg austnorsk. I fleirtal har dei fleste austnorske mål halde på nominativ. Eit unntak er Gudbrandsdalen, der pl. *heste* går attende på akkusativ *hesta* (nom. *hestar* skulle gjeve **hesta* med *-a*), men bunden form kjem av nominativ der òg.

Bøying av hokjønnsstavn

Ei av dei bøyingsendingane som ymsar mest i norske dialektar, er bunden form eintal av sterke hokjønnsord som *bygda* og *sola*, gno. *bygðin* og *sólin*. Endingsvokalen vart nasal på grunn av *-n* og tok farge av det, og då nasaliteten fall bort til ulik tid på ulike stader, kunne vokalkvaliteten festa seg på ulike steg i utviklinga (sjå 6.2.5 i kap. 2 i NSH I). Dette kan forklara fleire av dei ulike endingane i dialektane, men somme stader må analogi med linne hokjønnsord eller leng-

ing av endingsvokalen ha spela inn. Som det vart peika på ovanfor (1.4.4), viser former som /bʊ:çɑ/ palatalisering av /k/ før endingsvokalen vart /a/ (via ei mellomform */bʊ:çẽ/ eller liknande). Det er svært få teikn til nasalbortfallet i kjeldene; så lenge det vart skrivne norsk i Noreg, heldt dei på -n i bunden form. Det er nokre få moglege unntak, t.d. *then sama iordha* 'den same jorda' (DN XIV 117, Levanger 1473; jf. Hægstad 1899 b: 105). Det ser såleis ut som dei nye endingane er komne opp i løpet av 1400-talet. Forma *boket* i DN I 1051, Hedmark 1517, vil Indrebø (2001: 249) sjå som ein hyperkorleksjon basert på parallellen med *tak* – *taket*, og det kan godt stemma; uttalen av dei to orda kan då ha vore */bʊ:çe/ og */ta:çe/.

Mange norske målføre skil framleis mellom sterkt og lint hokjønn, men det er ulikt gjennomført (jf. 3.4.1 nedanfor): Somme målføre har to ulike endingar i bunden form eintal, andre har ulik fleirtalsbøying, medan midlandsmåla, romsdalsk og nordmørsk har bae delar (sjå kart i Skjekkeland 1997: 262f., 266). Der sterkt og lint hokjønn fall saman, har det gjerne skjedd før 1600. Der trykklett /u/ vart redusert, fall han saman med trykklett /e/ slik at fleirtalsendinga -ur i linne hokjønnord fall saman med -er i dei fleste andre klassane.

Personlege pronomener

Noko av det me opplever som mest særmerkt i ein dialekt, er korleis me refererer til oss sjølve. I fyrste person eintal går hovudskiljet i norsk mellom ubrotne og brotne former (sjå 3.1.8 i kap. 2 i NSH I, om bryting), altså *eg, æ, e, i, ei* o.l. mot *jæi, jæ, je*, men det er metodiske problem med å fastsetja utbreiinga i seinmellomalderen. På denne tida fekk svensk og dansk skriveskikk stor påverknadskraft på norske skrivningar i samband med ei meir ålmenn vending mot aust i norsk politikk og kulturliv (Indrebø 2001: 166 ff.). Bruken av *jak* eller *jeg* er utslag av denne påverknaden, for både på Vestlandet og i Trøndelag var slike former vanlegast i skrift på siste del av 1400-talet, jamvel om dagens talemålsformer kjem av gno. *ek* (Pettersen 1991: 303; Berg 2006: 28–30). *Jak* skal finnast berre éin gong i skrift før 1350 (Christiansen 1946–1948: 105), og Seip (1954 a: 224) ser dette som "bevis på at skriftradisjonen er overført til Østlandet fra ... Trøndelag eller fra Vestlandet", for han meiner *ja-/je-* er ei gammal dialektform på Austlandet, jamvel om ho ikkje slår gjennom i skrift før sist på 1300-talet (likeins Christiansen 1946–1948: 105). Med tanke på at talemålsformer kjem fram elles i diploma, synest det meir truleg at j-formene spreidde seg frå aust i løpet av mellomalderen. Men ålmenne likskapar tyder vel på at målføre heilt søraust i Noreg utvikla *jak* i sein urnordisk til liks med nabomålføre i sør og aust.

Derimot er *ægh* i DN V 977, Trondheim 1497, truleg talemålsinnslag og viser den forma me kjenner frå seinare trøndsk (teksten har samstundes fem gonger *jak*). Forma *ei(g)* finst i Innernamdalen og på Sunnmøre, og er skriftfest som *æjk* i

DN X 167, Molde (Veøya) 1439, i ein replikk frå ei rettssak. Dialektar som i dag har *i* (t.d. Romsdal), har truleg hatt mellomsteget *eig* på denne tida, som denne teksten viser (Sandøy 2011 c: 115). Forma *æjk* er vel ein hybrid med diftong frå talemålet og *-k* frå skrifttradisjonen.

I fleirtal går skiljet mellom *me* og *vi*. Forma *me* kom opp i gammalnorsk tid frå verbalendinga: *settum vér* > *settumér* > *settu(m) mér*, eller tilsvarende med dualisforma *vit* > *mit* (den same utviklinga finst i andre germanske språk òg, t.d. luxemburgsk *mir*). Forma *mér* finst allereie i *Homilieboka* og må vera utvikla før 1200, og sikkert dualis *mit* samstundes (framstillinga her byggjer på Tylden 1944). I andre fjerdedel av 1300-talet vert *m*-formene vanlegast, og er mest einerådande til ikring 1425. Då vert *vi* vanlegare, i takt med sterkare svensk og dansk påverknad på skriftspråket; etter 1475 er *vi* det vanlegaste, sjølv om *me(r)* finst ender og då så lenge det vert skrive tekstar på norsk. Per Tylden (1944: 62f.) konkluderer med at spreingsentrum for *me* har vore dalane på Austlandet; *m*-formene har truleg tevla med *v*-former i grensestroka både i søraust og i vest (Bergen og Fjordane har *vi* i dag), og spreinga nordover stoppa i Trøndelag. I tida før 1600 har då hovudskiljet gått mellom Nord-Noreg og delar av Vestlandet på den eine sida – der det aldri har vore *me* – og resten av landet på den andre sida.

I objektsforma er det store skiljet om formene går attende på total (dualis) *okkr* eller fleirtal *oss*. Gamle dualisformer som *okke* o.l. finst i eit sørvestleg område sørover frå Hardanger og Numedal, med nokre unntak. Denne skilnaden oppstod då dualis fall bort som bøyingskategori. Indrebø (2001: 240) meiner dette skjedde seinast ved overgangen til nynorsk (ikring 1525), men nemner samanblanding så tidleg som 1364. Truleg siktar han til DN I 384 frå Oslo, som har både *vir* og *mit* i dualis. Dualiskategorien held seg tolleg godt i alle fall i skrift; DN III 898, Trondheim 1472, har t.d. det tilsvarende possessivet *beggis okars* i total (legg merke til at *beggis* har fått analogisk *s*-ending, gno. *beggja*), men former på *vár*- i fleirtal.

Andre person fleirtal har på same vis fått former på *d*- ved overføring frå verbalendinga *-ð*. Nominativ *þér* (for eldre *ér*) er vanleg allereie i gammalnorsk. Andre former er sjeldne i kjeldene, men i DN XI 289, Skien 1510, finst *dith* (< *þit*) og *dickan* to gonger kvar i replikkar. Endinga i 2.pers. pl. var *-r*, ikkje *-ð*, frå fyrst på 1300-talet (Tylden 1956: 65), så overføringa av verbendinga til pronomena må ha skjedd før det. Mykje av landet har i dag samanfall mellom subjekts- og objektsform, men dette er truleg yngre (jf. tredje person). Dei fleste talemålsformene kjem frå gammalnorsk dualis. Forklaringa kan vera at pluralisformene etter kvart vart reserverte for høfleg bruk, slik at dualis vart den vanlege fleirtalsforma (Helgi Guðmundsson 1972; jf. kap. 6 i NSH IV). Bruken av fleirtalsforma som høfleg tiltale er omtala i *Konungs skuggsjá* frå ikring 1270 og var del av ein ålmenn europeisk trend (Helgi Guðmundsson 1972: 60f.). Det er truleg at denne bruken starta i dei aller høgste sosiale laga, kanskje inspirert av omsett litteratur frå fran-

sk, der slik høvisk tiltale var vanleg. Reanalysen av dualis som vanleg fleirtal er i tilfelle ei endring som har spreidd seg sosialt nedover i samfunnet.

I tredje person fleirtal har vestlandsk i dag *dei*, austlandsk og trøndsk *dem* (eller liknande former) av dativ *þeim*; i nordnorsk finst båe variantane. Den vestnorske forma er truleg frå nominativ *þeir* (men trykklett ville dativ *þeim* òg gje *dei*, jf. dativ fleirtal på *-o/-å* med bortfall av *-m* i utljod). Jamført med det som vart sagt ovanfor om substantiv, kan det vera ein del av ein tendens til å halda på nominativ i vest og ei oblik form i aust (jf. Indrebø 2001: 248). Men det ser ut til at det lenge har vore eit skilje mellom subjektsform *dei* og objektsform *deim* over heile landet. I aust finn me former som *dey* i DN II 1041, Modum 1512, og enno i nyare tid er *di* bruka som subjektsform på Romerike (Kolsrud 1932: 34). Motsett nemner Pettersen (1991: 384, 393) *them* som direkte objekt i vestnorske diplom. Berg (2006: 33–34) finn nominativ *the* og oblik *them* i Trøndelag sist på 1400-talet (men *them* står i subjektsposisjon i *Aslak Bolts jordebok*, s. 2). Dei skriftlege kjeldene tyder på at dei geografiske skilja mellom *dei* og *dem* ikkje oppstod før tidlegast mot slutten av perioden som er dekt her.

1.5 Sosial variasjon

Med dei atterhalda som vart nemnde innleiingsvis, skal me freista å seia noko om den sosiale variasjonen. Etablerte sosiolektar føreset sosial lagdeling etter utomspråklege kriterium, typisk sosioøkonomiske eller kulturelle. I eit relativt homogent jordbruksamfunn er det liten grobotn for slike varietetar. Me skulle difor ikkje venta store sosiale skilnader i talemålet i seinmellomalderen. Sosialt styrd språkleg variasjon som høfleg tiltale (t.d. til eldre) er alltid mogleg, og må vera forklaringa på overgangen av dualis til vanleg fleirtal (sjå ovanfor).

1.5.1 Eit høgre talemål i mellomalderen?

D.A. Seip har vore den fremste målsmannen for at det fanst eit høgre talemål i Noreg i seinmellomalderen (klårast uttrykt i Seip 1954 a: 192–217). Grunnlaget meiner Seip å finna i eit lesespråk som har vore eit “fagmannsspråk” for “de lesekyndige og skriftkyndige” (Seip 1954 a: 216), og som kunne påverka høgtidleg og høvisk tale. Dette lesespråket brukar han sidan som forklaring t.d. på kvifor *ek* og *mer* dominerer i austlandske tekstar, sjølv om Seip meiner talemålsformene var *jek* og *ver* (1955: 317; jf. ovanfor om pronomena). Men det er problem med denne teorien, som me skal sjå.

Gjennom mellomalderen var det vanleg å lesa høgt, anten det no var helgen-soger, historie eller meir kvardagslege emne som opplesing av rettarbøter og påbod på kyrkjebakken eller tinget. Grøtvedt (1961: 216) nemner i denne samanhengen hyrdebrevet frå oslobispen Øystein Aslaksson til folk i Telemark (DN IX 186,

1395); det er stila til ålmugen og har truleg vore lese opp i kyrkjene. I DN III 487, Bergen 1390, gjev bergensbispen pålegg om at brevet skal lesast for soknefolket kvar sundag fram til påske, og det finst fleire diplom med liknande påbod eller omtale av opplesing (Seip 1954 a: 196f.). Me veit lite om korleis det var utover seinmellomalderen, men dei norske tekstane i *Gammalnorsk homiliebok* viser at det var tradisjon for å preika på morsmålet i gammalnorsk tid (sjølv om liturgien var på latin). Frå Sverige veit me at i alle fall sundagspreika skulle vera på morsmålet (Andersson 1993: 195). Etter reformasjonen erstatta morsmålet latin som kyrkjespråk, og det vart med det sterkare grunn til påverknad frå kyrkjespråket, som no var dansk, på dialektane (Grøtvedt 1978: 110f.).

Folk har altså hatt høve til å møta eit lesespråk. Det er likevel svært uvisst om det har vore utbreidd nok til å ha særleg innverknad på talemålet; Grøtvedt (1978: 107) er til dømes skeptisk. Eit høgare talemål krev ein sosial basis, og det er tvilsamt om han har vore brei nok i norsk seinmellomalder (men jf. nedanfor om kyrkjespråk). Ragnvald Iversen (1921: 288) konkluderer om perioden 1560–1630 med at “hver mann har i hovedsaken talt sin dialekt”, og det gjeld nok hundreåra før òg. Eit par av argumenta Iversen gjev, kan lett overførast på situasjonen tidlegare: Eitt er vantande sosial basis, det var ikkje mange lese- og skrivekyndige i kvar bygd. Og om folk skulle freista noko slag leseuttale, kven skulle dei i så fall ta etter, all den tid det enno ikkje fanst noka fast språknorm? Utviklinga av eit høgare talemål krev eit “nogenlunde festnet socialt miljø, et samfundslag med en viss tids ‘innavl’, med det samme kulturinnhold, og med felles tradisjoner” (Iversen 1921: 290). Det fanst ikkje, knapt nok i byane heller.

Det kan likevel vera eit poeng at den fåmente norske adelen ved inngifte vart stendig meir interskandinavisk (Benedictow 1983: 253ff.). Språklege fylgjer av dette ser me i dei få privatbrev som er gøynde, t.d. DN XXIII 89, 1436, og DN XV 454, 1520-åra. Båe viser eit blanda språk med mykje svensk (det siste òg lågtyske ord som pronomenet *gy* ‘De’ i høfleg tiltale), som kan visa til eit språkleg blanda miljø som truleg var merkande for adelen. DN XI 627, Ørlandet (Austrått) 1535, er utferda av fru Inger Ottesdotter og kanskje skrive av henne sjølv. Det har særnorsk *qwat* ‘kva’ og jamvel *qwyllken* ‘hvilken’. Gammalnorsk *hvilikr* er berre kjend frå lærd stil (Nygaard 1905: § 264, jf. § 254), så det er litt uventa at det har fylgt den vanlege differensiasjonen *hv-* > *kv-*. Ei mogleg forklaring er at dette har vore ei norsk-dansk kompromissform i talemålet åt overklassen, som fru Inger på Austrått definitivt var ein del av. Tylden (1956: 46) viser til *errss nade* ‘dykkar nåde’ i nett dette brevet som ei høfleg fleirtalsform *er* < *iðr* (< *yðr*) i “norsk-svensk høgare talemål”, i motsetnad til dansk *eder*. Forma *eer* finst òg i eit brev frå dottera Lucie (DN XI 606, Ørlandet (Austrått) 1535). Bruk av *i* og *er* i høvisk tale er kjend frå seinare dialektar, men det er noko uvisst om dette er ein samanhengande tradisjon eller nyare lån frå dansk. Tylden (1956: 66) meiner det “er ei moteform

som har breitt seg utover frå dei høgre lag i samfunnet” allereie i seinmellomaldern.

1.5.2 Kongebrev, bispebrev, bondebrev og andre brev

Ved diplom som i namnet er utferda av ålmugen på ein stad, ser ein gjerne fjøra åt ein røynd skrivar i bakgrunnen. Særleg gjeld det tilfelle der ein bonde sel ein gard eller gardpart til ein adelsmann, og det i røynda er kjøparen som har sytt for utforminga av brevet – såkalla mottakarutferding, der den nominelle utferdaren berre sette seglet eller merket sitt under. Men somtid tyder uvan rettskriving og uvanlege talemålsformer på at skrivaren har vore urøynd, så det heller er snakk om røynelege “bondebrev”; slike døme kan vera DN V 1081, Fredrikstad (Onsøy) 1536, og DN XVI 94, utan stad ikr. 1430. Det siste har nær gjennomført prepropriell artikkel (*han Olaf, aff hænne Groa, af hanom Gudulæ*). Slik bruk er kjend i norrønt (Nygaard 1905: § 41 c Anm., § 74 Anm. 5), men vart aldri vanleg i skrift, og kan difor tyda på ein urøynd skrivar som stør seg på talemålet sitt.

Det er altså opplagde vanskar med å sortera diploma i eit sosialt hierarki etter utferdar, men det ser likevel ut til å vera statistisk signifikante skilnader i språkbruk etter slike skiljeliner. Mørck (1999) undersøker fire variablar som alle viser ei viss sosial lagdeling, der dei høgste sosiale laga er mest innovative i språkbruken: Dei brukar det gamle ordstillingsmønsteret med verbet først i deklaratve setningar mykje mindre (dvs. meir gjennomført V2-ordstilling), dei tek i bruk det lågtyske lånordet *blifa* ‘verta’, og dei brukar mest passiv i det heile og dessutan mest passiv med s-suffiks. Dersom denne skriftlege variasjonen er representativ for talemålet, spreidde desse språklege novasjonane seg sosialt nedover, nett slik ein vil venta. Men til dels kan det vera snakk om reint skriftleg påverknad frå dansk. Me veit at dansk skrift fyrst kom i bruk i dei høgste sosiale laga (kongebrevva var på dansk frå 1450) og sidan spreidde seg nedover i samfunnet (Indrebø 2001: 177–200), og saman med inngifte og skandinaviske slektskapsband kan dette òg ha påverka talemålet blant adelen.

1.5.3 Kyrkjespråk

Dei kyrkjelege miljøa, både klostera og kapitla ved domkyrkjene (altså dei prestane som var tilsette ved kyrkjene), samla folk frå ulike stader både innan- og utanlands. Faktisk ynskte erkebisp Aslak Bolt i 1436 å styrkja utdanninga av norske prestar, fordi “propter paucitatem clericorum innatorum in regno per alienigenas ecclesiastica beneficia occupantur” (‘på grunn av mangelen på innanlandske klerkar i riket vert kyrkjelege embete opptekne av utanlandskfødde’) (Ngl 2.r. 1: 555). Når det var så mange utanlandske klerkar, har det vel òg fått fylgjer i målvegen. Det ser me endefram i skriftspråket, men dei har fulla teke med seg talemåla sine òg, og det har ført til dialektkontakt i nokså lukka miljø.

Kyrkjemiljøet kunne gje grobotn for ein sosiolekt. Dei prestlærde hadde ein sams identitet knytt til den katolske kyrkja og tenesta for Gud, og dei hadde ei utdanning. Dette er gode utgangspunkt for danning av ein eigen identitet, og det latinske språket som dei var opplærde i, kunne brukast til å gje denne identiteten eit språkleg uttrykk. Det ser me i brev frå og særleg mellom geistlege. Bjarne Berulfsen (1948) viser slik bruk av latin i breva som er overleverte i den såkalla Bergens kopibok, der bispene i Bergen førde inn kopiar av brev dei fekk og sende. Brorparten av breva er frå fyrste halvta av 1300-talet, men dei er ikkje ulike dei få seinare døma som finst.

Mange av breva som Berulfsen diskuterer, viser at geistlege bruka latinen som eit slag “gruppespråk” på ein måte som må ha gjeve uttrykk for den sams identiteten. Her ser me korleis språket, i dette høvet latin, kan ha ein tydeleg sosial verdi. Fordi slike privatbrev sjeldan er gøynde, er det ikkje så lett å fylgja denne utviklinga framover, men Berg (2013: 156–176) hevdar at situasjonen var den same tidleg på 1500-talet. Eit døme er DN XII 561, frå erkebisp Olav Engelbrektsen til kanniken Jens Olavsson Bratt. Brevet har fleire latinske ord og vendingar enn gjengs, og erkebispnen avsluttar med eit kjent sitat tillagt Thomas à Kempis (i.kr. 1380–1471): *homo proponit Deus autem disponit* ‘mennesket føreslår, men Gud rår’. Slik bruk av sams kunnskap på eit sams språk er inkluderande.

Me kan ikkje vita det visst, men det er godt mogleg at somt av denne latinpåverka stilen har ått rom i talemålet og vore eit særkjenne for dei utdanna geistlege. Det er i så tilfelle eit døme på ein sosialt avgrensa språkbruk som berre var open for dei som hadde utdanning, og saman med påverknad frå utanlandskfødde prestar som hadde teke med seg talemålet sitt, er det grunn til å tru at kyrkjemiljøa var særprega språkmiljø.

1.6 Nokre perspektiv

I denne gjennomgangen er spirene til dei moderne norske dialektane skildra, og me ser klårt korleis mange av dei språklege skilja i dagens norsk er etablerte på 1500-talet. Men det skriftlege materialet me har å arbeida med, har fylgt tradisjonar og normer som i stor grad heldt språklege novasjonar ute. Dette gjer òg at mangt som må ha vore vidt utbreidd i talemålet, berre framstår som reine unntak i dei skriftlege kjeldene. Ofte finn me fyrste døma på endringar i namn, som ikkje hadde den same skriftradisjonen (t.d. *Haddeland* i 1.4.4), og når norske ord sist i denne perioden vart tekne inn i tekstlar på dansk, kunne dei få talemålsform (t.d. *tucku* i 1.4.2). Dette er ein del av dei metodiske problema med å arbeida med språkendringar i seinmellomalderen: Kor mange døme på avvikande skrivemåte må ein ha før ein kan tolka det som språkendring? Fordi kjeldene til denne perioden førebels ikkje er lagde til rettes for kvantitative undersøkingar, har dette stykket

berre gjeve utvalde døme. Men dei endringane som er drøfta her, er kjende frå seinare dialektar, slik at det i tråd med metodediskusjonen innleiingsvis er grunn til å ta dei til truande.

I denne bolken har språket vorte handsama som eit sjølvstendig system, men det er velkjent at kontakt mellom ulike språk og dialektar er ei av dei fremste drivkreftene i språkleg endring. I norsk seinmellomalder kjem ein ikkje utom verknadene av den store manndauden ikring 1350 og seinare farangar. Over halvta av norske gardsbruk vart lagde øyde, og det førde til at folk flytte til jord som no var vorten ledig, ei indre folkevandring som hovudsakleg gjekk føre seg i tida 1390–1430 (Jón Viðar Sigurðsson 2011: 237f.). Dei demografiske endringane som fylgde direkte av pesten, er for seine til å ha vore utløysande årsak til alle endringane i overgangen frå gammalnorsk til nynorsk. Men dialektkontakten som folkeflyttinga førde med seg, må i alle høve ha vore ei sterk drivkraft i endringsprosessane, særleg dei morfologiske endringane som inneber forenkling og utjamning, typiske resultat av dialektkontakt.

▼ 2 Norsk talemål i tida frå 1600 til 1800

2.1 Kjeldesituasjonen

Når vi i dette kapittelet set ei skilje ved år 1600 – mens det elles er praktisk å la moderne norsk begynne med reformasjonen slik det historiske omgrepet *moderne* eller *ny tid* gjer – har det med kjeldesituasjonen å gjere. Etter 1600 begynner vi å få så mange gode og pålitelege kjelder at vi kan å kjenne oss trygge på korleis den grammatiske strukturen i dialektane var. Dei kjeldene vi møter frå tida før, fortel lite direkte om talemålet, slik at vi da må utnytte skrivemåtane på ein annan måte og slutte oss indirekte til noko om korleis skrivarane snakka (jf. 1.2).

I 1604 kom Kristian 4s norske lov, og det betydde at ingen trong lese det gammalnorske lovspråket lenger og heller ikkje etterlikne det. Skriftmålet hadde normsenteret sitt i København. Dokumenta vi nå får av talespråkleg interesse, er enten direkte opplysningar om talemålet eller dikt og språkeksempel på eit dialektnært skriftmål. For eksempel voks det i Noreg som i andre europeiske land fram ein sjanger med skjemtedikt og etter kvart høvesdikt forfatta og skrivne på dialekt. Særleg høvesdikta blir det mange av utover 1700-talet. I desse underhal-dande dikta er ikkje dialektformene meir enn eit stilistisk hjelpemiddel blanda inn i ein danskprega stil. Dette er ein tradisjon som elles er kjent frå Tyskland og frå nabolanda våre, der dialekten åt bondestandet blei brukt for moro skuld, og “gemeene Folck” kunne få snakke målet sitt “for Lyst skyld”, som dansken Søren Gotlænder (latinisert Judichær, 1599–1668) beskriv det i 1671 (Indrebø 2001: 308).

Derfor må slike dialektformer lesast med skarpt lingvistisk blikk for å kunne skilje ut kva som kan vere pålitelege dialektopplysningar. Dei fleste norske tekstane er utgitt i Dalen & Hagland (1985) og Venås (1990).

Første kjeldene som gir direkte språkopplysningar, er ein ørliten grammatikk frå sirka 1625 (Tomasson 1625), ei ordliste av Kristen Jenssøn frå 1646, nokre svar på ei spørjeliste frå kanselliet i 1698 (Harboe 1698; Ramus 1698; Rasch 1698), eit manus som fortel om trondheimsmålet på slutten av 1600-talet jamført med dansk av Hans Nysted frå 1727 (Dalen 2008: 116f.), ei mengd svar på ei spørjeliste frå kanselliet i 1743 (Kolsrud 1932; Hamre 1961; serien *Norge i 1743*), nokre ordbøker frå siste halvdel av 1700-talet og avhandlinga om samanhengen mellom hardangermål og gammalnorsk skriven i 1774 (Schnabel 1784).

Ikkje alt dette materialet er lett å bruke. For eksempel sende prestane Jonas Ramus og Jakob L. Bork i 1698 inn svar på spørsmåla frå kanselliråd og kammersekretær Matthias Moth om spesielle ord i kyrkjesokna. Ramus var prest i Norderhov på Ringerike, og Bork i Vesterålen, men vi kan neppe finne mykje påliteleg om ringeriksmålet og vesterålsmålet i desse arbeida. Gustav Indrebø har i *Norsk Målsoga* (2001) gjort mykje ut av begge ordlistene og dratt vidtgående konklusjonar om endringar som har skjedd der i ettertida. Men Ramus var fødd på Gossa i Aukra i Romsdalen. Det er ei mengd romsdalske former han noterer, og dei er svært tvilsame som ringeriksformer. Bork var inntrønder, og teorien hans Indrebø om at nordnorsk var jamvektsmål med kløyvd infinitiv og vokalutjamning på 1600-talet, bygger derfor på tvilsamt grunnlag (Indrebø 2001: 354).

Når vi avviser slike “positive data”, er det ut frå den språkvitskaplege premisen at dei eventuelle endringane som dataa skal fortelje om, må la seg forklare inn i ei mogleg utviklingslinje frå eit kjent gammalnorsk stadium og til det kjende moderne stadiet av dialekten. Når Ramus opplyser f.eks. om “Bære sig ilde” (Ramus 1698: 8), kunne ein tru at ringeriksdialekten hadde e-ending i infinitiv. Men den dialekten vi kjenner etter 1800, har kløyvd infinitiv. Det er heilt urimeleg etter historisk-strukturelle resonnement at språket kan gå frå gammalnorsk a-infinitiv via eit mellomstadium med e-infinitiv til kløyvd infinitiv. Godtar vi den vanlege oppfatninga at kvantitetsomlegginga var gjennomført på Sørøstlandet i god tid før Ramus kom dit, blir denne tolkinga umogleg. E-infinitiven hos Ramus kom frå det romsdalske morsmålet hans. Ordutval og betydningar minner òg meir om kystlivet enn innlandsbygda Ringerike. Litt mindre sikkert er det om vi kan vi avvise jamningsformene, slike som som *Hafgulu* < *hafgula* og *Kiuru* < *tjara*. Slike former kan ikkje ha funnest i romsdalsk, men Ramus gjekk på skole i Trondheim, og derifrå kan han ha fått med seg slike typiske trønderformer. Men strengt tatt er det litt verre å avvise akkurat desse formene som opplysningar om ringeriksdialekt, ettersom Ringerike er innanfor jamvektsområdet. Teoretisk kunne vokalutjamninga ha gått vidare før enn nå. Men så lenge ein ikkje har sik-

rare belegg på noko slikt, kan ikkje opplysningane hans Ramus brukast med prentensjon om lokalisering.

Når vi så har i mente at verken oppdragsgivaren Moth eller innsendarane, f.eks. Ramus, var særleg opptatt av geografisk heimfesting, blir det anakronistisk å tillegge Ramus det motivet at han her skal ha levert inn ei ordliste frå dialekten i Norderhov på Ringerike. Han leverte ord han kom på, som han opplevde som “besynderlige” og “ældgamle”, og som ikkje var vanlege i skriftmålet, i tråd med oppdraget frå Moth (Bork 1698: [7]).

Vi må vurdere kjeldene etter intensjonen som låg attom dei, og etter samtida. Her er vi ikkje alltid forsiktige nok. For eksempel har dei fleste samlingane som mål å vere *norske* ordsamlingar. Det var kontrasten til den dominerande dansken som var det viktige for bevisstheita; fokuseringa på enkelt-dialektar var ikkje blitt kulturelt viktig enda. Det moderne dialektomgrepet er truleg noko som veks fram med nasjonalromantikken. Den første ordboka som gir tydelege heimfestingar, er den Knut Leem laga kring 1750 (Leem 1923), og så har Laurents Hallager ein del slike i ordboka si frå 1802 (Hallager 1802).

Blant dei skjemtande bygdemålsvisene er ei som presten i Aukra, Jakob Lund, skreiv til eit bryllaup på Molde i 1733. Der lét han to romsdalske bønder snakke. Eine strofa lyder slik (Dalen & Hagland 1985: 60):

Om Præsten fik sjou gong saa monge smaa Baan.
Som Jo Brit heer ne i Varhola,
Saa vante dej horkje te Brø, heller Mjøl,
End Gryna kjem dettan taa Himela sjøl,
Ska tru der e Hanqvæn pi Sola.

Her er både rett og gale. Lund får med seg dativ (“Varhola”, “Himela”), men rimkravet freistar han til å oversjå det tre linjer nedanfor (“Sola”). Her er ein trøndersk apokope (*gong* i flt.) og ei inntrøndersk presensending (*vante*). Her må ein igjen sjå for seg situasjonen: Presten skulle underhalde i bryllaupsgildet. Dei fornemme gjestane syntest sikkert det var morosamt nok at presten som øvrigheitsperson drog personar frå bondestandet inn i diktinga, og kom det da eit og anna som minte om den lokale dialekten, var det nok for morskapen. Lund var “pragmatisk” som diktar, og mot slutten av same visa kjem han med romsdalske pronomen, nemlig *dåkkå*, som han skriv “dokko”: “Aa væl dokko ung Folk, om dok vil bli slik”. Vi ser her at han set like godt inn den trønderske einstavingsforma *dok* for *dåkkå* når rytmen krev berre éi staving. Slike viser står altså fram med ei dialektblanding.

I denne perioden ser det ut til at dei som skal gjengi norsk talemål, også overdriv “norskheitene”. Det gjer at ein kan finne a-infinitivar frå stader der det umog-

leg kan ha vore a-infinitiv, og det kan vere skrive palatalisert *g* eller *k* i ord som aldri kan ha hatt det. Men desse to draga var noko embetsmennene hadde fått med seg som norske særdrag, dvs. klåre avvik frå dansken, og dermed skreiv dei av og til “hypernorske” former (Indrebø 2001: 329; Dalen 2008: 100).

2.2 Norsk talemål kring 1600

Hovudintrykket av dei tidlege språkkjeldene er altså at dialektane kring 1600 stort sett hadde same strukturen og særmerka som vi kjenner til frå vår tid. For eksempel har denne eldste trykte skjemtevisa frå Noreg, ei frå Nordhordland oppskreven av Anfinn Breder, prest i Sund 1640–1674, ei språkform som er temmeleg lik den vi kjenner frå nordhordlandsmålet hos godt vaksne i vår tid.

Av denne teksten går det overtydande fram at dei fire hundreåra etter 1600 har ikkje ført til så store omleggingar som dei fire hundreåra før 1600.

Ramnebryllaup i Kråkelund

Original skrivemåte 1647	Versjon 1647 uttrykt med “moderne” bokstaving	Versjon 2000
Etter Venås (1990).	Korrigert ved opplagde feil.	Endringane frå 1647 er understreka
LAnte oster i Kraakelund	Långt auster i Kråkelund,	Långt aust_ i Kråkelund,
Dar æ so vacker ei By	dar æ sò vakker ein by.	dar æ sò vakker ein by.
Adle de Dyr i Væra er	Adle di dyr i væra æ	Adle di dyr i væra ¹ æ
Sonkast dar uti	sånkast dar uti.	sånkast dar uti.
Biødnen han er yppaste Kar uti Skog.	Bjødnen, han æ yppaste kar uti skog.	Bjød ⁿ , han æ yppaste kar uti skog.
Biødnen sat uti Backie	Bjødnen sat uti bakkje,	Bjød ⁿ sat uti bak ^{ke} ,
Og mongt so mune han huksa	og mångt so mune han huksa.	å mångt so kud ^{ne} han hu ^{ksa} .
Skal æg sømjja den breje Fior	Skal æg sømjja dan breie fjor,	Ska_ æg sømjja dan breie fjor,
Voet da verte mi Buxa	våt, da verte mi buksa.	våt, da vert_ mi bok ^{sa} .
Biødnen viste inge Raa i Skogien.	Bjødnen visste ingje rå i skogjen.	Bjød ⁿ visste inge rå i skogen.

1. Nordhordlandsk har *-æ* i sterke *f.*, men på Sotra (dvs. kommunane Sund og Fjell) er det *-a*.

Sote heffve æg den heile Noet	Sôte heve æg dan heila nått	Sôte heve æg dan heile nått
Mæ Graat og idla Laat	mæ gråt òg idla låt.	mæ gråt å idla låt.
Søte halvar leena mæg skuto di	Søte Halvar, lena mæg skuto di	Søte Halvar, låna mæg skuto di
Mæg bær slet ingin Baat	Mæg ber slett ingjin båt.	Mæg ber slett ingen båt.
Æg er boen te Brølloups Kar i Skogien.	Æg æ børen te brøllaupsgar i skogjen.	Æg æ bydd te brøllaupsgar i skogen.

2.3 Dialektområda

Vi har ikkje gode geografisk pålitelege opplysningar om utbreiinga av talemålstrekka kring 1600. Men vi har liten grunn til å tru at dei var stort annleis enn i dag. Når vi dessutan ser kor bra dialektgrensene i dag stemmer med gamle administrasjonsgrenser, styrker det tanken om at grensene låg der alt kring 1600. Lenger nede i dette kapittelet skal vi prøve å vise eit par tilfelle der vi kan påvise eller rekne med endringar i grensene.

Eldste grammatiske opplysningane finn vi altså frå 1625. Det er eit “notat” på tre sider der presten Jørgen Tomasson (fødd 1580 i Trondheim) beskriv det han kallar norsk i motsetning til det etablerte danske skriftmålet (jf. kap. 2 i NSH III). Det som der er beskrive, kjenner vi i dag att som tradisjonelt egdemål frå midtre og indre Agder (jf. Skjekkeland 2011). I tillegg til dei særmerka som dei tre sidene opplyser om, har skriftet også ei lang rad ordtak på dialekt frå Agder (Hannaas 1911 a).

Både denne grammatikken frå 1625 og visa ovanfor frå Nordhordland viser at endringane i sørvestlandsk frå sirka 1600 til sirka 2000 ikkje er store.

Første kjelda om nordvestlandsk etter mellomnorsk er Kristen Jenssøn: *Den Norske Dictionarium eller Glosebog* frå 1646, og her finn vi dei “moderne” særdraga dokumentert: e-mål, altså reduksjon av gno. utlydande *-a* og *-u*: *avje* < *efja* f. ‘gjørmete botn’ og *andøve* < *andøfa* v. ‘halde båten roleg’, svarabhaktivokal og r-bortfall i adjektiv: *åmesjuka* < *-sjúkr* adj. ‘sjuk av åme/mark i magen’.

Tilsvarende moderne drag viser òg eldste beskrivinga av trondheimsdialekten, som representerer siste halvdel av 1600-talet. Presten Hans Olufsen Nysted beskriv dialekten i eit manuskript frå 1727 (Dalen 2008: 116ff.). Peter Dass har ein lengre replikk på nordlandsk i *Nordlands Trompet* frå 1688, og det òg er dialekten slik vi kjenner han i dag.

Det vi tradisjonelt framhevar som hovudskilja i dei norske dialektane, har altså lege fast i mange hundre år. Nedanfor skal vi sjå nærare både på arkaiske strukturelle drag som framleis fanst kring 1600, og som har forsvunne seinare, og på nyutviklingar etter 1600. Språkendringar tar gjerne fleire hundreår for å bli gjennomført i store område, og dei går såleis over fleire tidbolkar. Vi skal presentere dei i den tidbolken som dei pregar mest.

2.4 Fonologiske endringar

2.4.1 Kvantitet

Skrivemåtar med dobbel konsonant etter gammalnorsk kort vokal i tostavingsord er hos Tomasson (1625) så systematisk gjennomført at dei må kunne tolkast slik at kvantitetstypen kortstaving i tostavingsord enda fanst så langt ned i Agder som i f.eks. Kvinesdal, jf. *slidden* pf. pts. ‘sliten’, *tagge* pres. ‘tar’ og *Den prøver vejen som førre Færre* ‘Den prøver vegen som føre fer’. I dag er det lang vokal i /²sle:den, ¹tæ:ge, ²fø:re, ¹fæ:re/ i denne dialekten. Konsonantlengda må ha vore konstant frå gammalnorsk, så dobbelskrivinga må vere brukt for å få fram at vokalen framom er kort. Derimot skriv Tomasson berre éin konsonant i *lyder* pres. ‘lyt’, *bide* pres. ‘bit’, *briode* inf. ‘bryte’, dvs. der vokalen både i gammalnorsk og moderne norsk er lang (Skjekkeland 2011: 60). Med tanke på at Indre Agder har halde på overlange stavingar fram til 1900-talet, og at restar av kortstavingar også er rapportert (Seip 1915 om Åseral, Frøysset 1969 om Mandalen), verkar ikkje denne tolkinga av systemet i 1625 overraskande. Mangelen på belegg med kortstava einstavingsord kan kanskje tyde på at den typen ord kring 1600 var gått over til det nye systemet med forlengd vokal. At einstavingsord får kvantitetsomlegging før tostavingsord, er eit mønster vi kjenner andre stadar frå i dag, både frå Midtre Gudbrandsdalen og frå Romsdalen (Sandøy 2011 c: 268).

Nettopp kortstavingar i tostavingsord finn vi tydelegvis i eit større geografisk område. Jenssøn (1646) har likeins som danskar i samtida ein viss tendens til å markere lang *e*, *i*, *o*, *u* og *ø* som *ee*, *ij*, *oo*, *uu*, *øe*. Når slik markering også står i særnorske ord som ikkje kan ha fått skrivemåten sin etter tilsvarende danske ord, kan vi rekne med at orda har nettopp lang vokal. Skrivemåtar som *Beel* < *bil* viser då at vokalen er forlengd i einstavingsord, og skrivemåtar som *Tele* < *þili* i tostavingsord kan tyde på kort stammevokal – særleg når det er slik at denne typen gamle kortstavingar aldri viser lengdemarkering, mens ein del langstavingar gjer det (jf. *Pijpe*, *Døele* < gno. *pīpa*, *dōll*). Var vokalen forlengt i kortstava tostavingsorda, kunne ein venta at Jenssøn hadde skrive *Teele* etter mønster frå f.eks. *Leeger* og *leede* ‘leiker, leitar’ osv., som han skriv i dansken sin. Når Kolsrud (1951: 17) tolkar skrivemåtar hos Leem på tilsvarende måte, kan det gi støtte for at kanskje sunnmørsk òg hadde same systemet på 1700-talet, ettersom den sunnmørske dialekten hans Leem skin ofte igjennom i ordlista hans. Christiansen (1946–1948: 120) tolkar eldre dialektsskrivemåtar som *våtå* (‘vete’ inf.) – og ikkje *våttå* – som uttrykk for at trøndersk har hatt kortstava tostavingsord “i manns minne”.

I det nordanfjelske (ev. midtnorske) området har vi belegg frå same tida på at kort *ø* (truleg [œ]) blei avrunda til [æ], for ordet *skofot* blir av presten Lund i 1733 skrive “skofet” (og truleg uttalt /sku:fæt/). Ordet kjem av gno. *skófoṭ* ‘skotøy’, som ved det mellomnorske samanfallet *o + o + ø > ø* blei til /sku:føt/ og deretter ved

avrunding til /sku:fæt/. Denne avrundinga avgrensa til kort \emptyset finn vi i romsdalsk og nordmørsk i ein del ord som /smæ:r,çæ:t/ ‘smør, kjøt’ osv., og ho skjedde desutan fleire stadar med forkorta \emptyset -ar, slik at gno. *bóta* i pret. fekk endringa *bótti* > [bøt:i] > [bæt:e], men heldt på lang \emptyset i infinitiv og presens.

Eksempelet med *bótti* viser at desse dialektane hadde mista overlange stavingar ettersom \emptyset var forkorta, mens første eksempelet med *fót* viser at dialekten mest truleg heldt på korte einstavingsord i alle fall inntil denne avrundinga skjedde. Ettersom vi ikkje har belegg i mellomnorsk på avrunding, men først etter 1700, kan kvantitetstypen kortstava einstavingsord ha halde seg der til etter 1600. Området for eit kvantitetssystem med kortstavingar i både ein- og tostavingsord kan såleis ha ha funnest i eit større område enn berre Nord-Gudbrandsdalen til etter 1600. (Jamfør 5.2 i kap. 1 i NSH I.)

2.4.2 Vokalendringar

Lågning

Kristen Jenssøn skreiv altså *Beel* og *Tele*, dvs. med *e* av gno. kort *i*. Denne e-lyden har falle saman med *e* av både gno. kort *e* (*eg*) og lang *é* (*Vele*) i det sunnfjordske vokalsystemet hans. Dermed er den vestlandske lågninga gjennomført der når vi er komne til 1600-talet, og ho har tydeleg skjedd uavhengig av den nyare kvantiteten på vokalen, for *Beel* har lang vokal på dette stadiet, mens *Tele* har kort. I moderne sunnfjordsk er gno. korte i-ar haldne som *i* når det kjem lang konsonant bak, og det systemet følger òg Jenssøn (1646: 12): *Biddar* ‘tiggjar’ osv. Dette systemet er òg stadfesta i rapporten hans Iver Myhlenphort frå Førde i 1743 (Sandøy 2011 b: 135). Det er altså kvantiteten på konsonanten bak vokalen som avgjer om det skal skje lågning. Slik er det òg i gudbrandsdalsk, som enda i dag held på systemet med gammalnorsk kvantitet, men har gjennomført same lågninga.

Sunnfjordsk har altså dette sørnorske lågningssystemet med *fonemsamanfall* så tidleg, same systemet som vi i dag òg finn i ytre Hordaland, i Rogaland og på Austlandet. Derimot har sunnmørsk, midtresognsk og ytresognsk (Ølmheim 1983: 62) heilt til vår tid halde på eit anna lågningsmønster der gno. korte vokalar blir *fonetisk* lågna utan å falle saman med langvokalen eitt steg nedanfor i vokal-systemet – og det skjer uavhengig av konsonantkvantiteten bak, jf. 3.3.1. Vi ser det av desse overgangane i sunnmørsk (jf. 3.3.1) i tabell 2:

Av kjelder på 1700-talet ser vi òg at lågninga er gjennomført nordom Sunnmøre. Her følger lågninga derimot eit nordanfjelsk mønster der – som i sunnmørsk – lengda på konsonanten bak ikkje verkar inn, men der – ulikt sunnmørsk – den lågna vokalen går eitt heilt hakk ned i vokalsystemet, jf. *fiskr* > /feski/. Unntatt frå denne lågninga er vokalane framom palatal konsonant: gno. *vindr* > /vijn/ ‘vind’. Dette gjeld heile framrekka av vokalar, og vi har belegg frå

Gammalnorsk	Sunnmørsk
vika 'vike' v.	vi:ke
vika 'veke' f.	vi:ke
sér 'ser' pres.	sei:r
seli 'sele' m.	se:le

Tabell 2: Vokalar som lågnar utan å falle saman med annen vokal.

1733 og 1743 som *opkleven* < gno. *uppklifinn*, *bær* < gno. *ber*, *Hæst* < gno. *hest*, *Størkår* < gno. *Styrkár* (jf. Dalen & Hagland 1986: 59–64; Sandøy 2011 c: 174–177). (Jamfør òg 6.1.3 i kap. 1 i NSH I.)

Runding og diftongering

Store delar av vestlandsk har i mellomnorsk fått utvikling av *a* til *á* (og vidare til *å* eller *ao*) framom velar nasal (Indrebø 2001: 113; Pettersen 1975: 90, 101f., 246f.). I sør går grensa sør for Ryfylke og Nord-Rogaland i dag, men det er tydeleg av stadnamn at denne grensa har gått lenger sør tidlegare, for i f.eks. Klepp på Jæren finn ein namn som /longhudl/ < *Langhóllinn*. Rasch skriv i 1698 “mongæ” for ‘mange’ og stadfestar dermed at denne runda *å*-en framom velar nasal var på plass i Hå kommune da (Særheim 2011: 118). Dessutan viser oppskriftene av Tomasson frå 1625 former som *laange* ‘lange’, dvs. frå Kvinesdal i Vest-Agder (Skjekkeland 1978: 365). Grensa har så flytta seg nordover i tida etter, og jærålet er ikkje kjent med slike former på 1800- og 1900-talet.

Diftongeringa av gno. *á* i norske dialektar er truleg kommen opp i sein gammalnorsk (jf. kap. 2 i NSH I), og ho omfattar det samanhengande området Hardanger, Voss og Sogn, der uttalen framdeles finst, som i gno. *bátr* > /bau:t/. Men også i andre mindre område i landet har denne vokalen hatt diftongisk uttale, nemleg på Ålvundeidet på inste Nordmøre (Magerøy 1960) og fleire stadar i Trøndelag (Dalen 1972: 23; 2008: 46). Her har diftongeringa forsvunne att i løpet av 1900-talet. Ettersom desse områda ligg utan geografisk samanheng, er utviklingane truleg uavhengige av kvarandre og dermed eksempel på den sterke indre-språklege tendensen til å diftongere gamle lange vokalar. Dermed kan ein diftonguttale ha komme på ulike tidspunkt, nådd berre eit lite område og så forsvunne att. Fenomenet ser ut til å ha ein spontanitets-likskap med andre utviklingar som diftongering og avrunding, jf. kap. 1 i NSH I.

To monoftongeringsbølger

Den monoftongeringa vi finn i det austnorske området langs svenskegrensa, er “endepunktet” for spreininga av ei nordtysk monoftongeringsbølge som begynte før 1000-talet og nådde opp gjennom Sverige og over riksgrensa på 1600-talet når

det gjeld *ei* og *øy*, som i *bein* > /be:n/ og *røyk* > /rø:k/. (Jamfør 6.1.8 i kap. 1 i NSH I.) Slik må dataa frå Sør-Trøndelag og Nord-Østerdalen tolkast. Røros, som voks fram på 1600-talet og fekk utvikla eigne dialektdrag, fekk nemleg ikkje monoftongering av *au*, jf. pret. *rauk* – til liks med Meldalen og Oppdal (Dalen 2008: 44). To av tre diftongar var altså fremst i spreingsbølga, og opprettinga av bergstaden kan brukast som tidfesting.

Skriftlege belegg på monoftongeringa har vi i austlandsk tilbake til 1711 med former som *Søm* 'saum' og *Steka* 'steiker' (Simensen 2011: 101). Området i dag for denne monoftongeringa er Østerdalen, Akershus og Østfold. I delar av dette området fall monoftongeringsproduktet saman med tidlegare monoftong: *ei* + *e* > *e*, *øy* + *au* + *ø* > *ø* (*sein* > /se:n/, *fløyte* > /²flø:te/, *haust* > /høst/). Monoftongeringa *au* > *ø* har tøygd seg lenger vestover, men framom *st* ser ein diftongen i Sigdal, Eiker og Modum enda på 1700-talet, for formene *haust* og *aaki-ærloust* 'uklandra' står i 1743-oppskriftene. Det vil seie at siste spreingsbølga ikkje hadde nådd dit enda.

Kanskje etter 1800 oppstod det – først på Nordmøre og så i Inntrøndelag – ei ny og uavhengig monoftongeringsbølge, som fonetisk har det særdraget at ho ikkje gir fonemsamanfall, dvs. at *ei* blir til *ε*, *øy* til *æ* eller *Λ* og *au* til *Λ* (*sein*, *fløyte*, *haust* > /sε:n, ²f_Λ:te, ²f_Λ:te, hΛst/. I denne monoftongeringsbølga spreidde *øy* > /æ/ og *ei* > /ε/ seg sørvestover frå Nordmøre til Romsdal i løpet av 1800-talet (Dalen 1972: 22, 2008: 42ff.), der ho stoppa kring 1900 (Sandøy 2011 c: 229f.). Denne siste monoftongeringa gjeld berre bygdemåla, ikkje bymåla. Oppkomsten både på Nordmøre og i Inntrøndelag, to åtskilde område, er ei gåte viss ein ser etter flytting eller kontakt som forklaring. Både resultat og fonologisk distribusjon er annleis enn monoftongeringa i dansk (skriftmål), så ei ev. prestisjeforklaring gir heller ikkje noko.

Gamle jamningsformer (leksikalske endringar) på retur

I det trønderske dialektområdet ser det ut til at jamningsmønsteret /~~u~~ – ~~u~~/ nådde svært langt i si tid. Det er jo eit svært enkelt fonologisk mønster å gjennomføre i svake feminine jamvektsord. Dette mønsteret har funnest heilt ut til ytre nordmørsk, for på 1700-talet var både /sn~~u~~r~~u~~/ og /fj~~ø~~r~~ø~~/ 'snare, fjøre' i bruk der (Dalen 2008: 104). Også utjamningsformer med /o – o/ i svake maskuline ord har ein belegg for ute på Hitra i 1706 (Indrebø 2001: 355, Dalen & Hagland 1985: 37), og mønsteret kan ha funnest heilt ned til Vestfold (jf. 1.4.2 og Indrebø 2001: 355; Schulze 1972). Her kan vi truleg sjå same historia som vi såg i det trønderske området at den fulle utjamninga var lenge på frammarsj, men så har ho tidleg blitt "regulert" vekk att til fordel for eit anna mønster. Det er tydeleg at svake hankjønnsord er den klassen som utjamninga kjem sist i og forsvinn att lettast frå, men det gjeld òg noko i infinitiv, og i begge tilfelle altså mønsteret /o – o/.

Ved kvantitetsomlegginga i tostavingsord – og den skjer i denne perioden før 1800 i vestlandsk og trøndersk (jf. 2.4.1) – blir jamningsformer /²væra/ og /²voru/ ‘vere’ leksikalisert, dvs. at dei har ikkje lenger noko fonologisk særdrag som bind dei saman slik at formene kan utleiast av ein generell regel. Dei blir nå prinsipielt avstikkande, for dei har ikkje den grammatisk styrte forma *-e* i infinitiv i austlandsk og utan ending i trøndersk. Slikt brukar bli utgangspunktet for at enkeltord i gruppa får nye analoge former som er i (betre) samsvar med hovudmønstra. Aasen (1853) opplyser f.eks. om at forma /²ha:ne/ finst parallelt til den tradisjonelle /²hono/ ‘hane’ i Orkdalen. Dermed er altså jamningsbølga på retur. Den nye innlånte forma har den fordel at ho føyer seg etter det nå produktive grammatiske mønsteret i dialekten.

2.4.3 Konsonantendringar

Lenisering

Jørgen Tomasson gir dokumentasjon på at leniseringa var gjennomført kring 1625 (Skjekkeland 2011: 61). Hannaas (1911 a: IV) har funne lenisering også i Vegusdal og ytre bygder av Råbyggjelag, der det i dag er harde konsonantar, og Vidar Haslum (2004) støttar han i det ut frå stadnamnformer. Haslum meiner tilbakegangen av leniseringa kan vere begynt på 1700-talet. (Jamfør òg 7.1.5 i kap. 2 i NSH I.)

Alt på 1600-talet var det begynt å komme inn unntak frå leniseringa i nye ord som ikkje fekk denne endringa, f.eks. *prate* frå lågtysk, mens det eldre lågtyske importordet *rute* ‘firkanta figur’ blei til *rude*. Når det kom inn nye ord som *prate* utan at dei blei utsett for lenisering, viser det at denne overgangen ikkje var noko produktivt fonologisk strukturdrag lenger. (Eit nyare importord som *rute* i f.eks. *bussrute* frå fransk *route* utgjer i dag eit minimalt par med det eldre *rude*.) Slikt kan òg innverke på at gamle ord med lenisert *b, d, g* lettare kan gå tilbake til *p, t, k* i område med variasjon. (Haslum 2004.)

I dag er leniseringa på tydeleg retur på Sør-Karmøya og elles i Nord-Rogaland (Særheim 2011: 111; Sandvik 1979: 61), altså i ytterområdet, og dessutan i byane Stavanger og Kristiansand (Aasen 2011; Kostøl 2002: 73f., 172). I Stavanger var i 2010 bruken av *b, d, g* i tradisjonelt leniserte ord på 84 % hos informantar fødd før 1950, og 50 % hos ungdommar fødd i 1994 (Aasen 2011: 85). Ein liten tilbakegang er òg registrert i bygdemål aust i Vest-Agder (Røsstad 2008: 260). Etersom dette er eit leksikalsk drag – for alle dialektane har i dag både blaute og harde konsonantar etter lang vokal – skjer endringa i stor grad som endring i enkeltord, og det typiske er da at omlegginga kan ta lang tid.

2.5 Morfologiske endringar

2.5.1 Svarabhaktivokalen

Svarabhaktivokalen (innskotsvokalen) – som i gammalnorsk kom framom nominativs-*r* i hankjønnsord og i hankjønnsformer av adjektiv, framom presens-*r*-en i sterke verb og framom fleirtals-*r* i konsonantklassane (jf. *ein store gute lese bøke*) – skulle ein vente var nokså allmenn i det samanhengande vestlandske svarabhaktivokalområdet, som i dag går frå Sunnmøre i nord til og med Telemark og Agder i sør. Når nordhordlandsk i dag ligg som ei dialektøy utan svarabhaktivokal, må bortfallet ha skjedd som ei lokal nyutvikling på eit tidspunkt, jf. kart s. 62 i NSH I. Visa om “Ramnebryllaup i Kråkelund” frå 1647 (jf. 2.2) har eit par tilfelle med svarabhaktivokal og dessutan eit par utan i presens, og dessutan eit par adjektiv utan, noko som kan tyde på at dialekten nettopp da var i ein overgangsfase frå eit eldre system til eit nyare utan svarabhaktivokal.

Da denne innskotsvokalen (*-e* eller *-u*) utvikla seg framom *r*-en, skjedde det som eit fonologisk fenomen, men etter at *r* fall vekk i fleire av dei aktuelle suffiksa i den seinare morfologiske utviklinga, blei vokalen eit morfologisk fenomen, som må beskrivast som ein del av endingssystemet. Utviklinga seinare har dessutan vist endringar som er avhengige av morfologisk klasse. For eksempel finst svarabhaktivokalen i sterke hankjønnsord (jf. /¹gʷ:te/ ‘gut’) i dag berre i dialektar kring Stad (dokumentert i Fjordane og på Sunnmøre på 1800-talet og seinare), på indre Agder og i Vest-Telemark. Det store området imellom har truleg òg hatt slik vokal i utgangspunktet, men denne *e*-en eller *u*-en er ikkje notert hos Aasen f.eks. frå Hardanger og Voss, som elles har arkaisk morfologi. Eit anna eksempel på geografisk variasjon er svarabhaktivokalen i ubest. form av adjektiva, der berre Voss, Hardanger og Setesdal har det opphavlege systemet med at denne vokalen står berre i hankjøn (jf. *store båt* og *stor skuta*, men altså ikkje *store båte*). Elles i området er vokalen blir analogisk innført i hokjøn i adjektiva (altså *store skuta*).

Vi må òg ta med oss at svarabhaktivokal i adjektiv er brukt langt nord i det som var det mellomnorske busetnadsområdet, nemleg på øyane Rolla, Andørja og Senja i Troms (Elstad 1982: 61). Dette blir ei svarabhaktivokalt på dialektkartet, og enklast er det å tolke det som ein rest frå den mellomnorske perioden da svarabhaktivokalen fanst over heile det norske språkområdet.

2.5.2 Verb: Person- og talbøying

Etter 1600 finn vi ikkje personbøying av verba anna enn i andre person eintal: “Kanstu Truna i.e. Kandstu læse din Troes Artickle” i Jenssøn (1646: 128). I litteraturen frå 1600- og 1700-talet finn ein fleire slike andrepersonsformer: *sågst*, *tokt*, *fort*, *lågst*, *mått*, *vilt*, *kan(s)t*. Vi har dei dokumentert frå Nordhordland (1647, Venås 1990: 46), Inntrøndelag (Bork 1698: 17, ikkje Vesterålen som Indrebø 2001:

340 trur), Gudbrandsdalen 1743 og Løten 1743 (Indrebø 2001: 340). Aasen fann nokre slike former på Voss midt på 1800-talet (1853), og dei var nok siste restane i norsk talemål.

Derimot har talbøyinga stått sterkt lenge. Jenssøn har nokre tilfelle i preteritum: “Dar laage me”, og i presens: “Me ere” (1646: 55). Dessutan finn ein *såte* i Fyresdal (Bloch 1698: 30), *drukke* i Sogndal (1734, Venås 1990: 133), *ginge* i Sigdal (1743, Norge i 1743 III: 285) og *foro* i ytre Nordhordland (1647, Venås 1990: 43). Alle desse tilfella gjeld sterke verb, som i preteritum har fleirtalsform med to stavningar. I presens skal det i fleirtal vere samanfall med infinitiv (unntatt i *vera* – *ere*). Presens fleirtal er belagt i *velje* i Kvinesdal (1625, Hannaas 1911 a: 18) og *turve* i Fyresdal (Bloch 1698: 34).

I svake verb fall preteritumsformene saman etter kvart som *-u* og *-e* fall saman i *-e*, og bortfallet av talbøying i svake verb kan dermed forklarast fonologisk i desse tilfella. I e-målet fall også eintal og fleirtal saman i presens i dømme-klassen pga. reduksjonen *-a* til *-e*: gno. *dōmir* – *dōma* gjekk over til *dōme* – *dōme*, men *kastar* – *kasta* blei til *kasta* – *kaste*. I dialektområde utan reduksjon av utlydande *-a* (og med bortfallen presens-*r*) var det nettopp i dømme-klassen ein heldt oppe distinksjonen mellom eintal og fleirtal: *dōmir* – *dōma* gjekk til *dōme* – *dōma*, mens *kastar* – *kasta* blei til *kasta* – *kasta*.

Denne talbøyinga stod sterkt til etter 1800 på Sunnmøre, i Nordhordland, Hardanger, Øvre Lærdal og Borgund i Sogn til etter 1900, på Voss og i Setesdal til etter andre verdskrigen, og i Hallingdal og Valdres lever ho ennå (Heggstad 1932; Opedal 1960: 10; Venås 1977).

2.5.3 Pronomen


Trykkunge og trykklette pronomener

I eldre moderne norsk ser det ut til at formvariasjonen i dei personlege pronomenerna har auka sterkt. Utgangspunktet for mykje av denne variasjonen er at det først utviklar seg ulike former i trykkunge og trykklett posisjon i setninga, og etterpå blir den eine eller den andre forma generalisert. Dét endar med eit dialektgeografisk lappeteppe.

I det trønderske målområdet ser denne utviklinga ut til å skje frå sirka 1700. I utgangspunktet hadde dei mellomnorske formene *eg*, *meg*, *deg*, *seg* dels fått vokal-lågning til *æg* og dels diftongering til *eig* pga. g-en. Siste utviklinga er typisk for indre namdalsk, og lågninga gjeld mest for midtområdet, mens søre delen heldt på den uendra vokalen, altså *eg*. Trondheimsformene som Hans Nysted rapporterer om i 1727 (Henriksen 1976) frå siste halvdel av 1600-talet, er *æg*, *mag*, *dæg*. Neste utviklingsstadium er så at desse pronomenerna får *trykklette* former utan g-utgangen. Dermed kan det heite /æ vart br̥æ:t/ med trykklett pronomener, men /de va æ:g

som vart br̥æ:t/ med *trykk tungt* pronomen. Slik kan det framdeles vere i fosen-dialekten, og eit skifte mellom *æg* og *æ* i skrifter etter Hans Barhow i Trondheim tolkar Arnold Dalen som vitnemål om at formskiljet var komme opp kring 1750 i trondheimsk. Siste stadiet er så at den trykklette forma blir generalisert til eineform i noko av *æg*-området. Kring 1850 er *æ*, *mæ*, *dæ*, *sæ* dokumentert slik på Byneset, i Stjørdalen og Bjørnør. (Dalen 2008: 59, 88, 107, 126.)

I andre dialektar er det den trykk tunge forma som blir eineform: Nordmørsk har fått /e:/, mens ytternamdalsk har generalisert den trykksterke /e:g/. Eit midtre område i Namdalen har /ei:g/, mens det tilgrensande området i aust, altså Snåsa, Nordli og Sørli, har /i:/, som må vere ei gammal trykklett form av nettopp /ei:g/.




Kart 3: Pronomenformene i 1.pers. eintal. Teikna med utgangspunkt i Dalen (2008: 59). (Kartgrunnlag: Kartverket [CC BY-SA 3.0 NO].)

Søre sunnmørsk har framdeles eit skilje mellom trykk tungt /ei:/ og trykklett /i/. Dette må ha vore systemet på heile Sunnmøre og i Romsdal f.eks. på 1700-talet. Den diftongerte forma /ei:g/ er belagt frå Veøya i 1439, og sluttkonsonanten (*k* eller *g*) har nok falle tidleg (jf. bolk 1.4.5 i dette kapittelet). Så har nørdrø sunnmørsk generalisert det trykk tunge /ei:/ i alle posisjonar, mens romsdalsk har generalisert den trykklette forma. Det er interessant å legge merke til at denne siste "typiske" romsdalsforma ikkje er utnytta i dialektdikta frå 1700-talet, men er først belagt der i ein tekst frå så seint som 1853 (Sandøy 2011 c: 115, 181). Derimot er forma nemnt frå det tilgrensande området vest i Lesja i 1743.

Ulike former etter trykkstillinga er altså opphav til mykje av formvariasjonen i desse pronomena i landet, truleg òg mellom /jæi:/ og /je:/ på Austlandet. I bergensk ser ein òg ei tilsvarande endring, for mens /e:g/ dominerer i trykk tung stilling, er forma /e:/ brukt i 65 % av tilfella i trykklett posisjon, og dét ser ut til å ha vore uendra gjennom siste halvdel av 1900-talet (Ulland 1984; Nornes 2012: 78). Forma er ikkje omtalt i tida før andre verdskrigen.

Fleirtal

Det store området for pronomenforma *me* har ved utgangen av middelalderen dekt heile Trøndelag i tillegg til Vestlandet, Sørlandet og dalmåla kring Langfjella og Dovre (jf. bolk 1.4.5 i dette kapittelet). Forma *mø* møter vi òg vidt i ny tid, heilt til Sigdal i 1743 (Norge i 1743 III: 285), og *me* finst frå Fron i Gudbrandsdalen i 1785 (Hiorthøy 1785: 133). I Sigdal har *vi* komme inn seinare frå nabobygdene i aust. Forma *vi* har òg trengt seg inn på større eller mindre flekkar innanfor *me*-



Kart 4: Personleg pronomen 1.pers. fleirtal. Teikna med utgangspunkt i Papazian & Helleland (2005: 81). (Kartgrunnlag: Kartverket [CC BY-SA 3.0 NO].)

området. Arnold Dalen (2008: 130) reknar med at dette området er blitt oppsplitta i tida etter reformasjonen både av eit stadig ekspansivt belte med *oss* i subjektforma og av ei austnordisk form *vi*, som har komme til uttrøndersk og trondheimsk. Forma *vi* kan ha fått fotfeste alt før reformasjonen. Bergstaden Røros voks fram på 1600-talet og blei eit spreiiingssentrum for *vi* (og også *je*). Med desse ulike bølgene er resultatet i dag eit Trøndelags-kart med mange “dialektøyar” der gamle former framdeles lever. (Dalen 2008: 130.)

2.5.4 Nektingsadverbet

Dette frekvente ordet har fleire former i moderne norsk, og det har vore igjennom fleire endringar frå dei gammalnorske nøytrumsformene *ekki* (nom. og akk.) og *enskis* (gen.). Igjen finn vi eit mønster som viser at det har funnest eit skifte mellom trykkting og trykklett form. Tydelegast er denne historikken for trøndersk, der det frå 1853 i inntrøndersk er belagt ei trykkting form /ijnc/ med den trykklette parallellen /ic/ (Aasen 1853). På den tida var den siste forma blitt generalisert til begge posisjonane i Stjørdalen og på Byneset (Dalen 2008: 88), og seinare er /ic/ tatt i bruk i både trykkting og trykklett stilling i andre delar av trøndersk. Aasen har også registrert eit tilsvarende skifte mellom /ijnc̥e/ og trykklett /ic̥e/ i nordmørsk (Aasen 1853: 22; Dalen 2008: 87). Jonas Ramus (1698: 8) opplyser òg om “inkie”, som kan tyde på at det nordmørske systemet òg gjaldt for romsdalsk (Dalen 2008: 97).

Hans Nysted, som beskriv trondheimsdialekten frå siste halvdel av 1600-talet, har berre forma /ijnc/ både i trykkting og trykklett stilling, men seinare har nok bymålet òg fått to former avhengig av trykkstillinga, og til slutt blei den trykklette /ic/ generalisert (Dalen 2008: 126).

2.6 Syntaks: *Sin-genitiv*

Sin-genitiven har nokså klart sitt opphav i den lågtyske konstruksjonen med possessiv etter underleddet (altså eigaren) og framom kjernen (altså det ein eig), dvs. i denne forma i høgtysk skriveform: *dem Mann sein Feind, der Frau ihr Feind* (altså “mannen hans fiende”, “frua hennar fiende”, dvs. mannen/frua sin fiende). I den norske “omsettinga” av konstruksjonen har ein sett inn det refleksive possessivet *sin* uavhengig av tal og kjønn på eigaren, og dermed går *sin* over til å bli ein syntaktisk partikkel, som har ei form uavhengig av eigenskapane åt eigarleddet. Nesse (2002: 179–193) beskriv korleis skriftmålet etter 1500 viser konstruksjonar med både possessiv bestemt av kjønn og tal på eigarleddet og med generalisert *sin* – som i “Olais foged hans quinde” og “Birett paa Stöllen sin datter” – før *sin* tar over på 1700-talet. (Jamfør òg Falk & Torp 1900: 46; Western 1921: 485; Knudsen 1967 b.)

Første eksempelet på sin-genitiv er frå Trondheim i 1500: “wort elskelighe capitel sit jnsigle” (DN XI 278), men konstruksjonen fekk sterkast fotfeste i bergensk, der eldste belegget i skrift er frå dagboka hans Absalon Pedersson Beyer frå 1552–1572 (“Jacob Christierson sine vidnesbyrd”) og frå *Bergens Fundas* frå sirka 1560 (“nogen sinn Artickell”) (Nesse 2002: 186). På 1600-talet finn ein tre belegg hos Peter Dass (jf. “Ole paa Volden sin Hest” i *Nordlands Trompet* frå 1688), som da kan vise at konstruksjonen har fått feste i nordlandsk. Frå trondheimsk opplyser Hans Nysted om dei to eigedomskonstruksjonane “Per Persa si bo’k” og “bo’ka hains Pe’r Persa”, og det er dialekten frå siste halvdel av 1600-talet han beskriv (Dalen 2008: 119).

Belegga er ikkje mange oppover i hundreåra: Frå romsdalsk er sin-genitiven belagt frå 1733 (“Mora sin Særk”, Sandøy 2011 c: 187f.), og vi finn eksempel frå nordhordlandsk i 1764 og Os i 1811 (jf. Nesse 2002: 189). I austlandsk kom han seint og er oppfatta som eit fenomen først frå tida etter andre verdskrigen.

2.7 Samferdsle og demografiske endringar

Når ein skal prøve å forstå kva som driv fram språkendingane og forandrar dialektområda, er det vanleg å sjå etter *kontaktar* mellom samfunna. Somme har derfor vore opptatt av at samferdsle kan hjelpe oss til å forstå utviklingstendensane, dvs. at når folk reiser og driv handel, følger språkdrag med på vegen og spreier seg. Dermed skulle kystområda ha vore meir utsett for språkleg påverknad, mens innlandsområda forståeleg nok er meir konservative. Dette er i utgangspunktet ein spennande og teoretisk rimeleg tanke. Men det er ikkje så enkelt å sjå at dialektkartet stadfestar idéane. Det er ikkje mange dialektgrenser som følger og har flytta seg langs kystlinja. Oftare går dialektområda tvers over fjorden og ut og inn langs fjordane, dvs. der den lokale kvardagskontakten har vore mellom folk. Her er det vi får stadfesta at sjø og fjord batt folket saman, mens fjell og vidde skilde folk. Nabokontakt ser vi betyr noko i alle strukturelle drag som endrar grenser med ei “bølgerørsle”. Men kontakt med farande kan nok spreie enkeltgloser; det har vi ikkje sett på i dette kapitlet.

I mange tilfelle kan vi nok sjå at dialektar langs kysten har enklare struktur enn innlandsdialektar; det kan gjelde både fonologisk og morfologisk struktur. Det er f.eks. innlandsdialektane som er mest prega av resultat frå eit jamvektssystem, og det har ført til jamningsprodukt som har gjort den morfologiske strukturen komplisert. Men dét representerer radikale nyutviklingar som er “heimeavla”, og mest sannsynleg føreset desse draga demografisk svært stabile og nokså tette lokalsamfunn kombinert med nabokontakt. Da er det altså ikkje samferdsle og stor kontakt som blir ei drivkraft, men stabilitet (jf. Trudgill 1997). Her står vi opplagt ved fenomen som den historiske sociolingvistikken ikkje enno heilt kan forklare.

Kontakt kan vi sjå på som tilfelle der “språket flyttar på seg”. Lettare påviseleg som drivkraft i endringsprosessane er tilfella der “språkbrukarar flyttar på seg” ved demografiske forskyvingar, altså *folkeflyttingar*. Straumen av folk frå fjellbygdene som drog ut til kysten i nedgangstidene i seinmiddelalderen, skapte endra lokal-samfunn. Det fenomenet kan hjelpe oss med å forstå dei store dialektendringane i seinmiddelalderen (jf. bolk 1.6). Utover 1500-talet og inn på 1600-talet får vi ei motsett rørsle i folket, for nå var kysten blitt så tett befolka at det blei tiltrekkande å fare innover i fjordane og dalane for å drive opp att dei gamle øydegardane. Mens folketalet i sentrale strøk auka med ein halv prosent per hundreår, auka det med jamt over ein prosent i utkantane, og somme stadar mykje meir. “Overalt må det ha vært en bevegelse [...] Disse vandringene må ha omfattet også en innflytting til Nord-Norge av folk sørfra”, skriv Fladby (1977: 117). (Mykje av flyttinga til Nord-Noreg skal ha komme frå Vestlandet. Kan hende kan utbreiinga av sin-genitiven ha ei forklaring her.)

Viss dette skulle ha språklege følger, må ein tenke seg at det skapte ein del språklege utjamningar, dvs. at tilflyttarsamfunna tok opp kystdrag i språket. Når nye lokalsamfunn blei etablert, kunne ein få såkalla koinéformingsfenomen, altså at nye forenklingsdrag oppstod (jf. 2.6 og 4.4 i dette kapittelet). Det siste er ikkje like lett å påvise for denne tida som for seinmiddelalderen, og det kan komme av at denne ekspansjonen innover i landet, skjedde trass i alt så gradvis at han nettopp ikkje skapte nye samfunn, berre gradvise utviklingar av dei som alt fanst. Ein kom altså ikkje over ein terskel med nyttilflytting, som må til for å få koinéformande samfunn. Igjen står forskinga mest att med spørsmålsformuleringar pga. for lite datagrunnlag. Men vi kjenner til at Bardu og Målselv i Troms blei busett ved ein flyttestraum frå Østerdalen, Gudbrandsdalen og Sør-Trøndelag rett før 1800, og dermed blei det skapt nyforma austlandsdialektar der nord (Mæhlum 1997; jf. òg kap. 3 i NSH III).

Det kan vere interessant og relevant å observere at det skjer ei viss demografisk vektfor skyving mellom dialektområda i landet. Folkemengda på landet i 1665 var på 410 000, og av desse budde 33 % på Austlandet, dvs. det som blei kalla Akershus stift. Kristiansand og Bergen stift hadde 20 % og Trondheim stift hadde så dei 47 prosentane som var att. I tillegg kom ei bybefolkning på 30 000. Fram mot 1701 auka folketalet på Austlandet med 0,45 % per år, mens resten av landet hadde ein snittauke på 0,25 %. Den store auken skjedde mest på Sør-Austlandet og har nok vore skapt av innflytting pga. det nye næringslivet som tok seg opp der med f.eks. bergverk. I andre halvdel av 1700-talet kom så ein stor vekst i folketalet i Nord-Noreg.

2.8 Den andre kjende koiné-dialekten i landet

Første koiné-dialekten vi kjenner nokolunde konkret til i Noreg, er bergensk, som truleg fekk utvikla mange av dei sentrale særdraga sine ved overgangen frå middelalderen til ny tid (jf. Nesse 2002). Den andre, som kom etter 1600, er dialekten på bergstaden Røros, som voks fram etter at det var funne malm og koparverket var etablert i 1644. Fram til 1701 voks folketalet frå nesten ingenting til sirka 2000. Funksjonærane som kom, var ofte danskar og tyskarar, men dei har knapt sett merke på dialekten. Det var målet åt arbeidarane som kom til å utgjere innhaldet i den språklege smeltegryta. Dei kom frå naboområda i Nord-Østerdalen, Sør-Trøndelag, Jämtland, Romsdal og Nordmøre (Reitan 1932: 14–34). Tilflyttinga i denne første perioden har nok vore viktigast i dialektforminga, for dei neste hundreåra var folkeauken nokså normal, dvs. at han ikkje treng å bli forklart med tilflytting. I 1801 var folketalet 2 900, i 1901 var det 4 500, og i 2000 var det 5 500 (Røynealand 2005: 17).

Rørosmålet er det første vi kjenner til (utanom bergensk) med ei fullstending forenkla substantivbøying i fleirtal. Jamført med målet i øvste gauldalsbygda, ålbyggmålet, ser bøyingane ut som i tabell 3 (Dalen 2008: 110f.).

Leksem	Røros	Ålen
kniv m.	kni:va – kni:van	kni:va – knivav
benk m.	bɛŋka – bɛŋkan	bɛŋci – bɛŋciŋ
fot m.	fø:t – fø:tŋ	fø:t – fø:tŋ
nål f.	no:ra – no:ran	no:ri – no:riŋ
vise f.	vi:sa – vi:san	vi:so – vi:soŋ
bok f.	bø:k – bø:ken	bø:k – bø:ken

Tabell 3: Enkelt og komplisert system for fleirtalsbøying.

Her ser vi at rørosmålet har fått éi felles fleirtalsbøying i han- og hokjønn med *-a* og *-an*, det har ikkje palatal *n* i endestavinga, og det manglar palatalisering av velarar. Desse forenklingane er òg dei same som vi finn i dei nordre områda av Nord-Troms og Finmark, som fekk norsk folkesetnad ved tilflyttinga på 1600- og 1700-talet (Bull 1990: 170).

Den fonologiske vekslinga i stammen mellom *ld*, *nd*, *mb* framom vokal og assimilert *l*, *n*, *m* elles, har òg forsvunne frå rørosmålet, dvs. at dei typiske bøyingane i fjellbygdmåla med /kveɫ – kveɫja, laŋ – laŋje, lam – lambe/ 'kveld – kveldar, land – landet, lam – lammet' er gått over til det enklare /kveɫ – kveɫa, laŋ – lape, lam – lame/. Alle desse forenklingane er typiske for samfunn som går igjennom ein dialektblandingssfase, og dei kan vinne fram sjølv om dei er i mindretal i

utgangspunktet, nettopp fordi dei utgjer ein enklare systematikk. Jørgen Reitan (1932: 60f.) meiner at rørosmålet vik av frå nabodialektane i jamningsformene av substantiv og verb fordi fleirtalet av tilflyttarane ikkje hadde dei fullt utjamna formene, slik som /sva:ra/ i rørosmålet for /svoro/ i næraste nabomåla, mens typen /vækæ/ derimot held rørosmålet på òg.

Kring 1700 fanst det alt nokre fåe byar i landet, og der var det nok utvikla bymål. Bergen hadde eit folketal på sirka 8 000 i 1660-åra og er omtalt i neste bolck. Trondheim var eldste byen med nokon størrelse og hadde sirka 2 500 innbyggjarar i 1660-åra, mens Kristiania var nyare og hadde sirka 4 000 på same tida (Nagel 1980: 220). Desse to bymåla kan ikkje kallast koiné-dialektar, for dei har tydeleg preg av å ha vakse fram frå den gamle dialekten på staden. Strukturen i det tradisjonelle oslomålet svarar til vikværsk med innslag av romeriksmål (Larsen 1907), og trondheimsmålet samsvarar mykje med uttrøndersk (Dalen 2008: 113f.).

2.9 Sosial variasjon

Var det sosial variasjon i språket kring 1600? Kanskje. Men her er vi på usikker grunn. Lenge blei det i språkhistoriske framstillingar tatt for gitt at det var slik, nærast fordi ein trudde det alltid må ha vore slik. Men dette er nok ei projisering av samtidskulturen vår inn i fortida. Etter at ein dei siste tiåra er blitt opptatt av kor kulturbundne tankane våre er, og at eigenskapar vi reknar som sjølvsagde ved fenomenen i dag, kan vere ulike frå samfunn til samfunn og frå tid til tid. Det gjeld òg fenomenet språk. Om eit samfunn har stands- eller klasseforskjellar, får ikkje desse sosiale forskjellane automatisk språklege uttrykk, for det skiftar kva kulturformer som blir tatt i bruk som sosiale distinksjonsmarkørar. Det moderne språkomgrepet vårt har nok forandra seg mykje etter 1500, jf. kap. 2 i NSH III.

Ut frå ein kritisk innfallsvinkel blir det av interesse å påvise empirisk kva tid sosiale forskjellar utvikla seg. For eksempel veks korrektheitskulturen som gjeld skriftmålet – altså det å autorisere standard skrivemåtar slik at andre skrivemåtar blir rekna som feil – fram i somme land i Europa alt i seinmiddelalderen, og i Skandinavia ser ein same prosessen begynne så smått på 1500-talet. Eit omgrep om rett og gale i språket gir kulturell definisjonsmakt til grupper av folket, og det gir ei framveksande statsmakt eit styringsinstrument. Med tida blir dette korrektheitsomgrepet òg knytt til talemål og sosiale forskjellar, men det er ikkje nokon automatisk samanheng. Derfor må vi leite etter påliteleg informasjon om at sosiale forskjellar har komme systematisk til uttrykk i språklege forskjellar, altså at folk på same staden snakka forskjellig alt etter kva stand dei høyrde heime i.

Det er eit faktum at embetsstandet i Noreg var dominert av danskar i lang tid, kanskje til langt inn på 1700-talet. Alt i seinmiddelalderen var det politikk frå kongen si side å plassere danskar i viktige embete for å sikre seg maktkontrollen i

Noreg. Mønsteret var at amtmenn, sorenskrivarar, futar, lensmenn, bispar og prestar ofte kom frå Danmark, mens lagmenn normalt kom frå bondestandet. Frå Trondheim er det beskrive i 1659 at nesten alle tenestemenn i og rundt byen var danske. Da snakka dei nok dansk, naturleg nok fordi det var morsmålet deira. Men dei snakka kanskje svært ulike former for dansk, slik nordmenn snakka ulike norske dialektar. Skriftmålet var derimot meir einskapleg og dominert av hovudstaden København. Det fanst ikkje noko som blei rekna som norsk skriftspråk, alt var variantar av statsspråket dansk, som i denne tida blei omtalt som “Hovedsproget”. Det trong heller ikkje vere slik at ein nordmann som blei embetsmann, gjekk over til å snakke ein dansk dialekt. Det normale var lenge at det fanst stor talemålsvariasjon utan sosiale mønster. Ragnvald Iversen har studert *Bokmål og talemål i Norge 1560–1630* (1921: 288) og komme til at “[t]alemålet hos de høieste stender i Norge har i dette tidsrum i alt vesentlig vært norsk. Det vil igjen si: hver mann har i hovedsaken talt sin dialekt.”

Men sosiale skilje hadde fått talespråkleg uttrykk i andre land. I England er første dokumentasjonen frå 1589 der George Puttenham gir høg status til språket åt “the better brought vp sort” i London-området (Fennell 2003: 125; Nevalainen 2003: 134). Spørsmålet er så kva tid dette kulturmønsteret kom hit til landet eller til Skandinavia. Eit teikn på sosiolektar finn vi i ei beskriving av talemålet i Lund i Sverige frå 1684 av ein Johannes Fabrin Wermelandus, som fortel at det framdeles var ei gruppe i byen som snakka københavnsk-liknande, noko dei hadde lært seg før Skåne blei svensk ein generasjon før, nemleg i 1658. Det kan forståast slik at denne gruppa bestod av folk frå borgarskapet, og da kan dette tolkast slik at det fanst ein overklassedialekt, og denne sosiolekten (høgstatusdialekten) var tydelegvis ikkje identisk med københavnsk. (Ohlson 1979: 14–23.) Men det kan vere å dra tolkinga vel langt, for det er òg mogleg at det her gjaldt ein høgtidstale, nærast eit lesespråk eller eit standardtalemål brukt i berre spesielle samanhengar. Ein slik høgtidstale er meir presist omtalt kring 1800 da språkbeskrivingane er meir presise. Vi kan altså ikkje vere sikre på at det var sosiolektar i Lund på 1600-talet.

Når Henrik Gerner (1620–1700) i 1690 argumenterer for “det beste Spröck” og “ziriligste Danske Spröck” som grunnlag for skriftmålet, viser han òg truleg til ein høgtidstale i København (jf. tittelen på Gerner 1690). Det er ulike meiningar om korleis ein skal tolke opplysningane om København frå denne tida, om det var referert til ein sosiolektforskjell (dvs. mellom høg- og lågstatusdialekt) eller til ein stilforskjell (dvs. høgtidstalemål). Truleg var det det siste, men utover 1700-talet kan det ha skjedd ei endring, for Jacob Baden (1785) beskriv språksituasjonen i Danmark slik at “den gemeene Mand” snakkar på ein måte, altså dialekt, mens “[a]nderledes er den Velopdragnes Udtale i det borgerlige Liv, og atter anderledes den offentlige Talers” (Baden 1785: 1). Den andre av desse tre varietetane er altså eit borgarleg daglegspråk. Ei påliteleg språkleg beskriving får vi først på 1800-

talet, dvs. med eit arbeid av Jacob Bredsdorff frå 1817, som fortel om og viser eksempel på både høgtidstale, høgstatusdialekt og lågstatusdialekt i *København*. (Kristiansen 2003; Pedersen 2005: 179–187.) (Her skal vi ha i mente at fram mot slutten av 1700-talet brukte embetsmenn og borgarskap i stor grad tysk som daglegspråk i København.) Mugglestone (1997: 16–19) reknar med tilsvarende utvikling i England utover 1700- og 1800-talet. Denne nye utviklinga ser ut til henge saman med opplysningstida, og argumentasjonen går på at eit “høgare talemål” hjelper på forståingsevna og styrker siviliseringa (Mugglestone 1997: 28).

At språket hadde fått eit sosialt innhald også i *Noreg*, har vi vitnemål om, for ordet *knot* er nemnt i to ordlister som blei sendt inn til kansellet i 1698 (Jonas Ramus 1698 og Jakob Rasch 1698), og Erik Pontoppidan omtalar i 1749 verbet *danske* slik: “Saa siger Bonderfolk til Spot, naar en af dem dreyer sit Maal efter Dansk Tale.” (Pontoppidan 1749: 40.) Desse ordbetydningane fortel rettnok ikkje om faste mønster i praksisen, men dei dokumenterer at somme nordmenn kring 1700 tøyer seg etter dansk tale pga. sosiale verdier. Beskrivinga som Jakob Rasch kom med rundt 1720 av den norske språksituasjonen, jf. bolk 4.2 nedanfor, viser at det var sosiale motsetningar mellom bymål og bygdemål, altså mellom geografisk skilde dialektar. Det er ikkje det same som sosiolektforskjell på same staden, altså i byen. Nokon slik sosiolektforskjell er heller ikkje dokumentert i beskrivinga som Hans Nysted laga i 1727 av trondheimsmålet på slutten av 1600-talet. Rettnok kan ein variasjon han nemner i bruken av tjukk *l* i ord med gno. *rð*, kanskje tolkast i den lei, men treng det ikkje (Dalen 2008: 125). Heller ikkje i beskrivinga av København frå 1727 er det tale om sosiolektisk variasjon (Henriksen 1976: 19). I det rike materialet med språkbeskrivingar frå Noreg i 1743 er det påtakeleg nok ikkje omtalar av sosiolektiske forskjellar, derimot blir det motsette hevda fleire stadar (jf. kap. 2 i NSH III).

Derimot kan vi rekne med at det norske borgarskapet og norske embetsmenn begynte utover 1700-talet å legge seg etter ein *høgtidstale*. Ei sikker beskriving av ein norsk høgtidstale får vi ikkje før med Kristian Kølle (1736–1814) i to verk frå 1792 og 1794, som både beskriv denne varieteten språkleg og fortel at han var brukt “på Prædikkestolen, æller i andre åffentlige Taler, æller av farnømme åk studerede Fålk, når de taler mæd Beskjedentlighed” (Kølle 1796: 134). Teaterstriden kring midten av 1800-talet dreia seg om å byte ut den danske høgtidstalen med den norske. Derimot er det ein etablert *høgstatusdialekt* det Knud Knudsen beskriv som “den dannede dagligtale” kring midten av 1800-talet (Knudsen 1856, 1862, 1864, 1876), og det var ein del klare forskjellar, for mens den norske høgtidstalen var enda meir bokstavtrugen enn den tilsvarende danske med utgangspunkt i same skriftmålet, slik at det f.eks. var utan retrofleks uttale i r-samband (f.eks. i *bort*), hadde høgstatusdialekten slike retrofleksar og fleire austnorske drag (Haraldsrud 2012: 111f., 118). Men utviklinga av ein høgstatusdialekt kan ha gått over lengre

tid. I 1733 beskriv Johannes Ernst Stang frå Halden at nordmenn i både “dialectum vulgarem” og i det familiære talemålet brukar tre kjønn skilt med artiklar og possessiv (Seip 1921: 25). Denne referansen til to språkvarietetar tyder på sosiolektisk variasjon, men det konkrete språkdraget tyder ikkje på at høgstatusdialekten (den “familiære”) da var som den høgstatusdialekten vi finn vel 100 år seinare.

Kristiania var nok den byen som viste tydelegaste parallellane til København – kanskje pga. at avstanden til København der var mindre enn frå f.eks. Bergen, som var største byen i landet. Læraren og diktaren Lyder Sagen (1777–1850) er kjent for å ha brukt “bergensdialekten uforfalsket” i klasserommet (Pettersen 1996: 37f.). Han kom frå borgarskapet, men hadde tydeleg ikkje nokon høgstatusdialekt – for den fanst kanskje ikkje enda – og han forklarte sjølv praksisen sin med at han i studietida i København ikkje ville gjere seg til med å bruke ein høgtidstale, altså det vi òg omtalar som klokkardansk. Derimot ville han ha elevane til å snakke slik i timane. Både praksisen hans og det at dette var noko samtida la merke til – slik at ein del av elevane hans har skrive om det seinare – viser først og fremst noko om posisjonen åt høgtidstalen, altså den skriftetterlikna talen, som altså var noko anna enn ein høgstatusdialekt. Men kan hende anar vi her at det var ei språkkulturell endring på veg i Bergen i første tiåra av 1800-talet. Når ein del av sitata etter Sagen, men ikkje alle, kjem i dialektform, kan det vere fordi elevane ønsker å markere det gatebergenske i motsetning til den sosiolekten dei sjølve hadde fått utvikla – dvs. etter 1800. (Jamfør elles om utviklinga av urbane sosiolektar nedanfor i bolk 4.)

For at ein ny dialekt, altså høgstatusdialekten, skal kunne utvikle seg, måtte det må vere litt størrelse på miljøet for at barna kan leve så segregert frå resten av lokalsamfunnet at dei utviklar eit nytt blandingspråk som førstespråk. Det har altså skjedd i Kristiania og i andre norske byar – truleg etter 1800. Slike nye koinéar blir førstespråk hos ei oppveksande slekt. Høgstatusdialekten var sterkt påverka av skriftmålet og høgtidstalen, men likevel hadde ein del norske dialektdrag komme inn, som f.eks. i Kristiania *gli* og *be* for *glide* og *bede*, /sku:g/ for dansk *Skov*, og retroflekse lydar (Haraldsrud 2012: 112f.) I Bergen og Stavanger kom ingen retrofleksar, derimot skarre-r (jf. 7.1.5 i kap. 2 i NSH I), og høgstatusdialekten i Stavanger fekk særmerke som /je:/ for ‘eg’. Det utvikla seg altså lokale høgstatusdialektar.

Om talemålet åt embetsmennene utover bygdene veit vi lite. Men vi kan nok rekne med at same mønsteret blei vanleg hos standspersonar der som i byane, det vil seie at norskfødde snakka høgtidstalemålet – omtalt som klokkardansk. Enkeltprestar og sorenskrivarar rundt omkring brukte dette “lesespråket” med ulik dialektbakgrunn, men det gav ikkje opphav til ein sosiolekt som førstespråk. Den norske klokkardansken var òg noko bøndene lærte seg å bruke meir og mindre. For slike som Ivar Aasen og andre som satsa på intellektuelt arbeid på 1800-

talet, var det sjølv sagt å bruke klokkardansk (for Aasen med sunnmørsk lydpreg); i kor stor grad dei praktiserte bidialektalitet (altså skifte mellom to språkvarietetar etter f.eks. eit diglossisk mønster), er usikkert. Lærarane brukte klokkardansken inne i skolestua; kva dei gjorde utafor, har vi ikkje gode opplysningar om, men i eit skodespel frå Os i Hordaland frå 1811 (jf. 3.1) snakkar læraren klokkardansk saman med dei dialekttalande bøndene (Seip 1934).

Autoriteten åt embetsmennene utover i landet kravde at dei markerte seg meir gjennomgåande med det korrekte språket i talen, først og fremst i høgtidsstilen som dei brukte i kyrkja eller i formelle situasjonar, men standsidentiteten og sjølvbildet kravde òg at danninga og den kulturelle overlegenheita over bondekulturen kom til uttrykk i “danna daglegtale”. Opplysningstida utover 1700-talet hadde skapt stor respekt for kunnskap og “danning”, som ein åndselite utvikla og forvalta, og for embetsmenn og det framveksande borgarskapet blei dette vidareført til omgrepet *dannelse*, altså kulturelle former (slik som språkvariantar) som hadde gjort det mogleg å utvikle dei tanke- og åndsevnene dei representerte. Standsskiljet fekk uttrykk i eit sterkt åndshovmod, som kom ofte fram i retorikken, der “poleret” språk er teiknet på kulturell overlegenheit (jf. kap. 2 i NSH III og Indrebø 2001: 394). Dei danske grammatikarane særleg på 1700-talet (Høysgaard 1747 og Baden 1785) formulerer ein språkideologi om det beste språket som nettopp kan legitimere slike haldningar. Den språklege ideologien blei effektivt formidla til bondestandet gjennom allmennskolen frå 1739, og sorenskrivaren i Follo koplar skolen med språkforskjellar og språkending allereie i 1743: “Nu i disse Tiider, da ungdommen fra begyndelsen bliver oplært udi Reent brugelig Dansk at bogstave-re og Læse, er fast alle besynderlige Ord og Talemaader, af det gamle Norske Sprog forsvunden” (Kolsrud 1915–1917: 59–60).

Berre fire år etter vi fekk ei føresegn om allment skolevesen i landet, er nok denne påverknaden sterkt overdriven og neppe påviseleg. Truleg er framstillinga uttrykk for nettopp den hegemoniske førestillinga om at alt som gjaldt opplysning og danning, gjekk frå dei høgare standa og ned til den “gemene mann”, altså bondestandet. Det gjaldt òg språket.

3 Talemålet mellom 1800 og 1950

3.1 Kjeldesituasjonen

Etter 1800 kjem vi over i ein ny fase når det gjeld kjeldetilfang. Rettnok begynner vi perioden med 1700-talstradisjonen og tilfeldige oppskrifter, helst slikt som skulle moroe folk. Det kom dessutan ein del visedikting på trykk i samtida, og kring 1800 er det tydeleg kommen ei fagleg “antikvarisk” interesse for bygdemål.

Frå 1811 har vi òg eit skodespel skriva på Os-mål (frå Hordaland) av prestesonen Michael Segelche Sandberg (1783–1814), som skreiv stykket etter at han var flytta til København (Seip 1934). Språkinteressa aukar monaleg etter språkdiskusjonen på 1830-talet, som tydeleg varsla om at nasjonalromantiske straumdrag kom til landet. Etter 1840 dukkar det opp dialekttekstar og dialektkommentarar i akademiske tidsskrift. Dette var begynt før Ivar Aasen la ut på den systematiske langferda for å samle inn dialektopplysningar etter oppdrag frå Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab (jf. kap. 7 i NSH IV), men det er Aasen som representerer det store kvantespranget i innsikta vår i norske dialektar. Før han presenterte verka sine (1848, 1850, 1853, 1864 og 1873), var vankunna stor også hos dei som utgjorde kunnskapseliten i landet.

Frå 1875 begynner Johan Storm (1836–1920) å publisere om norske dialektar, og frå 1882 Amund B. Larsen (1849–1928), som truleg aller mest må seiast å ha vore grunnleggaren av dialektologien som disiplin i tråd med dei internasjonale faginteressene. Med desse to kom systematiske granskingar og presentasjonar; men i tillegg kjem nå òg den breie kulturelle interessa for språk og dialektar som gjorde at vi fekk ein rik dialektlitteratur frå stordelen av landet. Denne interessa må kulturhistorisk tolkast saman med striden om språkidentiteten og skriftmålet i landet. Interessant er det å sjå at samtidig med at bygdemåla stod høgast i kurs i den nasjonalromantisk prega tradisjonen, kom òg ei lang rad avhandlingar om mange bymål i landet. Det siste vitnar nok om korleis den nasjonalromantiske tradisjonen var samanvoven med ei sosial reising der folkemålet eller gatespråket blir framheva og analysert, mens “den dannede dagligtale” blir berre litt kommentert. Olaus Fjørtoft (1871) gjorde seg til politisk talsmann for gatespråket i byane. Det kulturpolitiske innhaldet i denne breie interessa kan vi sjå av at den mest omfattande dialektpubliseringa kom der nynorsken har godt fotfeste i dag (Aske 1997).

Den nye dialektologien som fagleg disiplin blei svært historisk orientert, meir enn det Ivar Aasen var i sine verk. Det kom både av den kulturelle interessa for å bygge opp den nasjonale identiteten og av dei nye og auka språkhistoriske innsiktene som ein fekk dei siste tiåra av 1800-talet. Derfor blei framstillingane prega av at dei idealiserte dialektvarietetane og framheva dei arkaiske draga, dvs. det som var dei “eigentlege” dialektane. Vi finn mange utsegner som denne hos Vidsteen (1884: 6) om vossemålet: “Forresten befunder naturligvis Maalet i Vangens Sogn sig i den samme Tilstand af fremskridende Opløsning som ellers paa de fleste Steder i Landet.” Denne haldninga gjer at dialektbeskrivingane truleg overser mykje av variasjonen som fanst. Når vi brukar desse kjeldene i jamføringar med beskrivingar av talemålet i dag, står vi dermed i fare for å skape for store tidskontrastar.

3.2 Norsk talemål kring 1800

Dialekttilstanden kring 1800 har vi egentleg mange gode opplysningar om særleg pga. at *Prøver af Landsmaalet* av Ivar Aasen (1853) inneheld dialektprøver som bygger på samtalar med infomantar som lærte å snakke dialekten kring 1800. Vi kan vise ein slik tekst frå Øre i Gjemnes kommune på Nordmøre (Tingvoll prestegjeld i 1853):

Originaltekst i <i>Prøver af Landsmaalet</i> , 1853	Dialekten kring 1800, i lydskrift (med korreksjon av opplagde feil i Aasen-teksten)	Dialekten kring 2000 Endringane frå 1800 er markert.
<p>Der æ ein Gar, so eite Stemme; han ligg yst ut mæ Have, tett attmæ dæ Fjell'e, so dem kalla Stemshesten. Der va dæ tvo Tause eingang, so skuld ro ut paa ein Holm aa mjølk nokkore Kyr, so dem ha gangand der. Da blees dæ upp eit Oveer, mæ dem va paa Holma; aa naar dem skuld ro heimatt, so var Stormen alt so stri, at dem rak aav fraa Lanne aa dreiv te Hav; dem vann ikje meir ell aa hall Baaten rett paa Sjønaa, aa sia laut han ga so han vild. Aa soleis laag dem aa dreiv paa Hava baade Da'inn aa Natt'a å nokkore Daga te.</p>	<p>Der e en ¹ga:r so ete ¹Stæme; hǽj lig ¹yst ǽtme ¹ha:ve ¹tet atme de ¹fjele so dæm kaála ¹Stæmshæstǽ. Der va de ¹tvu: ²tå:se en ¹gøj so sk-θ-áá ²ru:-ǽt po en ¹hoǽm o ²mjø:k nokor ¹çy: so dæm ha ²gǽjǽn der. Da ¹br̥e:s de ¹up ɛc ²u:ver me dæm ¹va: po ¹hoǽma; o nor dæm sk-θ-áá ²ru:-h̥e:m at, so va ¹stormen ¹aʎc so ¹stri: at dæm ²ra:k-ov fro ²lǽna o drev te ¹hafs. Dæm ¹vǽj iççe ¹m̥e:r ɛl o ¹hał ¹bo:tn̥ ¹ræt po ¹sy:no, o ²sia lǽt ǽ ²gǽj so ǽ ²vi.áa. O ¹soles ¹lo:g dæm o ¹dre:v po ²hava bode ¹da:ŋ o ¹nata o noŋ ²da:ga ¹te:.</p>	<p>Der e en ¹ga:r so h̥ete ¹Stæme; hǽj lig ¹yst ǽtme ¹ha:ve ¹tet atme de ¹fjele so dæm kaála ¹Stæmshæstǽ. Der va de ¹t̥u ²tå:se en ¹gøj so sk-θ-áá ²ru:-ǽt po en ¹hoǽm o ²mjø:k nokor ¹çy: so dæm ha ²gǽjǽn der. Da ¹br̥e:s de ¹up ɛc ²u:ver me dæm ¹va: po ¹hoǽmen; o nor dæm sk-θ-áá ²ru:-h̥em at, so va ¹stormen ¹aʎc so ¹stri: at dæm ²rak-burt fro ¹lǽne o drev te ¹hafs. Dæm ¹gr̥ej iççe ¹m̥e:r ɛŋ o ¹hał ¹bo:tn̥ ¹ræt po ¹ʂø: ǽ, o ²sia lǽt ǽ ¹ga: so ǽ ²vi.áa. O ¹ʂli:k ¹lo:g dæm o ¹dre:v po ¹have bode ¹da:ŋ o ¹nata o noŋ ²da:ga ¹te:.</p>

3.3 Fonologiske endringar

3.3.1 Fonologiske endringar: Reduksjon i talet på vokalfonem

Opp til 1900-talet har det vore to område som har halde på eit vokalsystem med like mange fonemiske distinksjonar som norsk hadde i middelalderen; det er øvre Setesdal (Valle, Bykle og øvre Bygland kommune) og søre Sunnmøre. Gammalnorsk hadde sjølvstendig kvantitet på vokalane, mens moderne norsk har fått ei kvantitetsomlegging som lét vokalkvantiteten vere avhengig av konsonantismen bak. Refleksane av gammalnorsk kort og lang vokal blir i dei nemnde konservative dialektane framdeles skilt ved nyutvikla kvalitetsforskjellar. I setesdalsmålet har det gått først og fremst i den retninga at dei lange vokalane i gam-

malnorsk er blitt diftongert: *i* > *ei*, *y* > *uy*, *ú* > *eu*, *ó* > *ou*, dessutan er gno. korte *e* og *ø* blitt litt lågna til *ε* og *æ*. Diftongeringa kunne skje “problemfritt” ved at dei gamle diftongane allereie hadde endra seg litt i uttale, jf. kap. 1 i NSH I. Einast gno. *ø* og *o* har falle saman, og det skjedde alt i mellomnorsk tid over heile landet. Trygve Skomedal (1972) reknar òg med at diftongeringane i setesdalsmålet skjedde då. Denne dialekten har dermed eit vokalsystem med 18 vokalfonem (*i, y, u, e, ε, ø, æ, o, a, ei, uy, eu, ou, æ, å, ai, oy, au*).

Sørover på Agder minkar vokalinventaret, og ute ved kysten har vanlegaste systemet hatt 9 monoftongar og 3 tradisjonelle diftongar, men i Vest-Agder har kystmåla lenge òg halde på ei motsetning mellom /o:/ og /ɔ:/, som i *lok* og *låk* (Frestad 1991). I etterkrigstida har også dialekten i øvre Setesdal vist tendens til samanfall, og da er det dei spesielle diftongane som vik først og fell saman med næraste monoftong, slik at /tei:me/ blir til /ti:me/ osv. Birgit Attestog (2004: 95f.) viser at ungdommar i Valle fødd i 1983–1984 har diftonguttale i halvparten av test-orda, i Bykle 15 % og i Bygland finst knapt slik uttale lenger.

På Vestlandet og Sørlandet mellom Setesdal og Sunnmøre er det svært skiftande vokalsystem; det enklaste har 8 monoftongar og 3 diftongar. Slik var det alt i målet som Aasen beskriv, og som kan seiast å vere tilstanden tidleg på 1800-talet. Det vil da nokså truleg seie at forenklingane frå Stad og sørover har oppstått i tidleg moderne norsk, altså før 1800.

Nord for dette vestlandske vokalområdet har utviklinga gått i motsett lei. Romsdalsk, nordmørsk og delar av trøndersk fekk på 1800-talet den monoftongeringstendensen som er omtalt ovanfor under 2.4.2, og der monoftongeringprodukta /ε/ og /æ/ heldt på statusen som sjølvstendige fonem. Når samtidig diftongane framdeles stod ved lag i visse posisjonar og dessutan i nye ord, heldt dei òg på fonemstatusen, og dermed blei systemet på 11 monoftongar (*i, e, ε, æ, y, ø, æ, #, a, ɔ, ɔ* + dei gamle tre diftongane).


3.3.2 Konsonantforandringar

Palatalisering av velarar

Sjølvje palataliseringa var oppstått i gammalnorsk eller mellomnorsk og omfatta da heile landet når det gjaldt velarar framom fremre vokal i trykktung staving: *kærr*, *kenna*, *kirna*, *køla* ‘kjær, kjenne, kinne, kjøle’. I denne posisjonen blei den lydrette overgangen til palatal avgrensa i austlandsk da kort *a* og *o* fekk den fremre uttalen *æ* og *ø* – utan at dei førte til palatalisering: *karl* > /kæɫ/, *kol* /kø:ɾ/. Frå da er det tydeleg at berre dei midtre og høge fremre lydane fører til palatal uttale av *k* og *g*, og slik har det vore nokså gjennomgåande fram til etter 1800. Vi kan tidfeste bortfallet av den fonologiske palataliseringsregelen på grunnlag av importord. Her er uttalen ofte skiftande, men ordformer som /ʃets/ ‘sketsj’ og /ʃebis/ ‘gebiss’ viser

at mønsteret gjaldt lenge. Importordet *kino* /¹çi:no/ er av dei nyaste med palatal uttale, for etterkrigsord som *kimono* og *kick* får berre k-uttale.

Den mellomnorske palataliseringa av velarar framom endestavingar får ein annan og morfofonologisk status etter at endingsvokalane blir utsett for kvalitets-



Kart 5: Palatalisering av velarar i mask. og nøytr. i skandinavisk (Haugen 1976: 271).

reduksjon eller nasalering og opning. Da blir palataliseringa bunden til grammatisk kategori. Her skil nokre austnorske dialektar seg litt ut i kva kategoriar som får palatalisering. I nordnorsk, trøndersk, vestlandsk, egdemål og Vest-Telemark er det historiske hovudprinsippet at ein får palatalisering der det i gammalnorsk var ei ending som begynte på *-i/-e*. I dei austlandske fjellmåla frå Gudbrandsdalen og sør til og med Aust-Telemark har den tradisjonelle dialekten ikkje hatt palatalisering i sterke hankjønnsord nemneform, sterke hokjønns dativ og sterke inkjekjønnsord nemneform. I desse formene har den gammalnorske *i/e*-vokalen opna seg til *-ε*, og det må ha skjedd så tidleg at det hindra palatalisering. Det vil seie at palataliseringa i desse dialektane er avgrensa til kategoriar der endinga begynte med gno. *-in*, som så gav nasalert *i* og opning til trong *e*. Derfor heiter det /¹tagen, ¹sa:gen, ¹ta:ke/ 'taggen, saga (dat.), taket' i dei nemnde fjellmåla mot /¹täjjen, ¹sajine, ¹ta:čče/ i vestlandske dialektar. Det strukturelle vilkåret for denne forskjellen i palataliseringsregelen tyder på at skiljet har oppstått enten svært tidleg i moderne norsk eller i mellomnorsk.

Palataliseringa har kanskje ikkje funnest i alle dialektane i landet; i alle fall har vi ikkje belegg frå søre delen av Østfold, ytste kystområdet av Vestfold, Telemark og Aust-Agder, og heller ikkje frå Troms fylke. Men det er uavklart om desse områda representerer ein svært tidleg tilbakegang for palataliseringa. Leksikalsk palatal *gj* og *kj* er derimot belagt enda på 1500-talet frå Oslo-området, f.eks. i infinitivar som *leggja* og svake hokjønnsord som *lykkja* (Indrebø 2001: 348). Palatalisering i ein morfologisk kategori møter vi derimot i Indre Østfold, nemleg i nøytral Ø-klasse med utgang på trykklett *i* i gno., som i *stykkjy*, *hærkje* 'stykke, skrap', og også i *værkjen* 'verken, ty med bomull til renning og ull til veft' (Hoff 1946: 217ff.). I denne klassen kunne palatalen vere gjennomgåande i heile bøyingsmønsteret, slik at han kunne tolkast som leksikalisert palatal, men det betyr nettopp at han var blitt til gjennom ein generell-fonologisk regel på eit tidlegare stadium.

Den kvalitative endringa skjedde, som beskrive i kap. 2 i NSH I, først ved ei palatal avslutning av den velare konsonanten; dette utvikla seg vidare til affrikat, som så har gått vidare til frikativ i store delar av landet, men ulikt for den stemte og ustemte velaren. Tomasson (1625) viser oss eit system frå det leniserte området (truleg Kvinesdal), der ein distinksjon i palataliseringsproduktet (*j* mot *jj*) i /vejen/ mot /tējjen/) er halden oppe sjølv etter at *k* hadde falle saman med *g* i ikkje-palataliserte ordformer: /veg/ – /taga/ 'ta'. Denne distinksjonen er vidareført, men kvalitativt endra i den moderne Kvinesdals-dialekten, som har latt *j*-en gå inn i diftong (*vejen* > *veien*), mens affrikaten er gått til frikativ (Skjekkeland 2011: 62), jf. tabell 4 nedanfor, som viser korleis distinksjonen er bevart sjølv om lydane forandrar seg. Same utviklinga ser vi òg i det at Rasch opplyser om partisippforma *finjie* for det som i dag er uttalt /finje/ i jærmålet (Særheim 2011: 116).

Gammalnorsk	Tenkt mellom- norsk uttale	Egdemål 1600	Kvinesdal 2000
vegin	*veʝinn	vejen	vei:en
tekinn	*teççinn	teʝen	te:jen

Tabell 4: Konsonantdistinksjon som blir vidareført av nye fonetiske kvalitetar.

Ei avgrensing i palataliseringsregelen har skjedd i nordre delen av Sunnhordland og ytre Hardanger ved at velaren ikkje blir ramma etter lang stammevokal, dvs. at det heiter f.eks. /²ha:ge/ og /²kru:ken/ ‘hage, kroken’. Dette er grammatisk sett ei komplisering. Ettersom det rammar både gno. lang vokal (*krókinn* akk.) og forlengd gammalnorsk kort vokal (*bagi* nom.), er det rimeleg å rekne med at denne nyreguleringa kom etter kvantitetsomlegginga i tostavingsord. Den sunnhordlandske særutviklinga må ha skjedd før 1800, for ho er omtalt som del av tradisjonelt mål hos t.d. Vidsteen (1884).

Utover 1800- og 1900-talet er det tydeleg at regelen om palatalisering av velarar fell vekk meir og meir i dialektane. Ein ser det alt hos informantar fødd før 1900 f.eks. i Nordland (Sandøy 1987: 25) og i Vanylven på Sunnmøre (Lianes 2013: 80). Avviklinga er også komen langt hos informantar fødd kring første verdskrigen i Bø i Telemark (Skjekkeland 1980: 115). Hos dei som lærte seg å snakke norsk kring 2000, er nok palataliseringa som grammatisk regel ikkje levande lenger. Ved avviklinga av palataliseringsregelen er det eit mønster at ho skjer i kategori etter kategori, dvs. i adjektiv (f.eks. /ri:çe men/ ‘rike menn’) før sterke partisipp (f.eks. /te:çe/ ‘teke, tatt’), som igjen skjer før substantiv, eller i klasse etter klasse, dvs. i svake hankjønnsord (f.eks. /baçe/ ‘bakke’) før sterke hokjønnsord av er-klassen (f.eks. /sa:ja/ ‘saga’). Avviklinga skjer òg lettast i klassar der fåe kategoriar viser palatalisering, som når svake hankjønnsord tradisjonelt hadde palatal i berre éi av fire bøyingsformer i målet i Bø i Telemark, f.eks. i /baçe – baken – bakar – baken/. Da fell regelen om palatalisering i denne eine forma lett ut i analogi med dei tre hine formene i same paradigmet, mens sterke hokjønnsord i er-klassen held lenger på palataliseringa ettersom dei har palatalisering i tre av fire bøyingsformer, f.eks. i /sa:g – sa:ja – sa:jir – sa:jine/. (Skjekkeland 1980: 115; Sandøy 1987: 233.)


3.4 Morfologiske endringar

3.4.1 Substantiv

Delt hokjønn


Det er svært utbreidd i norske dialektar å ha ulik ending i sterke og svake hokjønnsord i eintal bestemt form, som vi kan sjå av kart 6. Det vil seie at f.eks.

det sterke hokjønnsordet *sol* og det svake *vise* heiter i bestemt form f.eks. /su:læ/ og /vi:so/. Bakgrunnen er at endingane var ulike i gammalnorsk (-*in* og -*an*), og lydutviklinga har ikkje ført dei saman.



Kart 6: Delt hokjønnsord i nordiske språk. (Frå Sandøy 1996: 179.)

Endingsvariasjonen innafor desse områda er stor, noko ein kan sjå ved å kombinere kartet for sterk bøyning og svak bøyning nedanfor, jf. kart 7.



Kart 7: Endingane i sterkt og svakt hokjønn i bestemt form eintal. (Frå Papazian & Helleland 2005: 74–75.)

Dette geografiske bildet kan lett gi oss den idéen at områda som ikkje har delt hokjønn, har fått samanfall som eit morfologisk forenklingsprodukt opp gjennom dialekthistoria. Alternativet er at samanfallet skjedde allereie da nasalerings- og opningsutviklinga av gno. *-in* og *-an* føregjekk, jf. kap. 2 i NSH I. Her er det ikkje lett å dra ein absolutt konklusjon, for skiljet mellom dei to hokjønnsbøyingane har vist seg å vere svært seigliva.

For delt hokjønn kan vi mangstad følgje grensene gjennom hundreåra. I agdergrammatikken hans Tomasson (1625) står både svake og sterke hokjønnsord med bestemt eintal på både *-å* og *-a*. Her er altså ikkje noko opplagt delt hokjønn; meir truleg er dette ei avspegling av at somme bygder har *-å* og andre *-a* i alle hokjønnsord i bestemt eintal i det området Tomasson henta materialet sitt frå. Gamle Kvinesdal, dvs. dialektgrunnlaget som forfattaren mest brukar, har *-a* i begge klasane, mens nabodialektar både i aust og vest har *-å* i begge. Men i Fjotland, som i dag er nordre delen av nye Kvinesdal kommune, er det delt hokjønn med endingane *-æ* og *-å*. Den morfologiske grensa går altså gjennom den nye kommunen, og der gjekk nok grensa på Tomasson si tid òg. I alle fall har ikkje området for samanfallsmønsteret, og da blir det *-a* frå den sterke bøyinga i Kvinesdal og Evje, mens den nye samanfallsendinga blir *-å* i Audnedal (Ågedal 2001: 45; Skjekkeland 2009: 189, 2011: 57).

Frå tidleg på 1900-talet har delt hokjønn vore på retur i Nordland fylke (om Fauske i Brekke 2000: 66), og dei siste tiåra har ein sett ein òg tendensar til at dialektane på ytste Sunnmøre tar opp *-a* i udelt hokjønn slik systemet er i fjordamålet og i Ålesund. I alle fall er det slik hos dei som er fødd på 1980-talet i Ulstein og Hareid (jf. Sævik 2000: 57).

Vokalane i fleirtalsendinga

I gammalnorsk var fleirtalsendingane *-ar*, *-ir* og *-ur*. Dei tre endingsvokalane er bevart i dalmåla austom Langfjella, og vi finn dei òg i nordmørsk og delar av trøndersk. Det er den gammalnorske u-en i svake hokjønnsord, eller */-ʉ, -u, -o/* i moderne dialektar, som brukar vere på vikande front. Jamvektsord har halde på u-en i eit større område, men dei må vi sjå på som eit leksikalisert fenomen, og derfor siktar vi her til gamle overvektsord, dvs. typen *viser* og ikkje *veker*. På Vestlandet har gammal *-u* og *-i* for det meste falle saman, men det er gjort forskjell i romsdalsk, vossamål og indre hardingmål. I Ullensvang og på Voss har */-ur/* og */-u/* hatt tendens til å vike for */-er/* og */-e/* etter andre verdskrigen.

Dei samanfalla som har skjedd, representerer truleg morfologisk analogi. For eksempel har fjordamålet og sunnmørsk den bestemte endinga */-ije/*, altså med palatal, som må komme frå gno. *-irnar* og ikkje *-urnar*, ettersom u-en ikkje ser ut til å ha gitt palatalitet til n-endinga i nordvestlandsk (Sandøy 2011 c: 27). Dermed

er det vanskeleg å tidfeste denne overgangen ut frå strukturelle resonnement, men som ofte elles må den ha skjedd før dialekttilstanden kring 1800, som Aasen beskriv i verka sine. Samtidig har samanfallet skjedd etter at palatalisering av velarar blei avslutta som levande fonologisk prosess i mellomnorsk, for typen /²ve:kipe/ ‘vekene’ har aldri palatalisering (jamfør 7.1.6 i kap. 2 i NSH I).

3.4.2 Verb

Infinitiv

På 1900-talet kjem ein tydeleg effekt av at kvantitetsomlegginga er avslutta, for i dei gamle jamvektsområda begynner infinitivane å få regulert morfologien på ny pga. at gamle jamvektsord faktisk er uttalt som overvektsord, og dermed får dei òg apokope som dei gamle overvektsorda. Derfor ser vi nå at trøndersk i byar og tettstadar er på veg til å bli “nordlandsk” med apokope i alle infinitivar. Såleis kjem overgangar som /koma/ til /kom/ og /²grava/ eller /²græ:va/ til /græ:v/ osv. (Hårstad 2008: 404). Det austlandske jamvektsområdet er på tilsvarende måte på veg inn i det tradisjonelle e-målsområdet ved at e-endinga frå gamle overvektsinfinitivane blir nå brukt i alle infinitivar. Eit gammalt prinsipielt skilje mellom dialektane i Noreg blir altså utviska ved denne morfologiske “oppryddinga”.

Det gamle målet hadde normalt tostavingsinfinitivar, dvs. med stamme + infintivsendinga -a (unntaka var verb med kontraksjon av *á + a > á* og aksentomkasting av *é + a > já*, jf. *fá* og *sjá*). I moderne norsk har mange frekvente verb (og i praksis er nesten alle sterke) fått bortfall av sistestavinga, og det vil seie at da har også siste konsonanten i den gamle stammen følgt med i “fallet”: *hava > ha, taka > ta* osv.

Eldste vitnemåla om dette har vi frå Numedal, der Augustinus Flor frå midt på 1700-talet konsekvent skriv kortforma *je* for *gjeva*, og han har *vå* for ‘vade’, mens han derimot har *lægje* for ‘le’. Han har også bøyingane *gange – jæng, stanne – støenn*, mens heile dalen nå har *gå – går, stå – sår*. Flor har òg *tåko*, mens Johan Storm seint på 1800-talet hørde *ta* i Nore, og Hoff har registrert kortforma i heile dalen (Hoff 1981: 174).

Slike korformer finn vi òg i dei andre landsdelane, f.eks. i skodespelet frå Os i Hordaland frå 1811 med former som *gje, ha, ta* (Seip 1934), og Aasen (1853) har kortforma /ho:/ ‘ha’ frå Inderøya (som må ha utgangspunkt i den fonologisk utjamna fullforma /hovo/). Seinare er forma der bytt ut leksikalsk med /ha:/. Belegget hos Aasen, som prioriterte den “fuldkomnere Form” (f.eks. i 1853: IV og 1864: XIV), gjer det rimeleg å rekne med at denne utviklinga til kortverb i infinitiv må vere godt i gang kring 1800 også i trøndersk, men omfanget og utbreiinga har nok auka etter den tida. Ein kunne tenke seg at verb med *ð* som stammeutgang i norrønt var første kandidatane i ei slik utvikling pga. at *ð*-en fall alt i mellom-

norsk og førte til vokalsamanstøyt: *glíða* > *glie* > *gli*. Eit av dei eldste eksempla, nemleg *vå* (gno. *vaða*) frå Numedal, er av den typen.

Svakt presens og perfektum partisipp

Når verb har fått kortform i infinitiv, er det systematisk naturleg å la verba få ny presensform med å sette på den r-endinga som frå gammalt fanst i svake kortverb som f.eks. i *nå* – *når*. Bøyinga *ta* – *tar* gir betre formsamanheng mellom infinitiv og presens enn *ta* – *tek*. Slike nye presensformer har vi òg førekomst av frå Os i Hordaland frå 1811: *har, tar, slår, får, går og står*. (Desse verba heitte i presens før *heve, teke, slør, fær gjenge, stende*.) (*Få og slå* var kortverb alt i gno., *gå og stå* er importerte kortformer frå lågtysk via austnordisk.) Slike presensformer brukar ha følge av nylaga svake partisipp: *fått, gått* osv.

Presens av sterke verb

Svarabhaktivokalen har stått i eit samla område frå og med Sunnmøre i nord til og med Agder og Telemark i sør – med unntak av Nordhordland, jf. kart s. 62 i NSH I. Det vanlege er at vokalen er *-e*, men */-u/* står i somme bygder i indre Hardanger. Same området som har denne svarabhaktivokalen i adjektiv, har òg formene */-ur/* og */-una/* i flt. av svake substantiv. Resten av hardingmålet har svarabhaktivokalen */-e/*, og hos yngste generasjonen er det *e-en* som nå tar over også i indre området (Opedal 1960: 9; Helleland 2004: 242.) På Voss har *u-en* stått på same måten som i indre Hardanger, men utviklinga der går i dag mot endingslaust presens, som i nabodialekten nordhordlandsk.

Når ein del sterke verb får kortform i infinitiv og deretter ny presensform, som beskrive ovanfor, blir mønsteret med omlyd er altså sterkt svekt. Det mest regelfaste er blitt å ikkje ha vokalskifte frå infinitiv til presens. Gjennomfører ein det, har stordelen av vestlandsk likevel avmerkt presens både med svarabhaktivokal og med tonem 1, og dermed kan det uregelrette */²koma* – *¹çe:me/* gå over til */²koma* – *¹kome/*, som er heilt analogt med andre gamle sterke verb som */²bi:ta* – *¹bi:te/*. At dette er ei forenklande utvikling med grunnlag i at presens likevel er tydeleg markert, ser vi av at utviklinga ikkje kjem i nordhordlandsk, som nettopp manglar svarabhaktivokal. (Jamfør òg kap. 1 i NSH I.)

Desse omlydslause presensformene er gamle i det stavangerske og mandalske gatespråket, dessutan i bygdene frå Mandal og austover til Kristiansand (Skjekkeland 1997: 174), og derifrå har truleg mønsteret spreidd seg alt i første halvdel av 1900-talet til tettstadar og bygder i Rogaland (Time 1973: 106, 111; Sandvik 1979: 129) og Vest-Agder, og i dag spreier det seg raskt òg i Hordaland. I f.eks. osmålet var omlyden tydeleg på veg ut på 1970-talet (Aarseth 1974: 163). Men i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre er det foreløpig få eksempel på denne utviklinga.

3.4.3 Genusbøying i adjektiv

Fonologisk sett skal adjektiv på *-en* i sterk bøying og sterke partisipp få same utvikling som sterke substantiv i bestemt form, dvs. at f.eks. *open* skal ha ending som i *mann-en*, *sol-a*, *tak-et*. Ut frå det gammalnorske systemet skal ein i andre adjektiv på ei staving og i svake partisipp i delar av landet vente *-e* (svarabhaktivokal) i hankjønn eintal (jf. kart s. 62 i kap. 1 i NSH I). Den strukturelt mest arkaiske bøyinga skal dermed sjå ut som i tabell 5.

	Eintal			Fleirtal		
	m.	f.	n.	m.	f.	n.
Adjektiv på ei staving, f.eks. <i>fin</i> :	¹ fi:n- <i>e</i>	fi:n-	fi:n- <i>t</i>	² fi:n- <i>e</i>	² fi:n- <i>a</i>	fi:n-
-en-adjektiv, f.eks. <i>open</i> :	² ɔ:p- <i>en</i>	² ɔ:p- <i>a</i>	² ɔ:p- <i>e</i>	² ɔ:p- <i>ne</i>	² ɔ:p- <i>na</i>	ɔ:p- <i>en</i>

Tabell 5: Den mest arkaiske adjektivbøyinga i nyare moderne norsk. Talla ¹ og ² viser til tonem.

Heggstad (1932: 32f.) fortel om eit slikt system hos eldre tidleg på 1900-talet. Systemet i fleirtal er dokumentert òg på 1900-talet i Oppdal, på Nordmøre, i Romsdal og Hardanger, og dessutan Hallingdal og Valdres (Rypdal 1929: 18f.; Magerøy 1960; Opedal 1960; Haugen 1982: 87; Jenstad 1982: 165; Indrebø 2001: 238). I dette området har det vore nokså utbreidd med analogisk *-e* i inkjekjønn fleirtal, men morfologiske utjamningar har komme tidleg i mange andre dialektar, ja, faktisk førekjem dei alt i mellomnorsk (jf. Mørk 2013: 663). Ved utgangen av 1900-talet er ikkje skiljet i fleirtalsendinga dokumentert i noko yngre mål, dvs. at *-en* er generalisert til heile fleirtal.

Svarabhaktivokalen i adjektiv er ikkje belagt frå Austlandet anna enn Telemark, og alt i 1743 ser ein at *-en* i en-adjektiva var i bruk i hokjønn rundt Oslofjorden og vestover. Dermed fall dei to kjønna saman i begge adjektivbøyingane. På 1900-talet ser vi at denne forenklinga òg kjem inn i yngre mål i Rogaland og Hordaland (Sandøy 1988: 88).

Svarabhaktivokalen har fonologisk opphav framom *r-en* i maskulinum, men dei fleste dialektane har overført han til hokjønn òg, jf. 2.5.1. En-adjektiva har derimot halde på den lydrette hokjønnsforma lenge, nemleg opp til siste halvdel av 1900-talet i eit område frå Sør-Trøndelag nedover Vestlandet til og med Rogaland med utløparar austover i Telemark og Valdres. Vokalen i denne endinga samsvarar med vokalen i sterke hokjønn eintal bestemt form, altså f.eks. *handø e nakjo*, *handæ e nakjæ*.

I svak bøying har sørvestlandsk halde på den ureduserte endinga *-a* i hokjønn og inkjekjønn eintal, dvs. med skiljet *dan store bilen*, *dan stora skuto*, *da stora huse*. Det har halde seg svært godt opp til nå, også i bymåla i Rogaland, men tendensen i dag er at det skjer ei utjamning til *-e* i yngre mål. I moderne norsk held altså utviklinga frå mellomnorsk fram med å redusere kjønnskiljet i adjektiva.

3.5 Syntaks: Dativ

3.5.1 Geografiske endringar


Rundt 1600 var norsk prega av å ha tre kasus, dvs. grovt sett slik at dei personlege pronomena viste motsetninga nominativ \neq akkusativ&dativ. (& markerer at dei to kasusa her har same form.) Substantiva viste motsetninga nominativ&akkusativ \neq dativ, og dermed får det samla systemet tre kasus. (I Setesdal har det opp til vår tid vore tre kasus i dei personlege pronomena: nominativ \neq akkusativ \neq dativ.)

Dativforskaren Maj Reinhammar skreiv i eine dativ-arbeidet sitt: “Bruket av detta kasus har ingen framtid i vårt samhälle. Det är snarare märkligt, att dativen kunnat leva kvar så länge som särskild form” (Reinhammar 1973: 249). Bortfallet av dativ begynner på 1300-talet i søraustnorsk (Seip 1955: 309f.), og på den tida var denne kasusen allereie borte i dansk (Skautrup 1944: 267). Dativen representerer eit komplisert drag i grammatikken både morfologisk og syntaktisk, og med reorganiseringa av syntaksen etter gammalnorsk tid da leddfølgja blei eit viktig prinsipp, fekk dativen liten funksjon. Dermed er poenget til Reinhammar godt.

Med utgangspunkt i opplysningar om restar av dativ som kan tolkast som hermingar eller minningar etter eldre språkbruk, kan utbreiinga for tida kring 1600 sjå ut som på kart 8. (Stivna dativ i faste uttrykk og i stadnamn ser vi her vekk frå.) Situasjonen kring 1800 og 1950 går fram av kart 9 og 10. Rekna i folketal utgjorde nok dativbrukarane kring 1800 halve befolkninga i Noreg.

Nordgrensa for dativ er minst sikker. Aasen seier ikkje noko meir enn “Nord igjennem Trondhjems Stift” (1864: § 179 Anm.), dvs. til nordgrensa av Trøndelag. Men frå reisa si nord til Alstadhaug hausten 1846 skreiv han om “fornemmelig Helgeland” at “Dativ bruges sædvanlig i Eentallet, men kun tildeels i Fleertallet”, og i bøyingsoversikta noterer han dativ fleirtal berre i hankjønnsord (Bondevik, Nes & Aarset 1998: 58). Frå turen til Tromsø sommaren 1851 skriv han opp eit grammatisk notat frå Lofoten, og der er substantiva bøygd utan dativformer (Bondevik, Nes & Aarset 1999: 19). Men Olga Brekke frå Fauske (2000: 75) viser fullt sett av dativformer i eintal og fleirtal “i gammelt saltenmål”, og hos henne gjeld det språkbrukarar som var vaksne kring 1900. Eksempla gjeld berre preposisjonsfrasar. Dermed kan ein våge seg til å rekne Salten inn i dativområdet for 1600. Ein kan nok rekne med at dativsystemet som ein del andre drag stod ekstra utsett i det nordnorske området alt tidleg pga. stor språkblanding.

I sør finst det ikkje dativbelegg frå søraustlandsk, som nok mista denne kasusen på 1300- og 1400-talet. Lengst sør i flatbygdene på Austlandet har vi belegg frå Eidsvoll i 1743 og Hadeland 1789. I 1745 blei dativ registrert i Romedal i Hedmark, og presten som sendte inn svar til kanselliet noterte “Du skal gaae ind aat han Mor og aat a Far”. (Presten har her mistolka *n* i hokjønn til å vere hankjønnspromomenet *han*.) Presten kommenterer så: “Det rareste udi tale maaderne




Kart 8:
 Maksimumsområdet vi
 kan rekne med for levande
 dativ kring 1600. Streken
 viser sør- og nordgrensa.
 (Kartgrunnlag: Kartverket
 [CC BY-SA 3.0 NO].)

er: at bonden i sin udtale gjør een mands pærsøn til qvinde og qvindes person til mand” (Kolsrud 1920: 83).

Kystområda i Agder hadde neppe dativ kring 1600; slik må ein må tolke Tomasson (1625). Han har rettnok nokre ordtak med “dativformer” av adjektiv og proprium, f.eks. *sinom Kage* ‘si kake’, og ein gong i eit substantiv (*skiom* ‘ski’) (Skjekkeland 2011: 59). Men alle tilfella endar på *-om* uavhengig av kjønn og tal, og det viser at dette ikkje avspeglar noko grammatisk system; det er meir å sjå på som eit forsøk på alderdommeleg stil. Alle fonologiske utviklingsdrag i dette området skulle dessutan tilseie at forma i dativ fleirtal skulle mangle *m* i endinga viss ho var ein del av den levande grammatikken. Men ei ordsamling frå Fyresdal i Telemark frå 1698 viser så mange dativformer at dei må vitne om levande grammatisk dativ der (Bloch 1698).


Frå Rogaland finst det heller ikkje vitnemål om nokon dativ; teksten hans Jakob Rasch frå sirka 1698 med ei omsetjing av første kapittel i brevet frå Paulus til romarane dokumenterer kasusutjamning: *siaa hæiningiene* ‘hja heidningane’ (Venås 1990: 62; jf. linje 13–14 i ms. avbilda s. 417 i NSH I). Særheim (2011) argumenterer for at teksten representerer dialekten i Hå kommune på Jæren.



Kart 9: Levande dativbruk kring 1800. Strekane viser eit større midtområde og to dativ-øyar. (Kartgrunnlag: Kartverket [CC BY-SA 3.0 NO].)

Av teksten som vi siterte i 2.2 frå 1647 – som er oppskrivnen i Sund og kan representere ytre nordhordlandsk – går det òg fram at det er kasussamanfall. Derimot viser Rundhovde (1964: 135) fullt sett av dativformer i substantivbøyinga på Osterøya, som ein kan rekne til indre nordhordlandsk, men ho føyer til at “Dette er gamle former, former som ikkje høyrer til målet åt dei unge”. Det kan truleg tolkast slik at dativen ikkje blei vidareført av dei som blei fødd etter 1900. Aasen slo fast i 1844 at det ikkje var dativ i Hardanger, men Opedal (1960: 11) siterer eit par uttrykk med dativformer: “utmæ elvene” og “ette labbo aot bjødnen”, som viser dativ f. eintal og dativ flt. Men vi kan merke oss at det altså ikkje er dativform på hankjønnsordet *bjødnen*. Derfor må desse eksempla tolkast i retning av at dativ berre hadde funnest for nokre generasjonar sidan, kanskje til frampå 1700-talet. Vidsteen 1882 viser òg til dativksempel frå Tysnes i Sunnhordland, slik at vi kan kanskje utvide Aasen-området litt vestover når vi tenker oss dativområdet eit par hundreår tilbake i tida. Stordelen av Hordaland har altså hatt dativ kring 1600.

Åse Wetås (2008) viser at dativ stod seg godt i appellativ i diplommateriale frå Telemark ved utgangen av mellomnorsk, men ikkje i proprium. Aasen besøkte Øvre Telemark somrane 1853 og 1854 og noterte dativformer, men det er uklårt



Kart 10: Levande dativ-
bruk hos generasjonen fødd
etter 1945. (Kartgrunnlag:
Kartverket [CC BY-SA 3.0
NO].)

om det var restar han noterte og dermed tok omsyn til i *Norsk Grammatik* (Aasen 1864). Folkevisespråket frå Telemark vitnar ikkje om systematisk dativbruk.

Etter 1800 har dativområdet skrumpa fort inn. I Setesdal og i Hordaland har neppe generasjonane etter andre verdskrigen lært seg å bruke dativ, det same gjeld òg det meste av Sogn og Fjordane og Nordland. Dermed står søre og indre delane av Trøndelag, Nord-Østerdalen, Nord-Gudbrandsdalen, Valdres, Hallingdal og Møre og Romsdal att som området for grammatisk levande dativ, jf. kart 10. (Jamfør òg Sandøy 2011 a.)

Det er vanskeleg å seie om dativområdet er eit fullstendig samanhengande område kring 2000, for det er nok berre i ein del grender at det framdeles veks opp nye dativbrukarar. Dette er eit komplisert språkdrag som lenge har vore under press frå det dominerande storsamfunnet, og tempoet i bortfallet aukar nok jo meir “marginalisert” dialektdraget blir. Samtidig fortel kartet oss at endringa skjer i hovudsak etter bølgemodellen, dvs. at samanfallssystemet spreier seg som ei bølge inn over det gamle dativområdet. Det fortel at geografisk naboskap betyr noko for både å halde på drag og å ta opp nye drag, for restområdet skrumpar frå ytterkantane, og området i midten står seg lengst.

3.5.2 Syntaktiske mønster

Det syntaktiske omfanget av dativbruken auka i mellomnorsk. Det er interessant å merke seg at da genitiv fall bort som kasus, skjedde det ved samanfall med dativ (Sandøy 2005, 2012).

Den mest spesielle dativbruken er i subjektsposisjon. Denne bruken er dokumentert mange stadar etter 1600, som f.eks. i sunnfjordsk hos Jenssøn (1646): “Meg brigdast inche stoert om deg *i.e.* Jeg skiøtter dig ey stort” (s. 16), “Meg Breste ennu mycke *i.e.* Mig fattis endnu meget, Meg breste Ilaat *i.e.* mig fattis at lade udi” (s. 57), “Honnaa breste I-laat” (s. 57), “deg Vante nocke ennu” (s. 133). Formelt kunne dette vere akkusativobjekt òg, for eksempla er berre med pronomen, som i sunnfjordsk har samanfall mellom dativ og akkusativ i pronomena. Men bakgrunnen i norrønt tilseier at det er dativen som er bevart.

Konstruksjon med dativsubjekt er det òg eksempel på ved verbet *tykkjast* hos Edvard Storm frå Gudbrandsdalen i visene han skreiv kring 1770, f.eks. “Mæ tykiys dæ æ no go æinna hæl Graat” ‘Eg synest det er noko anna enn gråt’ (Venås 1990: 240). Men det generelle bildet er at dette draget har forsvunne i løpet av 1700-talet. Aasen har ikkje kommentert slike tilfelle. Einaste registrerte nyare belegget er frå Voss (Heggstad 1932: 53): “Hann jéré da kjé ùppattù, tvíla mèg fy. Hann è bèré hann, týkkjé mèg (eller: týkkjé èg).” Men her kan det sjå ut som det er tale om hermer eller to faste ordelag (modalitetstillegg), og det er ikkje det same som levande bruk. (*Tvile* er eit lågtysk importord frå tida etter gammalnorsk, så her må det nye verbet ha fått dativ- eller akkusativsubjekt ved analogi etter andre verb med “sinns”-innhald.) Det ser altså ut til at overgangen til obligatorisk nominativsubjekt i norsk skjer heilt fram til 1800.

Når det gjeld det grammatiske omfanget av dativbruken elles, ser det ut til at det kan ha komme tidleg eit skilje slik at Vestlandet sør for Stad ikkje hadde dativ anna enn i preposisjonsuttrykk. “Dativet ved Verberne er elles mindre udbredt end Dativ ved Præpositionerne; Brugen af samme rækker saaledes neppe længere syd end til Søndfjord, Valdets og Hedemarken.” (Aasen 1848 § 330 Anm.) Dette blir stadfesta òg av Lars Søreide (1930: 44), som skriv om nordfjordsk at dativ står berre etter preposisjon, og “ikkje i umsynslekk so som i dei fleste andre bygdemål”. I *Synopsisen* i Norsk målførearkiv (s. 47a i bindet “Fjordane”) er det sagt klårt frå om at dativ manglar etter verb og i indirekte objekt i fjordamålet. Dermed kan det altså sjå ut til at dativ står berre etter preposisjon sørom Sunnmøre, og det kan ha vore situasjonen heilt tilbake til 1600-talet. I alle fall stadfestar belegg hos Kristen Jenssøn (1646) det i eksempelet “Eg kiøfte Konna mi fire alne te Ein stack utaa samme Slaie” (s. 113). Her står det indirekte objektet ikkje i dativ. Det samsvarar med det Søreide fortel om nordfjordsk. Vi kan dessutan notere oss at dativen manglar etter preposisjon i “utaa samme Slaie”. Her er materialet for lite til å dra nokon sikker konklusjon, men vi kan legge merke til at dette er eit uttrykk med abstrakt innhald.

At dativ stod berre etter preposisjon, kan vi slutte oss til om vossamålet òg, for Heggstad (1932: 48ff.) opplyser berre om slik dativ, og ein ser (s. 55) at det ikkje er brukt dativ etter partisippet *gjete*: *èg hauré jété dèssé dødníngané*.

Setesdalsmålet ser ut til ha hatt dativ i indirekte objekt og i direkte objekt etter ein del verb (som f.eks. *møte, halde, hjelpe, gløyme, sleppe*; jf. ordlista på *Talemålet i Valle og Hylestad*). Faarlund (2000: 97) fortel om dativ både i indirekte objekt og etter verb, preposisjonar og adjektiv frå Toten, og dette mønsteret gjeld nordover til og med trøndersk. Aasen la vekt på at dativen står sterkast i områda kring Dovre, og han la merke til at det var mange fleire verb som styrte dativ i “Guldbrandsdalen og Ørkedalen” (Aasen 1848: § 330 Anm.). Da jamførte han nok med sunnmørsmålet sitt, som truleg har mist dette tidleg, for i ei gransking Maj Reinhammar fekk gjennomført tidleg på 1970-talet, blei dativ ikkje registrert i det heile etter verb i sunnmørsk. Dativ anna enn i preposisjonsuttrykk manglar òg på Helgeland (Øyen 2007), og etter verb manglar dativ i Solør og Sør-Odal (Reinhammar 1973: 72f.).

I dativdialektane er det ulikt om også determinativa har eigne dativformer; ingen dialektar har dativformer i adjektiv, men det er vanleg i possessiva. Systemet i dei ulike syntaktiske og morfologiske mønstra kan illustrerast slik – der vi markerer med _{dat} dei formene som er eigne dativformer, men ikkje dei som fell saman med akkusativ og/eller nominativ:

Setesdal:	Han jelp _{te} enni _{dat} mæ de sto ^u re h _u sæ _{dat} si _{dat}
Sunnmøre:	Han jelp _{te} ne mæ dæ sto ^u re h _u sæ _{dat} sino _{dat}
Romsdal:	Han jæ:rt _e na _{dat} mæ dei _{dat} stu:re h _u sa _{dat} si:ne _{dat}
Nord-Østerdalen:	Han jørt _n _{dat} mæ dæ stu:re h _u sa _{dat} sijne _{dat}
Normert:	‘Han jelp _{te} henne med det store huset sitt’

3.6 Endringstempoet og endringsomfanget

Kor omfattande er dei endringane språket har vore igjennom i dei ymse periodane i språkhistoria? Det er vanskeleg å ha eit objektivt mål på det, og den subjektive og kulturbundne opplevinga og oppmerksamheita styrer nok lett oppfatninga vår. Det vanlege er å hevde at vi opplever større forandringar i dag enn før, og bygdemåla er spesielt utsett.

Ein måte å nærme seg dette spørsmålet nøkternt på, er å telje forandringane i ein tekst. I bolk 14 i kap. 1 i NSH I er teksten i bolk 3.2 ovanfor brukt som grunnlag for å jamføre same teksten i variantar frå tre tidspunkt og slik å kunne telje opp endringane frå 1250 til 1800 og frå 1800 til 2000. Endringane i den første perioden er 27,5 per hundreår, og berre 4 per hundreår i andre perioden. Tida frå 1600 til 1800 liknar nok mest andre perioden, for det verkar som språkhistoria var kom-

men i ein rolegare fase alt da. (Men usikkerheita er større kring språkdetaljane, så det er ikkje like lett å eksperimentere med ein tekst frå det året.) Dei fire siste hundreåra representerer ei nokså stabil tid i historia om den norske talemålsstrukturen. Skriftmålet har derimot vore igjennom mykje større skiftingar, og språksamfunnet er sterkt forandra. Største forandringane er nok dei demografiske, for folk har flytta pga. industrialisering og sentralisering til byar slik at folkegrunnlaget for dei ulike dialektane er sterkt forandra. I eit variasjonsperspektiv har det òg skjedd omleggingar: Mønsteret for språkbruk viste i ein mellomperiode på 1700- og 1800-talet klåre forskjellar etter sosialt stand (eller klasse) og etter situasjon. Fram mot 2000 kom dét mønsteret sterkt på vikande front att, slik at variasjonen i norsk tale – som strukturelt sett truleg har minka i landet siste hundreåra – når oss oftare enn før, særleg etter etermedia blei viktige. Ein nordmann i 2000 var altså vant til å høyre meir variasjon enn ein nordmann i 1800 og i 1600.

4 Talemålet i byer og industristeder

Da Gustav Indrebøs *Norsk målsoga* ble gitt ut i 1951, hadde Norge nylig nådd et historisk vendepunkt der halvparten av alle nordmenn budde i tettbygde strøk. I dag bur fire millioner av de fem millioner innbyggerne i landet vårt i byer og tettsteder. Det betyr sjølsagt ikke at fire av fem innbyggere i landet vårt snakker bymål, men det betyr at de fleste nordmenn i dag bur og arbeider i mer eller mindre urbane språkmiljø der talemåla deres inngår i urbane språkmangfold.

Når vi velger å skille bymåla ut som ei eiga gruppe av talemål i dette kapitlet, har det to årsaker. For det første har bymåla hatt en spesiell posisjon i norsk språkhistorie og i norsk språkdebatt de siste 200 år. I framstillinger av norske samfunnsforhold og norske språkforhold de siste 400 år har todelinga mellom bygd og by, mellom det rurale og det urbane, mellom bygdemål og bymål, utgjort et grunnleggende skille. For det andre kan vi argumentere for at *byen* som samfunnstype gir vilkår som forsterker visse typer språkendringsprosesser. Ytre faktorer som byens folkevekst-, kontakt- og migrasjonsmønster legger rammer for byens språkmøter og for byens språkendringsprosesser. Særlig rask byvekst med stor tilflytting regnes ofte som ei ramme som fremmer talemålsendring og systemforenkling (Britain 2010; Trudgill 2011). Språkssystematisk forenkling nevnes ofte som et fellestrekk for bymål. Arnold Dalen (1972: 33) skriver: “Er det ein større by som er sentrum for ein landsdel [...] vil bymålet ta opp lydlege og grammatiske former som er samlande for landsdelen. Dette vil føre til enklare lydssystem og grammatikk enn i bygdemåla.” Bymålstrekk blir ofte analysert som resultat av utjamningssprosesser og språkssystematiske forenklingssprosesser som er satt i gang av ytrespråklige faktorer som rask befolkningsvekst og stor grad av språk- og dialektkontakt.

4.1 Før 1600

Vi kan regne med at gamle norske bysamfunn som Trondheim, Bergen og Stavanger har bymål med utviklingslinjer som går langt tilbake i tid. Bymåla i Trondheim og Bergen skiller seg tidlig fra talemåla i omlandet rundt byene. Mikjel Sørlie (1950) peker på trekk han meiner er bergenske i middelalderhandskrifter, og bergensstrekk i handskrifter og runetekster er diskutert av Nesse (2012) (jamfør også bolk 10.2 i kap. 1 i NSH I). Blant disse tidlige bergenske bymålstrekk er manglende omlyd ved stående /u/, vokalharmoni, vokalreduksjon og monoftongering (Nesse 2012). I tillegg har bergensk bymål åpenbart ei lang rekke nedertyske lånord fra perioden 1350–1750 og lånord fra dansk i perioden fra 1500 (Nesse 2012). Det er likevel begrensa hva vi kan finne ut om talemålsvariasjon fra disse skriftlige kjeldene. I ei tid med stor skriftspråklig variasjon er det også vanskelig å vite om lokale særtrekk reflekterer talemålsforskjeller eller lokale skriftnormer ved de ulike kirkesetene (jf. bolk 1).

4.2 1600–1800

Det er sparsomt med kjeldemateriale som kan gi oss innblikk i hverdagsspråket til vanlige byboere også i perioden 1600–1800. Særegne bymålsformer finnes i noen kjelder, blant anna er eldre trondheimsformer dokumentert i skriftlige tekster 1700-tallet. Hans Olufsen Nysted (1664–1740) sine beskrivelser av talemålet i Trondheim viser et talemål som skiller seg strukturelt fra bygdemåla rundt (1727, kommentert utg. i Henriksen 1976; Dalen 2006). Nysted viser også at det finnes variasjon i talemålet i Trondheim på slutten av 1600-tallet. Han gir eksempel på ordpar med former som *drøm/draum*, *dø/dau*, *het/hæit*, *jor/jol* og *aften/kvæil*, der den danske formen i hvert ordpar har hatt høyere prestisje enn den lokale formen (Hårstad 2010: 47).

På slutten av 1600-tallet og begynnelsen av 1700-tallet vokste det også fram et eige overklassetalemål blant de norskfødte i embetsmannsstanden i Norge. Dette embetmannsspråket danna utgangspunktet for overklassesosiolektene som seinere vokste fram i norske byer. Et vitnemål om forskjellene mellom bygdemål og bymål i denne perioden finner vi i Jakob Raschs beskrivelse av norske språkforhold fra 1720-åra:

Der, saa snart nogen bonde (eller særlig bondepiger, hvilke saasnart de have tjent et halvt aar i byen i et kjøken, fører de hjem eet heelt fricasseret spraag) begynder at tale bymaal, da avindes de over ham, som den der vil hovmode sig over dem, hvilket ham derfor bebrejdes saaledis: Højr ka han knodæ, d.e. hør hvor han gjør sig til med oord. (Rasch sit. i Seip 1956: 243)

Kort Beskrivelse over Snarøen, en liden Gaard ved Christiania.

C. Kølle.

Beatus ille, qui procul negotiis,
Ut prisca gens mortalium,
Paterna rura bobus exercet suis,
Solutus omni fenore.
Neque excitatur classico miles truci,
Neque horret iratum mare:
Forumque vitat, & superba civium
Potentiorum limina. &c.:

HORAT.

* * * * *

NB: A, a, å læses s. aa; i øvrigt efter Udtalen.

Lykkelig den, som fri fra Vardens brydsam Droye,
Sam Jordens første Falk, der var i Friheds Stand,
Kan sine Fjæders Gard med egne Øksne plove,
Farranter Penge ay, man sidder lælsfri Mand.
Hans Søn farrykker ay Felt, Stral af Krigs Trompøtte:
Han gysr ikke far de vrede Folgers Magt:
Han plages ikke med, at handle Sag af Trætte,
At smy far (ærer dog) de Stores Gunst af Agt. a. øv.

Adskillige har bifaldet den Avhandling om at skrive Språget efter Udtalen, af
apmuntret mig, ved et eller andet Skrift at jere samme mere besjant. Dætte er
da Ursagen, vorfar disse Blade udgives, af ikke far at vise nogen indbilt Lærdam,
vis Ringhed jay (iple semi paganus) høst indscr. Sam nu da dætte sier ay en
liden Rødvændighed, haber jay, at den sionende Læser ay sælder dætte med Lærd-
dams sine Sigt. Med Avrelag har jay vælget en ligegyldig Materie, vori fars-
kammer almindelige Ord; finder Skrive-Maden bifald, kan væl en nyttigere liden
udfindes. Sa fræmt nu danne Mæde at skrive eller stave pa, skulde synes antagelig,
beder jay at avlægge i Bogtrykkeriet 2 s. far vart 3 Ark, vorav jay vil see, om
dæt bifaldes eller ikke; ti skulde danne Stave-Mæde synes nyttig eller urigtig,
beder jay intet at avlægge, til min bedre Væsterrætning, da dæt ay er mig om de
fa Penge at jere, af Poetens Ord finder ay har Stad: Si dolosi spes refulerit
nummi. Nogle Udsamplarer er deuden i Bogtrykkeriet at bekomme, it: af
Avhandlingen om danne hættørste Skrivemæde far 4 s., uden vilken at jannemlæse
jay ma vænte mig Læsrens usardelagtige Dam. NB: Ved adskillige Ord burde
sættes en Prif under Vokalen, vor dan er lang, s. Ver. i de Ord ser, star, mar:
a: s:; man da sadanne Typi ay andan kan faes i Bogtrykkerierne, bedes Læsren
anslyde, at dæt mangler, af imidlertid anse sadan Vokal, ligesam der stod Prif
under eller læse dan lang. I Avhandlingen vises ællers, at dænned Prif egentlig
ay er farnoden, uden far dam, sam er ubekjante i Språget.

H

Far

“Adskillige har bifaldet den Avhandling om at skrive Språget efter udtalen”, skriver teolog og skolemamm Kristian Kølle her på s. 1 i Kort Beskrivelse over Snarøen, en liden Gaard ved Christiania fra 1792. Kølles ortofone rettskriving “æfter den almindelige rigtige Udtale” (Kølle 1794: VII) er ei kjelde til det danna talemålet i Kristiania på slutten av 1700-tallet. (Jf. Haraldsrud 2012.) (Foto og eigar: Nasjonalbiblioteket.)

Beskrivelsen fra Rasch peiker mot at folk har vært oppmerksomme på forskjellen mellom by- og bygdemål, men også at talemålet i bygdene og byene har hatt ulik sosial verdi. Det er vanskelig å si om tjenestejentene i utdraget bruker trekk fra et etablert gatespråk i byen, et etablert overklassetalemål i byen, eller om det er slik at de bare har lært seg å bruke trekk fra en situasjonsbetinga høgtidstale etter mønster fra byens overklasse.

Et innblikk i embetsmannsspråket på slutten av 1700-tallet får vi gjennom Kristian Kølles framlegg til ortofon rettskriving i *Kort Beskrivelse over Snarøen, en liden Gaard ved Christiania* (1792) og *Ær det Fårnuftigt at have Religion? åk Vilken av så mange ær dæn Fårnuftigste?* (1794). Vi har få kjelder som beskriver hvordan byboerne utafør sosietetslivet snakka, og i hvilken grad slike folkelige bymål skilte seg fra de tilgrensende bygdemåla. Likevel veit vi at en rekke norske byer hadde stor folkevekst og intensiv språkkontakt i perioden 1600–1800. Sjøfart, gruvedrift og handel ga nye tettsteder, og det ga folkevekst i mange eldre tettsteder. Tilflytting og internasjonal handel gir nye språkmøter, og det er grunn til å tru at disse språkmøtene også har gitt språksystematiske konsekvenser for de lokale talemåla.

Et eksempel på et bymål som har sitt grunnlag i språkmøter i begynnelsen av denne perioden, er rørosmålet. Jørgen Reitan (1932) viser ved hjelp av personnavnmateriale i folketellinger og lønningslister fra gruvedrifta på Røros i siste halvdel av 1600-tallet at rørosarbeiderne kom fra bygdene rundt Røros, men at det også var gudbrandsdøler, sunnmøringer, nordfjordinger, finner, svensker og tyskere blant arbeiderne. Rørosmålet likner de lokale bygdemåla, men det utvikla også systemforenklinger som resulterte i at det skilte seg fra bygdemåla rundt, blant anna i reduksjonen av antallet ulike endingsformer i substantivbøyinga (jf. 2.8).

4.3 1800–1945

Perioden 1800–1945 markerer ei radikal endring i kjeldetilfanget for norske bymål. Fra 1830-åra får vi dialektologiske beskrivelser av norske talemål, og grundige dialektologiske beskrivelser av bymåla får vi på begynnelsen av 1900-tallet. Når bymålsbeskrivelsene kommer seinere enn bygdemålsbeskrivelsene i Norge, har det sammenheng med den lave ideologiske verdien bymåla blei tillagt i nasjonalromantikkenes språkhistoriske og dialektologiske forskning (Mæhlum & Røynealand 2011). Skillet mellom by og land har vært viktig i norsk politisk historie gjennom en kamp mellom sentrum og periferi om økonomisk makt, kulturelt hegemoni og nasjonal sjølførståelse. I spenninga mellom det urbane og det rurale har det rurale gjerne fått status som norsk, autentisk og reint, mens det urbane ofte har fått en posisjon som unorsk, uautentisk og ureint (Mæhlum 2011). I Jonas

Anton Hielms tidlige kategorisering av norske dialekter fra 1831 (trykt på ny i 1970 og 1979) står skillet mellom by og land sentralt:

Egentlig have vi i selve Norge tre forskjellige Hoveddialekter, nemlig: 1) det som tales i vore Fjeld-dale, der udentvivil temmelig nærmer sig det oldnordiske, især i de Egne som ligge fjernest fra Byerne, eller formedelst Mangel paa Veie have liden Forbindelse med dem: 2) det som tales i Kjøbstæderne; maaskee nærmest en Dansk Dialekt, modificert i mange Dele, deels ved Landets og Egnens ældre norske Dialekt, deels ved Bogsproget, eller maaskee omvendt, det norske Grundsprog paa samme Maade modificeret ved Dansk, og ved Bogsproget. 3) Et saakaldet Skriftsprog, det samme som skrives i Danmark, dog af Nogle i enkelte Dele modificeret ved Optagelse af norske Former og norske Benævnelser, hvilke Modifikationer efterhaanden synes at tiltage skjøndt uden bestemte Regler, blot efter Indfald. (Hielm 1970: 176)

For Hielm utgjør inndelinga mellom bymål og ikke-bymål et hovedskille i inndelinga av talemål i Norge. Det er dialektene som ligger i fjelldaler lengst borte fra byene, som nærmer seg det oldnordiske. Disse fjellmåla og bymåla er ikke likeverdige for Hielm, han kontrasterer norsk “Kjøbstædtale” med det “i Virkeligheden langt fuldkommere Bondesprog” (Hielm 1970: 177). Ei tredeling av talemåla i Norge der skillet mellom by og land utgjør den viktigste aksen og der skriftspråket utgjør en eigen kategori, finner vi igjen i J.N. Wilses *Reise-Iagttagelser* fra 1790–1798. Forestillinga om bymåla som mindre fullkomne enn bygdemåla er gjennomgående i språkdebatten i siste halvdel av 1800-tallet, men vi finner det også seinere. Hundre år etter Hielm skriver Torleiv Hannaas (1926: 33) om byenes kulturfattige underklasse-mål: “Og der den stemna hev fenge makt, som i Oslo og nokre av byane våre, der hev folkemålet vorte ned-trødt til eit heller kulturfatigt underklasse-mål. Men Oslo er ikkje det same som Noreg. I det meste av landet stend folkemålet enno høgt i ære.”

Den første store og grundige bymålsstudien i Norge blei gjennomført av Amund B. Larsen i 1907, om *Kristiania bymål*. Larsen beskriver i 1907 Kristiania som en klassesdelt og språkdelt by, med et vulgærspråk (altså et folkelig språk) og et overklassespråk. Disse sosiolektene påvirker hverandre: Språkbrukere i lavere sosiale lag tar opp trekk fra overklassespråket, og unger, særlig gutter, fra høgere sosiale lag, tar i bruk trekk fra gatespråket (Larsen 1907: 25). Slik bruker for eksempel unge “herrer av det gode selskap” sporadisk “tyk l”, og de bruker en retrofleks uttale av *rn*, *rs* og *rt*, der det i danna dagligtale fortsatt blir brukt alveolarer (Larsen 1907: 25–26). Middelklassespråket er prega av kompromissformer. Der vulgærspråket bruker *mye* og *dæm/dom* (3.pers. flt. subjektsform), og danna dagligtale *meget* og *di*, bruker middelklassen kompromissformene *møe* og *dem*.

Etter *Kristiania bymål* følger Larsen & Stoltzs *Bergens bymål* (1912) og Berntsen & Larsens *Stavanger bymål* (1925). I samme periode kom Ragnvald Iversens *Syntaksen i Tromsø bymål* (1918) og Ivar Hoels *Kristiansundsmaalet* (1915). Denne systematiske kartlegginga av norske bymål bidrar til å auke bymålas nasjonale verdi. I en anmeldelse av *Stavanger Bymål* skriver Gustav Indrebø (1926: 280) at: “Stavanger Bymål’ er ei lærerik bok. Men det aller gildaste som er å læra av henne, er kor norsk bymålet i Stavanger i røyndi er.”

Det nye med bymålsstudiene fra Amund B. Larsen og framover er at de også kartlegger arbeiderklassetalemålet i byene. Byenes *høgere talemål* finnes også i eldre beskrivelser, blant anna i Torp og Falks *Dansk-Norskens Lydhistorie* (1898). Beskrivelsen er basert på “den udtale, hvori en større del af landets bymaal stemmer overens” (Torp & Falk 1898: 63). Det høgere talemålet er beskrevet som “et blandingsprog, udviklet af dansk gennem indflyttede dansker og fordanskede nordmænd under brydning med norsken hos byernes almue og i de byerne omgivende strøg, og i denne kamp stadig støttet og regulert af litteraturens korrekte dansk” (Torp & Falk 1898: 2f.). Noen trekk er gjennomførte i dette byspråket, slik som forenkling av gamle diftonger (*stein/sten, løysa/løse*), mens andre trekk varierer mer. “I byernes almindelige talemål er vaklingen endeløs” skriver Torp og Falk om systemet for *p, t, k* og *b, d, g* etter vokaler, som i *gabe/gape, bage/bake, mad/mat* (Torp & Falk 1898: 217). Noen ikke-danske suffiks som *-ing*, som i *kjøring* for *kjøren* har slått gjennom i det høgere talemålet i byene (Torp & Falk 1898: 6), det samme har assimilasjoner som *vafforno* og *goffer (god for)* (Torp & Falk 1898: 30, 154).

Ivar Hoels (1915) kartlegging av *Kristiansundsmaalet* gir oss også innsikt i overklassespråket i en ung norsk provinsby, og kanskje kan det gi oss ei innsikt i andre norske småbyer i samtida. I tillegg til det vanlige bymålet omtaler Hoel et skriftspråksnært talemål som bare blir brukt av *voksne i overklassen* (Hoel 1915: 13). Etter Hoels beskrivelse har Kristiansund i denne perioden ikke ei etablert overklassesosiolekt, men “et slags høiere talesprog, som i flere punkter har skilt seg fra dialektene og været felles for store deler av det nordenfjeldske Norge” (Hoel 1915: 13). Når byfolk i provinsbyen Kristiansund har hatt behov for en variant av et danna talemål, har de altså brukt trekk som har vært felles for overklassen i regionen. Talemålet er prega av stor variasjon, språkssystematisk forenkling, hyperkorrekte former og kompromissformer. Av kompromissformer nevner Hoel adjektivformene (*na*) *lillen* og *lilla*, altså maskulin og feminin form for ‘(den) vesle’, ellers på Nordmøre /liçɪŋ/ og /liçø/. Blant hyperkorrekte former finner vi *marv*, for ‘marg’ (i ei bok) og *maver* for adjektivet ‘mager’, samt en utbredt bruk av felleskjønnformer i supinum av sterke verb, som i *æ ha skreven, groven, forn*. Fordi overklassespråket i Kristiansund hadde tre grammatiske kjønn, hadde det former som *øa, koa* og *båga* for *øya, kua* og *boka*. Slike former må også ha vært vanlige i det dansk-norske “fami-

lieære talemålet” som Johannes Ernest Stang beskriver i første halvdel av 1700-tallet, som også skal ha hatt tre grammatiske kjønn (Seip 1921: 25).

Kartlegginga av norske bymål på begynnelsen av 1900-tallet viser at det er systematiske likheter også mellom byenes “gatespråk” fra Tromsø i nord til Kristiania i sør. Gatespråka i byene følger felles språksystematiske forenklingsmønster, og de posisjonerer seg på liknende måte mellom bygdemåla, talemåla til innflytterne og overklassespråket. Det fins regionale likhetstrekk i de urbane gatespråka. Fellestrekk mellom bymål i samme region får arendalitten Magnus Olsen (1924 b) til å foreslå at ei framtidig kartlegging av sørlandske bymål bør kunne “behandle under ét maalet i byerne i Aust-Agder fylke”, da han ser at utviklinga i byene Risør, Tvedestrand, Arendal, Grimstad (og Lillesand?) “i det store og hele tat [har] slaat følge” (Olsen 1924 b: 74). En tilsvarende observasjon for nordnorske bymål ligger til grunn for Agnete Nesse og Hilde Sollids felles framstilling av nordnorske bymål fra tidlig på 2000-tallet (2010).

4.4 Nye byer – og nye bymål

Ei rekke nye byer vokser fram i Norge i perioden 1800–1945. Med utbygginga av jernbanen fra 1854 og framover vokser også stasjonsbyene fram, og turismen gir folkevekst i tettsteder langs kysten. Flere norske byer ser en sterk befolkningsvekst i perioden 1800–1945. Mellom 1855 og 1900 sjudobles for eksempel folketallet i Oslo. Slike store demografiske endringer får språklige konsekvenser. Vikamålet i Oslo strekker seg tilbake til middelalderen, men tilflyttinga på slutten av 1800-tallet bidro til å sette sitt preg på språket i arbeiderklassebydelene i Oslo (Hårstad & Opsahl 2013: 84–89).

For mange innbyggere i de nye småbyene er det viktig å markere at de er del av det urbane, og bymål er ett av flere urbane identitetsuttrykk. Et slikt nytt bysamfunn er ladestedet Brønnøysund, som vokser fra å ha 44 innbyggere i 1801, til å bli en by med en urban bykjerne i 1900. Et halvt hundreår etter at Brønnøysund er vokst fram som by, beskriver Olaf Olssen (1958: 1) bymålet i Brønnøysund som en etablert dialekt med bymålstrekk som er typiske for regionen:

Målføret på ladestedet Brønnøysund, som ble utskilt fra Brønnøy som egen kommune i 1922, har visstnok mange trekk til felles med bygdemålet, men skiller seg i alt vesentlig fra dette. På grunn av den temmelig store tilflytting fra de forskjellige steder i Nordland og også fra andre kanter av landet har Brønnøysundmålet gjennomgått en dybtgripende forenkling både i lydlig og i grammatisk henseende. Bokmålet har naturligvis også vært medvirkende til denne forenkling. Dialekten i Brønnøysund fremtrer derfor nå som et nordnorsk-trøndsk blandingsbymål, men riktignok har det bevart så mange rent helgelandske sprogmerker at man med én gang merker at det har Brønnøymålet som hovedgrunnlag.

Talemålsutviklinga som Olssen skisserer, er på mange måter typisk for byene som vokser fram i denne perioden, både stasjonsbyer, fiskerisentrum og industristeder. Bymålet i Brønnøysund har fellestrekk både med brønnøymålet i omlandet og andre bymål i regionen. Blant språktrekka som skiller brønnøysundsmålet fra bygdemåla rundt, er reduksjon av palatalisering av velarer, bortfall av dativ og forenkla substantivbøying blant anna gjennom bortfall av skillet mellom bøyning av sterke og svake hunkjønnsord. I tillegg har brønnøysundsmålet på 1950-tallet fått monoftonger i en del ord morfologisk forenkling med konsekvenser for trykklett stavelse (*fårre/fåri, ikkje/ikkji*), og apokopert infinitiv for alle verb, et trekk vi også finner i andre nordnorske bymål (Nesse & Sollid 2010: 143).

Den største andelen nye byer i perioden 1800 til 1945 er de nye *industristedene*. Felles for de nye, ensidige industristedene som vokste fram i denne perioden, som Odda, Tyssedal, Høyanger, Rjukan og Narvik, var at de blei til som følge av den nye industrien. Befolkningsvekstmønsteret for de ensidige industristedene er kjennetegna av en kraftig vekst i etableringsperioden etterfulgt av ei stigende kurve med en befolkningstopp, seinere stagnasjon eller nedgang i folketallet. Rask vekst gir en indikasjon om at en høg andel av innbyggerne som bor på plassen, er vokst opp et annet sted og med en annen dialekt enn stedets tradisjonelle dialekt. Og med nye byer kom også nye bymål.

Urbaniseringa i Norge skjer seint sammenlikna med andre europeiske land, og det er først etter 1950 at Norge når vendepunktet der flere nordmenn bor i tettbygde strøk enn i spredtbygde strøk. I ei språkhistorie er det interessant å merke seg at enkelte språkforskere har foreslått en terskel for hvor stort antall tilflyttere som må til for at det skal skje større talemålsendring. Ulike tall er foreslått i tallfestingen av proporsjonen av innflyttere som framprovoserer språklig endring. Helge Sandøy (2004 b: 67) har antydning at minst 35 % av innbyggerne på en plass må være innflyttere før tilflyttinga får språkssystematiske konsekvenser. Peter Trudgill (2011: 57) sier på sin side at en innflytterandel på 50 % vil framprovosere språklig forenkling og utjamning i det lokale talemålet. Men sjøl om vi kan hevde at noen demografiske endringsprosesser med stor sannsynlighet vil bidra til at visse typer språklige endringsprosesser vil skje, er det langt vanskeligere å *forutsi* akkurat hvilke endringer som settes i gang, og hvilke språklige resultat disse endringsprosessene får i det enkelte talemålet.

Talemålsendringene på norske industristeder kan tjene som ei eksemplifisering og tydeliggjøring av endringsmekanismer som også er til stede i andre byer, men med lavere intensitet. Den raske befolkningsveksten gjør industristedene til språklige smeltegryter (Solheim 2006). Hvilke språkendringsprosesser finner vi da i de språklige smeltegrytene i nye norske industrisamfunn? Noen endringer ser ut til å være felles for mange industrisamfunn, der de gir samme språklige resultat (Neteland & Bugge 2015). Dersom de pre-industrielle

talemåla for eksempel har palatalisering av velarer i bøyning (*ein stukk – stukkjen*), mangler industristedtalemåla en slik palataliseringsregel (*stukken*). Den morfologiske kategorien j-verb går vanligvis ut (og oftest inn i kategorien e-verb: *fortelje – fortalde* blir *fortelle – fortelte*). Slike felles endringer skaper fellestrekk som skiller industristedtalemåla og bymåla fra dialektene i omlandet.

Men språkssystematiske forenklingsprosesser kan også gi ulike språklige resultat i ulike bymål og industristedtalemål. Felles for norske bymål og de nye industritalemåla er at antallet bøyingskategorier i talemålet er lavere enn det vi finner i talemålet i omlandet og i bygdemålet som fantes før byen og industrien kom. I noen tilfelle er hankjønns substantiv blitt gruppert sammen og har fått samme vokal i bøyingsendinga i flertall. I andre tilfelle oppsto det en felles form på tvers av grammatisk kjønn. For eksempel har det i Odda skjedd ei forenkling av bestemt form flertall fra et tradisjonelt system med stammebøyning til et enklere system der alle hankjønnsord får /-ane/ og alle hunkjønnsord får /-ene/ (Sandve 1976: 179). Det samme ser ut til å ha skjedd i Høyanger (Solheim 2006: 214, 215), Sauda (Almenningen & Årtun 1981) og Årdal (Bjørkum 1968: 195–196; Neteland 2013). I tillegg til at dette er ei forenkling, er de nye formene /-ane/ og /-ene/ svært utbredt i vestnorsk. De nye, forenkla formene kan altså også tolkes som resultat av utjammingsprosesser fordi formene var utbredt i talemålet til fles-teparten av innflytterne (se innflyttingsstatistikk for eksempel i Sandve 1976: 18–23 og Solheim 2006: 21). Det samme skjedde i industristedtalemåla i Mo i Rana som fikk forenkling til /-an/ og /-en/ som ending i bestemt form flertall i hankjønn og hunkjønn (Mellingen 1994: 74, 92). Disse formene er svært utbredt i nordnorsk, og de fleste innflytterne til Mo kom fra Nord-Norge (Mellingen 1994: 23).

I tillegg til de språkssystematiske forenklingene er mange av de nye by- og industristedtalemåla prega av leksikalske endringer som kanskje kan betegnes som generelle “bymålstrekk”, for eksempel i endringa fra *gjekk* og *fekk* til *gikk* og *fikk*, fra *me* til *vi* (jf. Solheim 2009: 147). Mange av disse formene faller sammen med former i bokmål. Men denne typen endringer er uforutsigbare. Trygve Knudsen (1924: 136) skriver om tønsebergdialekten på 1920-tallet at “noen regel for bevaring og ikke-bevaring lar sig ikke skimte; tilfeldigheten har spillet inn i hvert enkelt tilfelle”.

4.5 1945 og framover

Etter 1945 skjer store endringer i studiet av bymål. Bruken av lydopptak gir nye muligheter for talemålsstudier. Et paradigmeskifte i norsk talemålsforskning med framveksten av sosiolingvistikk utover på 1970-tallet gir en ny interesse for språklig variasjon i urbane språkmiljø. I perioden etter 1945 har det kommet mange

større og mindre avhandlinger som kartlegger norske bymål, særlig gjennom de mange hovedfagsoppgavene i nordisk språk som har blitt skrevet i det postindustrielle norske utdanningsksamfunnet. Store talemålsstudier i norske byer etter 1970 har vært *Talemålsundersøkelsen i Oslo* (TAUS, 1971–1973), *Talemålsundersøkelsen i Bergen* (TUB, 1977–1983), Fintoft og Mjaavatns *Språksosiologiske forhold i Trondheim Bymål* (1980), *Utviklingsprosesser i urbane språkmiljø* (UPUS, 2005–2010), *Dialektendringssprosesser* (2008–2011) og *Språkutvikling på industristader* (2010–2013).

I perioden etter andre verdenskrig ser vi at overklassevarietetene er på veg ut av mange byer (Sandøy 2002: 11–12). Eller rettere sagt: Den sosiolektiske variasjonen ser ut til å minke, og i de fleste byer forsvinner da de gamle overklassevarietetene til fordel for varieteter som ligger nærmere det gamle middelklassespråket eller gatespråket. Ett unntak her er bydelen Fana i Bergen. Også her er den sosiolektiske variasjonen i dag liten, men i Fana er det overklassevarietetene som ser ut til å ha fortrent andre sosiolekter (Doublet 2012). I et 200-årsperspektiv har overklassespråka vært ei viktig påvirkningskjelde på talemåla i norske byer. Byenes klassedelte språk og dynamikken mellom de ulike sosiolektene går igjen i beskrivelser av språket i byen fram til vår tid. Nesse & Sollid (2010: 141) framhever nettopp dette samspillet i sin sammenlikning av språktrekk i nordnorske bymål: “[D]et [er] viktig å huske på at i hver by har der vært flere påvirkningsinstanser som bør tas hensyn til når en vurderer språkendring: I tillegg til bydialekten, finnes altså både det lokale riksmålet og innflytternes språk og dialekter.” I praksis er det ofte vanskelig å avgjøre om nye språktrekk i en by har oppstått som resultat av forenklingsprosesser, som påvirkning fra visse sosiolekter i byen, fra andre bymål i regionen eller i landet, eller om de har oppstått som et resultat av skriftspråklig påvirkning.

Moderne migrasjon gir også nye språkmøter i byene. Særlig i Oslo har det de siste 40 åra vært ei sterk øking i andelen innbyggere med andre morsmål enn norsk. Om denne tilflyttinga til byene vil gi språkssystematiske konsekvenser for bymåla, slik befolkningseksplosjonen på slutten av 1800-tallet fikk for vikamålet, gjenstår å se.

▼ 5 Utjamning og ny variasjon frå ca. 1945 til i dag

5.1 Innleiing

Ei vanleg oppfatning blant folk er at det har skjedd store endringar i dei norske talemåla dei siste tiåra. Men er endringane eigentleg så store sett i høve til dei endringane som er dokumentert frå tidlegare tider (sjå bolk 1 og 2)? I denne

bolken skal vi ta føre oss dei endringane som har skjedd dei seinaste sytti åra – frå 1945 og fram til i dag. Eit sentralt spørsmål er korleis ein kan skildre, forstå og forklare dei endringane det norske dialektlandskapet har gjennomgått dei seinaste tiåra.

5.2 *Studie av språkleg variasjon og endring*

Tradisjonelt var dialektologane mest opptekne av å dokumentere det eldste og mest uforandra talemålet hos dei stødigaste dialektbrukarane i eit aktuelt området, og var mindre opptekne av variasjon og endring (jamfør t.d. Mæhlum & Røynealand 2011). Målet var å kartleggje isoglossar og dialektgrenser, og skildre språklege system innanfor eit gitt dialektområde som mest mogleg homogene. Målet var ikkje å dokumentere faktisk bruk eller variasjon innanfor dette området. Gitt at språk er i kontinuerleg endring, er det kanskje rart at interessa primært dreidde seg om statisk dokumentasjon av målmerke og avgrensing av målføre. Som Anders Steinholt så treffande sa det:

Siden utvikling og bryting er karakteristisk for alt levende mål, er det merkelig at språkgranskerne har beskjeftiget seg så lite med slike spørsmål. Forklaringen er nok først og fremst at granskerne har hatt store oppgaver med å undersøke de forskjellige målfører i deres eldste, “ekte” form, og en har lenge hatt inntrykk av at det hastet med å få dette gjort fordi de eldste og beste kildene holdt på å dø ut. De oppgaver som knyttet seg til det statiske i målførene, var så omfattende og arbeidskrevende at forskerne sjelden kom så langt som til å behandle det dynamiske. (Steinholt 1964: 17)

Anders Steinholt (1964, 1972) var sjølv tidleg ute med å sjå på målbryting og språkleg variasjon og endring. Slik sett representerer Steinholt noko nytt innanfor dialektforskinga, og han blir ofte nemnt som ein forløparar for sosiolingvistikken som først for alvor slo igjennom på 1970-talet.


Dei seinaste tiåra har det vorte gjennomført ei lang rekkje sosiolingvistiske granskingar av talemåla både i bygd og by. Her var målet snarare å dokumentere faktisk språkbruk og skildre og forklare språkleg variasjon og endring, enn å kartleggje isoglossar og dialektgrenser. På 1970- og 1980-talet vart det gjennomført store talemålsgranskingar i dei store byane våre gjennom prosjekta *Talemålsundersøkelsen i Oslo* (TAUS), *Talemålsundersøkelsen i Bergen* (TUB) og *Språksosiologiske forhold i Trondheim bymål*. På slutten av 1990-talet og på 2000-talet vart det med store, nasjonale prosjekt som *Talemålsendring i Noreg* (TEIN), *Utviklingsprosessar i urbane språkmiljø* (UPUS), *Norsk talespråkskorpus* (NoTa) og *Nordisk dialektkorpus* samla inn og analysert store mengder talemålsmateriale frå mange ulike delar av landet. I tillegg har dei to store Bergens-prosjekta

Dialektendringsprosessar og Talemålsending på Industristader teke føre seg talemålsendingar på Vestlandet. Via desse ulike prosjekta har det vorte skriva eit tjuetals doktoravhandlingar, over hundre hovudoppgåver og masteroppgåver i tillegg til ei lang rekkje artiklar og fleire bøker (sjå oversikt hos Mæhlum & Røynealand 2011; Sandøy 2013). Den norske talemålssituasjonen etter 1945 må såleis seiast å vere ganske godt dokumentert og analysert. Likevel er det framleis mykje vi ikkje veit, område som ikkje er granska og spørsmål som ikkje er stilte. Dessutan er det ikkje alltid semje blant forskarane om korleis dei dokumenterte variasjons- og endringsmønstra best kan og forståast og forklarast.

5.3 Samfunnsendingar og språkendingar


I løpet av etterkrigstida, har det norske samfunnet gjennomgått omfattande endingar. Det er ein periode som er prega av industrialisering, urbanisering og globalisering. Det er ein periode med auka mobilitet – både geografisk, sosialt og mentalt. Frå byrjinga av 1900-talet, då Noreg framleis var eit relativt homogent bondesamfunn, har Noreg utvikla seg til å bli eit fleirkulturelt industri- og sørvis-samfunn med ein stadig større befolkningskonsentrasjon i byane. Tal frå Statistisk

Andel bosatte i tettsteder/tettbygde strøk¹




¹ En hussamling regnes som tettsted hvis det bor minst 200 personer der og avstanden mellom husene ikke overstiger 50 meter. Kilde: www.ssb.no/befsett

Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, som andel av den totale befolkningen



Kilde: www.ssb.no/innvbef

Antall elever i grunnskolen, videregående skole og på universitet og høyskoler



Kilde: www.ssb.no/utdanning/nokkeltall

Figur 1–3: Tal og figurar frå Statistisk sentralbyrå (2016 a: 3, 2 og 10).

sentralbyrå (2016 a) viser at kring 80 % av den norske befolkninga i dag bur i byar og tettbygde strom (jf. figur 1). Dersom vi ser nasjonen under eitt, har kring 15 % av befolkninga bakgrunn frå eit anna land (jf. figur 2), medan kvar tredje Oslo-borger har innvandrarbakgrunn. Også sosialt har den norske befolkninga endra seg dramatisk. Levestandarden har auka for dei fleste og stadig fleire arbeider innanfor tertiærnæringane. Mest alle norske ungdommar tek i dag vidaregåande utdanning og stadig fleire tek universitets- og høgskuleutdanning. Nesten tre gongar så mange nordmenn har høgare utdanning i dag samanlikna med 1980 (jf. figur 3).

Det norske samfunnet har altså endra seg både når det gjeld demografi, utdanningsnivå og etnisk samansetning. Dette er alle endringar som har fått innverknad på det norske dialektlandskapet – ikkje minst på talemåla i byane og tettstadane våre sidan innflyttinga har vore størst her. Auka mobilitet både over landegrensene og innom landegrensene har ført med seg auka språk- og dialektkontakt og dermed auka målbryting. Talemål har vorte slipte mot kvarandre, nye talemål har oppstått og tradisjonelle talemålstrekk har måtta vike for meir regionale og/eller nasjonale talemålsvariantar. Auka mobilitet har dessutan ført til at mange barn i dag veks opp på fleire plassar. Desse barna lærer seg gjerne to eller fleire dialekter som dei kan veksle mellom, eller det kan også hende at dei utviklar blandingsdialekter. Både bidialektisme og dialektblanding er ser ut til å vere fenomen på framarsj. I det følgjande skal vi ta føre oss ulike utviklingstendensar i det norske dialektlandskapet – frå dialektutjamning, dialektblanding, auka og meir samansette individuelle repertoar og til spørsmålet om framvekst av nye varietetar og register.

5.4 Auka dialektaksept og auka dialektnivellering

Dei to mest slående utviklingstendensane i det norske dialektlandskapet dei siste 70 åra er på den eine sida auka aksept for dialektbruk på alle samfunnsområde, og på den andre sida auka dialektnivellering. Desse tilsynelatande motstående tendensane er også gjennomgåande fleire stadar i Europa (jf. Auer 2005). Det er altså ikkje slik at det at dialektane er meir godtekne, gjer dei immune mot endring. Auka dialektaksept og auka dialektnivellering er to prosessar som skjer parallelt og som begge kan knytast til dei samfunnsendringane det norske samfunnet har vore gjennom dei seinaste tiåra.


5.4.1 Frå diglossi og dialektskifte til auka aksept for dialektbruk

I tida mellom 1945 og 1970 var haldningane til dialektbruk ikkje så positive i alle lag av folket. Det å bruke ein bygdedialekt i byen, eller i visse meir formelle situasjonar, var ikkje velsett. For mange vart løysinga å skifte til den aktuelle bydialekten, slik forfattaren Karin Sveen skildrar i boka *Klassereise* om si reise frå

Hamar til Oslo:

Jeg hadde forlatt mitt sted og befant meg i academia, der en annen språklov gjaldt, loven om det stedløse språket, språket med universell gyldighet. Jeg befant meg på et for meg nytt 'lingvistisk marked', for å bruke Bourdieus term, og på dette marked var det ingen etterspørsel etter mitt språk. Det var gangbar valuta i vaskekjelleren og på gatehjørnet, men ikke 'her'. Løsningen kom ikke den gang til å integrere disse språkøkonomier, men i å adskille dem, og det er ingen tvil om hvilken som måtte tape for at jeg skulle vinne talens bruk tilbake. (Sveen 2001: 212)


Det Sveen skildrar her, er kva reisa frå bygda til byen og møtet med eit nytt sosialt miljø gjorde med språket hennar. Ho kjende seg nøydd til å skifte språk – i alle fall i visse samanhengar. Slik veksling mellom ulike talemål – eitt til kvardagsbruk og eitt til bruk i meir offisielle samanhengar – vert kalla for diglossi, og var nok ganske vanleg blant bygdefolk som flytta til byen. Steinsholt (1964) skriv til dømes om korleis kvalfangarane veksla over til bymål når dei tok seg teneste om bord på kvalskutene, og bygdejentene når dei tok seg huspost i byen. Brukarar av stigmatiserte dialektar kjenner det kanskje framleis slik i møtet med byen eller med nye sosiale arenaer, men generelt har dette endra seg mykje etter dialektbølga på 1970-talet. Med slagord som “Snakk dialekt – skriv nynorsk”, fekk dialektbruk auka aksept og vann innpass også på arenaer der dei tradisjonelt hadde vore meir eller mindre utestengde (jamfør t.d. Omdal 1995; Jahr 1997 b; Bakke & Teigen 2001). Ei viktig forklaring på endringane i dialektanes status er, slik Sandøy (1998 b: 99) peiker på, at det fall saman med ein vesentleg vekst i den regionale økonomien. Indirekte kan dette ha påverka folks sjølvoppfatning og dermed haldningane deira til lokale dialektar. Den generelle samfunnsutviklinga og dei radikale politiske straumdraga på 1970-talet med sine sterke egalitære ideal, peikte i same retning. I dag kan ein i prinsippet bruke dialekten sin i alle funksjonar og samanhengar – til og med som nyhendeoppleisar i NRK. Dette var lenge ein arena der det var krav om å bruke standard bokmål eller nynorsk, men i 2007 vart det lempa på dette kravet slik at også denne yrkesgruppa no kan bruke dialekt på jobb (jf. Språkrådet 2007). NRK har sidan også utarbeidd retningslinjer for god dialektbruk (NRK 2015). (Sjå også bolk 7.1 og 7.2 i kap. 1 i dette bandet.)

Frå 1970-talet og fram til i dag har det vorte gjennomført ei rekkje mobilitetsgranskingar der målet har vore å studere korleis språket hos flyttarar vart påverka av flyttinga frå bygda til byen (t.d. Rekdal 1971; Mæhlum 1986; Kerswill 1994; Omdal 1994; Røynealand 1994; Iversen 1995; Kleivenes 2002; Harstad 2012; Lien 2014). Fleire av studiane ser på dei språklege tilpassingane hos innflyttarar til ho  udstaden, medan andre ser på innflyttarar til den nærmaste storbyen. Olaug Rekdal, som var først ute, studerte Sunndalingar i Oslo (Rekdal 1971). Sidan stud-

erte Brit Mæhlum pendlarar og flyttarar frå Nordre Land i Oslo (Mæhlum 1986), Unn Røynealand sunnmøringar i Oslo (1994), Helge Omdal (1994) setesdølar i Kristiansand og Paul Kerswill (1994) strilar i Bergen. I desse studiane kom det fram at flyttarane snarare gjorde gradvise tilpassingar til bymålet enn eit regelrett kodeskifte. Dei valde med andre ord ikkje same strategi i møte med bymålet som Karin Sveen eller tenestejentene og kvalfangarane i Hedrum (Steinsholt 1964), men valde heller å bytte ut enkelte dialekttrekk. Oppsummert kan vi seie at vi har gått frå ein situasjon der dialektskifte eller diglossi var meir eller mindre vanleg og forventa, i alle fall blant geografisk og sosialt mobile personar, til ein situasjon der diglossisk veksling ville vere ganske markert.

Resultatet av at dialektar i dag blir brukte fleire og på fleire arenaer, er blant anna at folk får høyre og blir kjende med fleire ulike dialektar. Dermed aukar også forståinga av ulike dialektar. Studiar av medierte haldningar til dialektbruk i reklame, dramatik og barne-tv viser likevel at det framleis ser ut til å vere slik at enkelte bydialektar – særleg vestkantvarianten av oslomålet – står i ei særstilling (sjå Erdal 2013; Gusland 2013; Nikolaisen 2013). Den vert av mange rekna som meir normal, umarkert og nøytral enn andre variantar av norsk, og enkelte reknar det som eit standardtalemål. Liknande førestillingar er dokumentert i andre granskingar (jamfør t.d. Røynealand 2005; Solheim 2009; Hårstad 2010). Likevel er det stor usemje mellom norske sosiolingvistar om vi kan rekne med at det finst eit standardtalemål her til lands, og om kva for innverknad dette (eventuelt) har på talemålsutviklinga (sjå t.d. diskusjon i Jahr & Mæhlum 2009 og kap. 4 i NSH III). Det vi likevel kan vere samde om, er at visse dialektar har høgare prestisje enn andre.

Trass i auka dialektaksept og auka dialektbruk på fleire samfunnsarenaer, er det altså framleis slik at visse varietetar blir assosiert med prestisje, normalitet og nøytralitet, og fungerer som normideal innanfor sin region og kanskje også utanfor sin region – slik tilfellet er med oslomålet som ser ut til å ha normeringskraft langt utover det sentrale austlandsk området (jamfør t.d. Mæhlum 2007, 2009).



Figur 4: Fleirdimensjonal dialektkontaktmodell (tilpassa etter Auer 2005 og Auer & Hinskens 1996).

5.4.2 Dialektnivellering

I den målbrytinga som har oppstått i kjølvatnet den auka mobiliteten og urbaniseringa av dei norske bygdene, har mange tradisjonelle talemålstrekk måtta vike til fordel for nyare trekk. Desse nye trekka kan anten vere trekk som finst i nabobygder, i bymåla i regionen eller i bymål utanfor regionen. Generelt er det ein tendens til at språkdrag med svært avgrensa geografisk utbreiing vik for språkdrag med ei vidare geografisk utbreiing. Men det er slett ikkje sikkert at dei nye trekka vert innlånte i si opphavlege form. Like ofte ser vi at det oppstår nye kompromissvariantar i møtet mellom tradisjonelle og nye trekk (sjå døme nedanfor). Desse prosessane der ulike talemål vert brynte mot kvarandre og utjamna, vert gjerne omtala som dialektnivellering.

Ein mykje brukt modell for å skildre dialektendringsprosessar og ulike dialektstandard-konstellasjonar i Europa i dag, er modellen til Peter Auer (2005). Ifølgje denne modellen kan dialektnivellering gå føre seg langs eit horisontalt kontinuum, dvs. mellom dialektar med nokolunde lik status, og i eit vertikalt hierarki, dvs. mellom dialektar med ulik sosial status (jf. figur 4).

Ofte kan påverknadane skje meir eller mindre parallelt langs fleire dimensjonar samtidig, og i ein del tilfelle vil det vere umogleg å avgjere om prosessen går langs den horisontale eller den vertikale aksene (jf. Røynealand 2005: 44f.; Hårstad 2010; Røynealand 2010). Eitt døme på dette er situasjonar der trekk som både finst i dei kringliggjande bygdedialektane, i den nærmaste bydialekten og i ein eventuell regional standardvarietet, vert plukka opp og brukt. Når til dømes ungdom på Røros byter ut den post-alveolare vokalværet av *sk* framfor bakre vokalar og i utlyd (i ord som /ʃku:ɾə/ 'skole', /vaʃkə/ 'vaske' og /fiʃk/ 'fisk'), er det uvisst om dette er etter påverknad frå andre dialektar i området, frå Trondheim eller frå Oslo sidan dette er eit heilt lokalt trekk som berre finst på Røros og ikkje på nokon av dei andre stadane (Røynealand 2005: 152). Eit allment trekk ved språklege nivelleringsprosessar er nettopp at spesifikt lokale eller markerte språktrekk har ein tendens til å vere dei første som fell bort (jf. Mæhlum & Røynealand 2012).

For å avgjere om det er ei horisontal eller vertikal nivellering vi har å gjere med, må det vere ulike variantar i dei forskjellige kontaktvarietetane. Dette finn vi døme på når den lokale forma er utjammingsforma *vårrå*, trondheimsmålet har tiljammingsforma *værra* eller den apokoperte forma *vær*, medan standardforma er *være*. Eit slående utviklingstrekk i Trøndelags-regionen, er at opphavlege utjammings- eller tilnærmingsformer blir erstatta av apokoperte former (t.d. *vær*, *les*, for opphavleg *vårrå/værra*, *læsså/læsså*) (jf. Røynealand 2005; Hårstad 2010). Denne systemforenklinga kan både forklarast som eit analogifenomen og som ei tilpassing til standardtalemål. Vokalismen er den same som i standardmålet og systemet med *ei* form for alle infinitivar i staden for kløyvd bøying, er både ei analogisk forenkling og ei tilpassing til standardssystemet.

Når trønderar byrjar å seie å *vær* og å *komm* er dette eit døme på at nye former har oppstått som resultat av nivelleringa. Dei har med andre ord ikkje overtatt ei form frå ein annan dialekt eller frå eit standardmål, men har utvikla ei ny kompromissform. Eit anna døme på dette er ny-forma *komme* (presens) som etter kvart har vorte vanleg mange stader på Vestlandet. Dette kan tolkast som eit kompromiss mellom den opphavlege forma *kjeme/kjøme* og byforma *kommer* (jf. Solheim 2006). I begge dei døma vi har sett på her, har dei nye formene eit regionalt særpreg. Dei har nærma seg by-/standardformene og har fjerna seg frå dei tradisjonelle, lokale formene. Sjølv om prosessen kanskje er vertikal nivellering, er resultatet korkje reine by-/standardvariantar eller regionale variantar. Dette illustrerer at ein må skilje mellom sjølve prosessen og det som er resultatet av prosessen – noko vi kjem attende til nedanfor.

Det er vel å merke ikkje alltid semje om korleis empirien skal tolkast. Når apokoperte former i Vesterålen går frå ei *vis* til ei *visa*, så skildrar Helge Sandøy (1982) dette som ei utjamning i høve til grannedialektane, altså som horisontal nivellering. Stian Hårstad (2010) tolkar på si side dette som ei vertikal nivellering. Han seier at overgangen frå *vis* > *visa* er ei tilnærming til standard fordi einstavingsordet blir tostava (som i *vise*). Sjølv om det ikkje er strukturelt samanfall, er det større strukturell likskap, hevdar han. Ei tredje tolking er å sjå på dette som ei semi-vertikal nivellering i høve til Tromsø bymål som har e-/a-mål. Dette systemet har spreidd seg også til delar av Nord-Noreg som tradisjonelt har hatt e-mål. Dersom denne tolkinga er rett, er dette i så fall eit døme på ei interessant regional utvikling som går imot standardssystemet med e-ending i både infinitivar og i ubestemt form av svake hokjønnsord. Dette illustrerer kompleksiteten i dei nivelleringsprosessane som utspelar seg.

Eit hovudpoeng hos Auer (2005) er at dialektnivellering – uavhengig av om den er vertikal eller horisontal – kan få mange ulike resultat, og at det er viktig å skilje mellom prosess og resultat. Det er mykje mogleg at resultatet av ein dialektnivelleringsprosess er meir variasjon innanfor ein dialekt. Nivelleringa fører til at folk får fleire ulike språklege variantar å velje mellom, og at gamle og nye former lever side om side. Det som likevel oftast skjer over tid, er at dei nye formene fortrengrer dei gamle. Slik sett vil nesten alltid ein dialektnivelleringsprosess over tid få mindre variasjon og reduksjon av tradisjonelle former som resultat.

På eit meir overordna nivå kan resultatet av ein nivelleringsprosess anten vere at lokale dialektar vert meir regionalt farga i det at lokale særtrekk blir borte. Det kan vere at meir regionale talemål utviklar seg i enkelte regionar, og det kan også vere at bymål eller standardmål tek over. Resultatet av ei vertikal nivellering treng likevel ikkje å vere at eit talemål som ligg høgare oppe i prestisjehierarkiet erstatter den lokale dialekten. Sidan nivelleringa ofte er gradvis, at den normalt heller ikkje råkar alle lokale trekk og at det dessutan gjerne kan oppstå nye kompr

missformer, vil resultatet kunne vere ein ny blandingsdialekt – eller ein ny regional dialekt. Eit siste mogleg resultat av ein dialektnivelleringsprosess er dialekt-daude. Dette er tilfelle der alle lokale trekk blir erstatta av regionale former eller standardformer, og der det skjer eit regulært skifte frå dialekt til eit bymål eller ein standard.

Fleire av dei potensielle scenarioa som blir skildra hos Auer (2005), finn vi i Noreg i dag. I det følgjande skal vi sjå nærmare på ein del av dei variasjons- og endringsmønstra som har vorte skildra i granskingar frå dei seinaste tiåra.

5.5 Dialektdaude og dialektbevaring

Ein av dei første som tok tak i spørsmålet om dialektendring i moderne tid, var den før omtalte Anders Steinsholt som alt i 1940 leverte hovudoppgåva *Målbryting i Hedrum* (på prent i 1964). Han var også tidleg ute med å gjennomføre ei såkalla verkeleg-tid-gransking. Han reiste nemleg attende til Hedrum og gjennomførte ein oppfølgingsstudie *Målbryting i Hedrum 30 år etter* (Steinsholt 1972). I oppfølgingsgranskinga si fann Steinsholt at dei såkalla “språkmisjonærane”, det vil seie innflyttarar eller tilbakeflytta utflyttarar, hadde vorte overmektige både i tal og påverknad slik at det tradisjonelle språkmiljøet hadde mista evna til å “naturalisere” innflyttarane (jf. Steinsholt 1972: 16, 1964: 27). Steinsholt skildrar ein situasjon der bymålsformer så å seie heilt har teke over. Unge menneske i Hedrum anno 1972 snakka nærmast larviksmål.

Ein liknande situasjon blir skildra av Erik Papazian (1997) i granskinga av talemålet i Nore og Uvdal, der berre ein fjerdedel av ungdommane framleis held på det tradisjonelle bygdemålet. Om lag halvparten av dei unge har gått over til eit sentralaustlandsk bymål, og knapt ein tredel har ei blanding. Papazian konkluderer med at “bydemålets dager i kommunen er talte” (Papazian 1997: 180). Også Papazian peikar på auka mobilitet og innflytting som hovudårsaka til desse endringane. Ei hovudoppgåve frå Sauherad i Telemark viser tilsvarande at det ikkje er mykje att av det såkalla nedervde sauheringsmålet (Rønningen 2014). Rønningen har teke føre seg ei lang rekkje fonologisk og morfologiske trekk som var dokumenterte i Målføresynopsisen.² Få av desse er framleis å finne hos dei unge i Sauherad. Granskingar frå Valdres og Hallingdal peiker i same retning (jf. Rudi 2007; Kvåle 1999; Thoengen 1994). Dialektdaude og dialektskifte er

2. Målføresynopsisen er eit stort datamateriale over norsk talemålsutvikling i perioden 1950–1970. Synopsisen tek utgangspunkt i Johan Storms *Kortere Ordliste* (1884), og er ei landsdekkjande registrering på heradsnivå av ei rekkje fonologiske, morfologiske og syntaktiske variablar. Synopsisen er sett saman av 43 handskrivne originalprotokollar. Desse finst berre i eitt eksemplar, men heile protokollsider er tilgjengeleg digitalt (jf. http://no2014.uio.no/eNo/tekst/tekst_andrekjelder.html).

fenomen som først og fremst er dokumentert på Austlandet. Det kan sjå ut til at presset frå bymåla langs kysten er særleg sterkt på bygdemåla i dalføra og i dei indre bygdene på Austlandet. Dessutan viser desse granskingane at Oslo verkar som eit kraftig normsentrum for heile regionen.

I kontrast til dette scenarioet ser vi ei kanskje overraskande dialektbevaring mange stadar på Vestlandet. Både Gunnstein Akselberg (1995, 2003) og Ragnhild Haugen (seinare Anderson) (1998, 2004) har dokumentert relativt små dialektendringar på høvesvis Voss og i Sogndal. Av dei i alt elleve variablane som Haugen (1998) granska, står dei fleste relativt uendra også hos unge sogndølar. Dei unge har ein gjennomsnittleg dialektprosent på godt over 60 %. Dei endringane ho finn, kan ifølgje Haugen best skildrast som nivelleringar i høve til grannalektane – altså horisontal nivellering. Dei trekka som viser ein viss tilbakegang er først og fremst *ld* og *nd* > *l* og *n* (*vilde, skulde* > *ville, skulle*), /ei:/ > /i/ (/ei:ne/ > /ine/ 'inne') og /ø/ > /øy/ framom palatal (*tykkje* > *tøykkje*) men også til ei viss grad segmentasjon av *ll* (*fjedd* > *fjell*) og differensiering av *rn* (*badn* > *barn*) (Haugen 1998: 85). Haugen tolkar som sagt dette som døme på horisontal nivellering. Men ein kan også argumentere for at desse endringane, med unntak av /ø/ > /øy/, er døme på vertikal nivellering sidan dei viser korleis lokale variantar blir erstatta av former som ligg nærare ein overlokal standard.

5.6 Ulike utviklingstendensar

Mange stader både på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg er dialektane relativt godt bevarte, medan talemålsstudiar frå Austlandet viser at det er relativt store endringar i mange austlandsdialektar (t.d. Skolseg 1994; Thoengen 1994; Tvittekkja 1998; Kvåle 1999; Skramstad 1999; Holland 2001; Dahl 2002; Rudi 2007). Fleire har peika på at språkutviklinga ser ut til å vere ganske ulik på Austlandet samanlikna med resten av landet (t.d. Sandøy 1998 b, 2000 b; Vikør 1999; Skjekkeland 2000; Mæhlum 2002; Røyneland 2009). Helge Sandøy argumenterer fleire stader for at dialektendringane ikkje er så omfattande som ein kanskje kan få inntrykk av dersom ein berre ser på utviklinga på Austlandet (t.d. Sandøy 2000 b). Det er likevel slik at det skjer ei viss nivellering i resten av landet også (sjå t.d. Røsstad 2005; Røyneland 2005; Hernes 2006; Solheim 2006; Hårstad 2010). Det er særleg heilt lokale trekk som blir borte, men også ein del trekk som tradisjonelt har vore ganske utbreidde. Som vi skal kome attende til nedanfor, gjeld det til dømes jamvektsystemet, tjukk *l*, palatalisering, segmentering og differensiering av *ll* og *rn* – det vil seie nokre av dei trekka som tradisjonelt har vore aller mest sentrale for inndelinga av det norsk dialektlandskapet.



5.6.1 Austlandet


På Austlandet ser vi som nemnt tendensar til både dialektdaude og dialektskifte i somme område, men utviklinga er ikkje like dramatisk alle stader i regionen. I Gudbrandsdalen ser det til dømes ut til at dialektane er betre bevarte enn i Numedal, Valdres og Hallingdal (jf. Rudi 2007; Papazian 1997; Thoengen 1997; Vikør 1999). Den forma for nivellering som ser ut til å dominere dei fleste plassar i regionen, er såkalla vertikal nivellering – anten mot det nærmaste bymålet og/eller mot standard austnorsk. Sentrale dialekttrekk som kløyvd infinitiv (*værra* og *komma* vs. *finne* og *hoppe*) og tjukk *l*, særleg av *rd* (*gård*, *ord*, *bord*), ser ut til å forsvinne mange stadar på Austlandet til fordel for *e*-infinitiv og *r*-uttale. Det same gjeld for trykk på første staving i framandord med opphav i gresk og latin (*'bensin*, *'stasjon*). Dette er trekk som også har hatt sin plass i det tradisjonelle austkantmålet i Oslo, og som har vorte assosiert med låg utdanning og låg sosioøkonomisk status. I Oslo er desse trekka på full fart ut av austkantmålet (jf. Opsahl & Røynealand 2009; Hårstad & Opsahl 2013). Men ikkje alle trekk som tradisjonelt brukte å vere kopla til austkanten, forsvinn. Tvert om har ein del tradisjonelle austkanttrekk vunne innpass i vest, og har misst sin sosiale differensierings-funksjon. Det gjeld til dømes den bakre, postalveolare uttalen av *sl* i innlyd som i bynamnet /Oɕlo/ 'Oslo'. Dette er i dag den klart dominerande uttalen blant unge folk i heile byen (jf. Kristoffersen & Simonsen 2008; Opsahl & Røynealand 2009). Den postalveolare uttalen har med andre ord vorte den nøytrale varianten, medan den alveolare uttalen /s/ framleis har geografisk og sosial markeringssverdi sidan den så å seie utelukkande blir brukt av eldre språkbrukarar vest i byen. Også *a*-ending i bestemt form av hokjønnsst substantiv (*boka*, *jenta*) har vorte meir vanleg i vestkantmålet – særleg blant yngre folk (jf. Stjernholm 2013). Desse døma illustrerer at det også skjer noko med dei varietetane som finst øvst i prestehierarkiet. Også desse er i endring. Enkelte av dei trekka som tradisjonelt har vore kopla til austkantmålet, har vorte re-allokererte, og er no i større grad kopla til eit pan-urbant oslomål.

5.6.2 Resten av landet

I Nord-Noreg, på Vestlandet og i Trøndelag ser der ut til å vere fleire ulike regionale utviklingar. Dei største byane innanfor kvar region ser ut til å fungere som viktige normsentrum, men der er samtidig ein god del horisontal utjamning mellom dialektar innanfor kvar region (jamfør t.d. Haugen 2004; Hernes 2004; Røsstad 2007). Heilt lokale dialekttrekk står mest utsett til, medan trekk som blir brukte i fleire stadar i regionen gjerne er noko meir stabile. Men også trekk som tradisjonelt har hatt stor utbreiing, er på retur. Det gjeld til dømes palatal uttale av lange alveolarar og alveolarsamband (t.d. /m̥ɔ̃n/ 'mann' og /f̥jeɫɫ/ 'fjell', /aɫc/ 'alt', /icc/ 'itt', /reɲ/ 'redd'), som tradisjonelt har vore svært utbreidd både i Nord-

Noreg, i Trøndelag og på Nordvestlandet, men som er svært ustabil eller heilt fråverande hos mange unge i dag (jf. Jahr 1990; Abrahamsen 1995; Sævik 2000; Ulset 2002; Røynealand 2005; Hårstad 2010; Nilsen Løset 2011). På Nordvestlandet har den alveolare uttalen teke over (/fjeλλ/ > /fjell/, /maɲɲ/ > /mann/), medan i byområde i Nord-Noreg og i Trøndelag ser palatalane ut til å bli erstatta av retrofleksar (/fjeλλ/ > /fjelʎ/, /maɲɲ/ > /maɲɲʎ/). Overgangen til ein retrofleks uttale kan tolkast som ei kompromissform – både reint språkleg og sosialt (jf. Røynealand 2005: 271). Den er litt mindre “brei” enn den palatale uttalen, men litt mindre standardprega enn den alveolare. Bortfallet av den palatale uttalen har først skjedd i byane, men spreier seg no også utover på bygdene i desse områda (t.d. Hanssen 1990; Røynealand 2005). Det er ikkje urimeleg å tolke denne avpalataliseringa som standardpåverknad, sjølv om resultatet ikkje er standard alveolar uttale. Det at palatalane vert oppfatta som breie og bondske, er nok ei viktig drivkraft for å erstatte dei.

Når ein ser på vokalsystemet, er det generelt ein tendens til at dialektar som har eit foneminventar som inneheld fleire vokalfonem enn standardsystemet med ni monoftongar og tre diftongar, får ei forenkling av vokalsystemet (Skjekkeland 2005: 140). Også i **konsonant-systemet**  vi døme på samanfall som reduserer talet på fonem – slik dømet med palatalane ovanfor illustrer. Også palatalisering av velarar, som tradisjonelt har vore svært utbreidd i det meste av landet, er i dag på retur dei fleste plassar (/bu:ça/, /sku:jen/ > /bu:ka/, /sku:gen/ ‘boka, skogen’). Av trekk som står ustøtt på Sørvestlandet kan vi nemne segmentasjon (*fjedl, fidna* > *fjell, finna*), **differensiering**  (*bdn, kodn* > *bjørn, korn*) (jf. Skjekkeland 2005; Haugsgjerd 2008). Morfologiske trekk som er i endring mange stader på Vestlandet, er til dømes delt femininum (t.d. *klokka/bygde* > *klokka/bygda*) og omlydde sterke presensformer (*kjem, søv* > *komme, sove*). I mange tilfelle er det byformene og/eller standardformene som vinn fram, men i somme høve oppstår det også nye kompromissformer (jf. Skjekkeland 2005; Hernes 2006; Solheim 2006; Haugsgjerd 2008).

På Sørlandet ser det ut til at dei såkalla blaute konsonantane *b, d, g*, som er eitt av dei aller mest karakteristiske målmerka for regionen, blir erstatta av dei tils  varande harde konsonantane *p, t, k* – særleg i samansette ord (*kjøbepress* > *kjøpepress, språgreise* > *språkreise*) (jf. Skjekkeland 2005; Røsstad 2006). Den karakteristisk skarre-r-en står derimot svært sterkt og har dei siste tiåra vunne innpass innover på Sørlandet og vidare oppover langs vestlandskysten (jf. Torp 2007). I dag finn vi skarre-r blant unge i dei indre bygdene på Agder og så langt nord som i Florø. Eit anna ekspansivt trekk er retroflekering av *r + t, d, n, s, l* som i /æt/ ‘ert’, /fæ:dj/ ‘ferdig’, /ba:ɲ/ ‘barn’, /la:s/ ‘Lars’, /æ:lj/ ‘ærlig’. Dette er eit trekk som er svært utbreidd i det meste av landet, men som ein tradisjonelt ikkje har hatt på Nordvestlandet og i Vest-Telemark. I dag er dette i ferd med å bli eit vanleg

trekk hos både vaksne og unge i Vest-Telemark. På Nordvestlandet er det førebels først om fremst i byområde at vi finn retroflekering, men retrofleks uttale av *rs* /*ʁ*/ ser ut til å vere utbreidd også i meir rurale strok (jf. Røyneland & Mæhlum 2014).

I Trøndelag er tendensen at jamvektssystemet blir avvikla slik at alle infinitivar blir apokoperte. I tillegg er det gjerne slik at dei desjonelle utjamningsformer som *å vǽrrå*, *å bǽkkå* får endra vokalisme slik at ein no seier *å vær* og *å bak*. Dette inneber ei forenkling av infinitivssystemet og ei standardtilnærming av vokalismen (jf. 4.1). I substantivbøyinga skjer det også forenklingar ved at ubestemt og bestemt form fleirtal ser ut til å få endingane *-a* og *-an* i hankjønns- og hokjønnsord som tradisjonelt har hatt andre endingar (t.d. fleire *føt*, *vukkur* > *fota*, *uka*, alle *føtn*, *vukkun* > *fotan*, *ukan*). Den same tendensen ser vi i Nord-Noreg (Bull 1990; Hanssen 1990). Den sterke apokopen som brukte å vere karakteristisk for Nordland er på tilbakegang mange stader – særleg i substantiv (/va:s/ > /va:se/ 'vase'), adjektiv (/sto:r/ > /sto:re/ '(den) store') og adverb (/fi:r/ > /fi:re/ 'fire'), medan apokopen er meir stabil i infinitiv, present, preteritum og supinum av verb (Jensen 1999: 106). I Troms ser vi ein interessant tendens til at e-/a-målet spreier seg på kostnad av e-målet. Dette er ei regional utvikling som går stikk imot ei standardtilnærming. Her er det truleg Tromsø bymål som verkar som normideal (jf. 4.2).

5.7 Regionalisering og regionale talemål

Eitt spørsmål som stod sentralt i mykje av dialektforskninga på 1990- og 2000-talet, var om det er i ferd med å etablere seg nye regionale talemål som følgje samfunnsendingane og den pågåande dialektnivelleringa. Dette går mellom anna fram av målsettinga for det nemnde TEIN-prosjektet:

Eit viktig mål for prosjektet er å granska utviklinga av *språkleg regionalisering* i Noreg. Enno veit vi lite om korleis det utviklar seg regionale talemål i landet, men vi har mange teikn på at slike prosessar er i gang. I prosjektet arbeider vi m.a. på grunnlag av ein hypotese om at det er i ferd med å utvikla seg regionale dialektar rundt dei viktigaste økonomiske, politiske og kulturelle sentra i landet, som t.d. Oslo, Stavanger, Bergen og Trondheim. Vi vil prøva å kartleggja korleis denne prosessen går føre seg, kva som kjenneteiknar det regionale språket, og kva som særkjenner norsk språkregionalisering til skilnad frå t.d. den danske. (Akselberg 1999)

Resultata av den forskninga som blant anna kom ut av TEIN-prosjektet, er på ingen måte eintydige, men det ser førebels *ikkje* ut til å ha utvikla seg nye, fokuserte, regionale talemål rundt om i landet (jamfør t.d. Akselberg 2004;

Røyneland 2009). Tendensen er der kanskje, men inntil vidare er situasjonen snarare den at vi har fått auka variasjon innanfor dei ulike dialektområda ved at gamle og nye former lever side om side. Dette er typisk for ein type dialekt–standard-repertoar der det er auka både inter- og intra-individuell variasjon og dermed auka variasjon innanfor dialektane (jf. Auer 2005). Det vil seie at det både er større variasjon mellom språkbrukarar, men også at den enkelte varierer talemått sitt meir. Det betyr i neste omgang at **der vil vere fleire variantar tilgjengelege** på den lokale språklege marknaden. Som nemnt vil gjerne ein av variantane – oftast den nye forma – vinne fleire tilhengjarar over tid og etter kvart ta over som den einaste forma. Det gjenstår likevel å sjå i kva for omfang det vil kome til å bli tilfellet.

Svært mange av dei studiane som vart utførte under TEIN-paraplyen på 1990- og 2000-talet, var såkalla generasjonsgranskingar der målet var å dokumentere endring ved å sjå på forskjellar mellom eldre og yngre språkbrukarar. Eit potensielt problem med desse granskingane er at dei har som føresetnad at språket til folk held seg meir eller mindre uforandra gjennom livsløpet. For å vere sikre på at dei endringane ein dokumenterer er *faktiske* endringar over tid, og ikkje alder- eller savgrensa endringar, må ein gjere som Steinsholt (1972), og undersøke dei same folka eller det same området og tilsvarende folk etter ei viss tid. Denne typen studiar har det vore relativt få av i Noreg. Men dei Bergens-baserte prosjekta *Dialektendringsprosessar* og *Språkutvikling på industristader* har teke mål av seg å studere språkendringar i verkeleg tid der dei jamfører systematiske datainnsamlingar med ein generasjons mellomrom (jamfør t.d. Hildremyr 2006; Sandøy 2013; Neteland 2014 a, 2014 b; Lid 2015). Denne typen studiar er viktige for å kunne stadfeste om den variasjonen og dei endringane som har vorte dokumenterte i granskingane på 1990- og tidleg 2000-tal, er varige endringar og om det no er tydelegare tendensar til regionale talemål. Til no er det berre enkelte vestlandsmål som har vorte studerte om att, så her trengs det fleire studiar i verkeleg tid frå fleire plassar i landet.

5.8 *Dialektblanding, bidialektisme og ny diglossi*

Ein annan språkleg konsekvens av samfunnsutviklinga, som ikkje er har vorte like flittig studert som målbryting og dialektnivellering, er at vi har fått meir dialektblanding, bidialektisme og kanskje også ny diglossi (Mæhlum & Røyneland 2009, 2014). Barn som veks opp på ulike stadar i landet utvikle ein eigen blandingsdialekt eller dei kan veksle mellom to eller fleire dialektar (jf. Mæhlum 1992; Nilsen 2005; Indrehus 2014; Ommeren 2016). Vaksne flyttarar kan også tileigne seg ein ny dialekt og veksle mellom den gamle og den nye **heimstadialekten**, eller dei kan veksle mellom ein tradisjonell og ein meir avslipen dialekt eller eit standardtalemål (jamfør t.d. Mæhlum 1986; Omdal 1994; Lien 2014).

Eit resultat av den auka geografiske mobiliteten er dermed at vi får større variasjon og meir dialektmangfald lokalt. Fleire ulike dialektar eller blandingsmål finst side om side. Dei aller fleste lokalsamfunn i dag er prega av at fleire dialektar er i omløp. Innflyttinga frå andre dialektområde kan slik utfordre den lokale dialekten, som vi har sett i ulike bygder på Austlandet (jamfør t.d. Steinsholt 1972; Papazian 1997; Rønningen 2014). Den enkelte språkbrukaren kan også utvikle eit større språkleg repertoar og det kan igjen bli meir vanleg å veksle mellom ulike dialektar eller mellom dialekt og standard. Dette er likevel eit område som har vore mindre studert, så her trengst det fleire studiar.

På eit meir overordna nivå kan både bidialektisme, blandingsmål og overgang til eit standardtalemål sjåast på som døme på språklege nøytralitetsstrategiar. Språkbrukarar som kan og som veksler mellom ulike varietetar, vil oftast velje å bruke den varieteteten som korresponderer best med samtalepartnaren. Andre vil kanskje veksle mellom varietetar alt etter kva for tema det blir snakka om, eller kva for samanheng dei er i. Enkelte vil bruke ein av varietetane i meir formelle samanhengar og den andre i meir uformelle. Det “nøytrale” ligg då i at dei anten freistar å tilpasse seg samtalepartnaren eller dei forventningane til språkbruk som dei oppfattar at gitte tema eller situasjonar gir.

Bruk av variantar frå fleire dialektar slik at det blir ein eigen kode – eit blandingsmål – kan også sjåast på som ein nøytralitetsstrategi. Sjølvne blandingsproduktet treng ikkje å bli oppfatta som nøytralt, men snarare som ei svært markert knotning. Sjølvne det å blande på ein slik måte, kan av den enkelte språkbrukaren likevel opplevast som meir nøytralt enn det å halde seg til éin kode. Slike vekslings- eller blandingspraksisar vil som sagt likevel kunne oppfattast som lite nøytrale av omgivnadane. Både dialektblanderar og fleirdialektale kan møte skuldningar om manglande ektheit og inautentisitet, og fleire rapporterer at dei ofte hamnar i språklege konfliktsituasjonar og at dei kjenner skuld og skam over blandinga av eller veksling mellom ulike dialektar (sjå t.d. Nilsen 2005; Molde 2007; Mæhlum & Røynealand 2009; Indrehus 2014; Ommeren 2016). Som bidialektal fortel t.d. Nilsen (2005) at ho ofte kan hamne i det ho kallar for dialektkollisjonar:

Bi-/fleirdialektisme	Dialektblanding	Standardtalemål
Meir kontekstsavhengig veksling mellom ulike dialektar. Større individuelle repertoar. Nøytralitetsstrategien består i at folk tilpassar talemålet sitt etter samtalepartnaren slik at det blir mest mogleg likt. Kan bli oppfatta som markert, knot og som “unaturleg”.	Bruk av variantar frå fleire dialektar slik at det blir ein eigen kode. Sjølvne blandingsproduktet treng ikkje å bli oppfatta som nøytralt, men snarare som ei svært markert knotning. Det å blande på ein slik måte kan likevel sjåast på som ein nøytralitetsstrategi.	Overgang til eit overregionalt talemål: ikkje berre gyldig lokalt, men også overregionalt – og dermed oppfatta som meir nøytralt. Men det kan oppfattast som markert lokalt.

Tabell 6: Nøytralitetsstrategiar (etter Mæhlum & Røynealand 2012: 146).

I situasjoner der begge dialekter var representert, kunne det negativt ladede ordet ”knoter” dukke opp. Og begge dialektenes representanter hevdet at jeg ”knotet”, fordi begge parter mente at jeg hadde snakket i hvilken som helst av de to dialektene. Dette opplevdes ubehagelig, og resulterte senere i at jeg tvang meg til å snakke i den ene dialekten i slike situasjoner. (Nilsen 2005: 11)

Kjensla av skuld og skam og skuldingar om knoting, manglande ektheit og svik, kan altså få fleirdialektale til å velje å halde seg til berre ein varietet. Ifølgje Indrehus (2014: 71) ser det ofte ut til å vere “ein gjennomgåande konflikt mellom den dialekta dei vil snakke, og det dei opplever som dialekta dei burde snakke”. Blanding av og vekslinga mellom dialektar set på denne måten både identitetar og lojalitetar i spel og kan bli møtte med ulike purismeideal. Det same vil kunne gjelde for overgang frå ein lokal dialekt til eit standardtalemål. På den eine sida vil språkbrukaren kunne oppfatte det som eit meir nøytralt språkval sidan eit standardtalemål ikkje plasserer vedkomande i ein bestemt geografisk lokalitet på same måte som ein lokal dialekt. Men på den andre sida vil det kunne oppfattast som eit svært markert språk- og identitetsval som representerer ei avvising eller kanskje til og med eit svik mot det lokale. Oppsummert kan dei ulike nøytralitetsstrategiane framstillast som i tabell 6.

5.9 Ny variasjon – nye varietetar, stilar og register

I møtet mellom folk frå ulike delar av landet, og dermed i møtet mellom ulike dialektar, har det i løpet av det siste hundreåret oppstått nye talemål eller koinear som dei gjerne vert kalla. Slike ser vi døme på i stasjonsbyar og nye industristader fleire plassar i landet som i Høyanger, Sauda, Odda, Tyssedal og Tynset (jamfør t.d. Torp 1999; Røynealand 2005; Solheim 2006; Neteland 2014 b; sjå også bolk 4 om bymål i dette kapittelet og bolk 9 i kap. 1 i NSH I). Også i møtet mellom ulike språk kan det oppstå nye måtar å snakke majoritetsspråket på. Dette ser ein døme på i fleirkulturelle område i Oslo der nye, multietnolektiske register har vorte forma (jf. Svendsen & Røynealand 2008; Opsahl 2009 a; Hårstad & Opsahl 2013).

Forminga av nye varietetar eller språkstilar har vore tema for to større forskningsprosjekt på 2000-talet: *Utviklingsprosesser i urbane språkmiljø* (UPUS, 2005–2010) og *Språkutvikling på idustristader* (2010–2013). UPUS-prosjektet tok føre seg utviklinga av bymål i ulike delar av landet, og i Oslo-delen av prosjektet var det særleg framveksten av ein ny måte å snakke norsk på som stod i sentrum. Denne nye språkstilen, som har oppstått i fleirspråklege og fleirkulturelle delar av byen, vert gjerne omtalt som “kebabnorsk” på folkemunne (sjå Aarsæther 2010 og Ims 2014 for ein diskusjon av denne termen). I faglitteraturen verserer det mange

ulike merkelappar for denne språklege praksisen, men multietnolektisk norsk, er kanskje den mest brukte termen (t.d. Svendsen & Røyneland 2008; Opsahl 2009 a). Dei språktrekka som er typiske for denne nye, urbane ungdomsstilen, finst på mange språklege nivå. Dei leksikalske og fonologiske særdrag er kanskje mest iøyrefallande, men det finst morfologisk og syntaktisk særdrag også. Ei av dei største immigrantgruppene i Oslo kjem frå Pakistan. Det er difor ikkje uventa at vi finn ein del lånord frå punjabi/urdu (t.d. *baja* 'venn', *tært* 'god, pen, kul'), men dei mest brukte lånorda kjem likevel frå andre språk som arabisk, berbisk, engelsk og spansk. Eitt av dei aller mest brukte lånorda er *wolla/wallah* 'lovar ved Allah' frå arabisk (jf. Opsahl 2009 a). Det kanskje flest legg merke tid ved denne språkstilen, er at refallet er stakkato. Det at setningsmelodien vert oppfatta som stakkato, har med fleire forhold å gjere (som vokallengd og trykk), og det gir talestilen eit fint preg i høve til andre norske talemål. Eit siste trekk som kan nemnast er sakalla manglande inversjon. Det vil seie at verb-subjekt-rekkjefølgja ikkje vert bytt om i setningar der eit adverbial eller spørjeord e.l. kjem først, slik det er vanleg i norsk: *I går gjekk eg på ein smell* > *I går eg gjekk på ein smell*, *Kvifor gjekk du på ein smell?* > *Kvifor du gjekk på ein smell?* (Jf. bolk 13 i kap. 7 i dette bandet.)

Resultata frå UPUIS Oslo-prosjektet viste at både ungdom med minoritets- og majoritets-bakgrunn, bruk desse språktrekka. Men det er viktig å merke seg at desse ungdommane, som oslofolk flest, har eit stort språkleg repertoar. Denne språkstilen er ein del av det språklege registeret deira som dei tek i bruk i visse samanhengar, men ikkje nødvendigvis i alle.

Det at folk både i bygd og by ser ut til å ha fått eit auka språkleg repertoar, er ein generell tendens som vi finn att mange stadar i landet. Slik vi har sett i dette kapittelet, er både bidialektisme, språkblanding og språkveksling svært vanlege fenomen som truleg har auka i takt med at folk er meir mobile både innerter i byen og over kommunegrense, fylkesgrenser og landegrenser. Den auka mobiliteten gir oss grunn til å tru at det ikkje vil bli mindre dialektnivellering, blanding og veksling i åra som kjem, men snarare meir. Kva for retning desse endringane vil ta, og kva for eventuelt nye register, stilar og dialektar som vil oppstå, blir ei viktig oppgave for språkforskinga frametter å dokumentere.